SV NR-6 4 OKT-73

VERET: VI FEKK IKKJE TID TIL Å HENTA SISTE VERKARTET

Sjå langtidsvarsel i førre nummeret. Ei langtidsvarsel e betre enn ikkje, v eb vert som det vil. (Håvamål ??)

MELDINGSBLAD FOR "SUNNHORDLENDINGEN" : I MØRKE STORMFULLE HAUSTKVELDAR LENGTAR ALLE ETTER "SUNNAVIND" - OG HER KJEM "SUNNAVIND"EN

Det er altså vår tur til å skipa til torsdagskveld i GIMLE denne gongen:



Det er spelemennene frå i vår, DUO TEAM, som skal spela, og dei er gode, det veit vi.

Tevlinga vil halda fram.

Revyen som alle har høyrt om, vil vi nå få høve til å sjå!

. . . . . .

Vi har laga mange plakatar med fargesprakande bokstavar som fortel kva som skal skje - så vonar vi berre at folket kjem!

LA OSS MØTA MANNJAMT FRAM OG FÅ TORSDAGSMØTA I GOD GJENGE FRÅ STARTEN AV !

FØRSTE "SU-SO-NO-SU"-MØTE I HAUST VAR TORSDAG 27. SEPTEMBER

og det var "Nordhordlendingen" som hadde tilskipinga. Trass i stor lysing i avisa (både vår og B.T.) var det syrgjeleg få som kom, og vi vonar det berre er startvanskar, at ikkje det same vil henda torsdagane framover hausten.

Olaug starta opp med nokre vitsar, og så gjekk ein over på tevlinga der Nordhordlendingen og Sognalaget stilte denne gongen. Det var ikkje heilt lett å få fram dei tre som skulle til på kvart lag, men sogningane manna seg nokså kvikt opp og så kom nordhordlendingane etter. (Det var berre karfolk som våga seg fram, jentene klamra seg til stolane sine (som vanleg) og ville ikkje frampå - kva er det dei skrik om jamstelling for når dei ikkje vågar eller vil når det kjem til stykket?).

Utfallet blei (av 10 oppnåelege):

Nordhordlendingen	8,5 poeng
Sognalaget	7,5 poeng

Ingen grunn til panikk i Sogn for det, dette var berre første runde. Alle skal tevla mot alle, og mykje kan henda før serien er ferdig.

Etter rikeleg med rundstykke og kaffi, gjekk dansen livleg og der var god plass til å svinga seg. Musikantane var ofseleg gode!

lyrikkspalte

DIKT, VISER, VERS, RIM, KVA EIN VIL KALLA DET, BUNDEN OG FRI FORM, BOKSTAVRIM OG ENDERIM - "SUNNAVIND" UTFORDRAR LESARANE TIL Å SENDA INN STOFF AV EIGEN PRODUKSJON! ELLES VIL BLADSTYRET SETJA SEG NED Å DIKTA SJØLVE, OG DÅ .....! SPAR OSS ALLE FOR DENNE VANLAGNADEN !

Formann Kåre er nett attkomen frå ferie, og har ikkje skrive ned sine tankar for dette nummeret av 'Sunnavind', men vi ventar oss store tankar frå han i neste nr.

Hans Heie derimot fylgjer opp i frisk stil med stoff til spalten. Her kjem, hald dykk fast,

HANS EIGEN SPALTE

SPORVEIEN !
STORVEIEN !

Etter at det kom "Minitroll" på linje 2. må ein aldri rekna med å vera presis i byen om kveldane! Dette til orientering for alle tilskiparar som ventar på folk så dei kan koma i gang med ...

Ein veit aldri kvar haren hoppar.

Ein veit aldri når "linjetoianarane" er i by'n.

Where are all the >:o<-hords gone?

Sunnhordane er vel ikkje komne til by'n for å gå i hi.

GÅ I FENSAL !
KOM I GIMLE !

Lat andre fjordingar, -lendingar få sjå at det og er s-h-l-d i Bergen!

"SUNNANVIND" TRENG TRYKKFEILREDAKTØR
Liksom alle store aviser har vi ein mengde prentefeil. Difor treng vi eit individ ho eller han til å ta vare på og utvikla dei mest innvikla vi har.

SALET AV LANGEBRØD HAR GÅTT KATASTROFALT NED ETTER VALET

I Statsråd på Slottet
Kirke og Undervisningsdepartementet.

Da et her ikke navngitt brød har et navn som vi av forskjellige grunner ikke skal komme inn på. Derfor skal brødet hete Det Nye Folkebrød med øyeblikkelig virking fra dags dato. På nynorsk Det Nye Folkebrødet. På engelsk The New Bread of Norwegian.

Er du nøgd med bladet?
Sei det til vener og kjensfolk.
Er du misnøgd med bladet?
Sei det til oss.

H.H.

BYGDELAGSSKYTINGA

Berre Sognalaget stilte med fullt lag, 5 stk. (til overmål med 11 mann), Sunnfjordlaget med 2 mann, BUL med 2 mann, og Sunnhordlendingen med 3 mann (kunne fått med 4).

Individuelt var det Sunnfjordlaget som var best med Kjellby, 234 poeng.

Når denne pokalen går ut - neste år sannsynlegvis - må det nok andre regler, ev. respittordninger til skal det trekke medlemer til skytebanen.

Sognalaget fekk 1094 p., gjennomsnitt 218,8 p. (beste sunnhordlending 218 p.).

Individuelt:

1. A.Kjellby,	Sunnfjord	234 p.
2. T.Farnes,	Sogn	229 p.
3. R.Hellebø,	Sogn	227 p.
4. A.Hauso,	BUL	223 p.
5. O.Bruåsdal,	Sogn	221 p.

Vi takkar Samson Bakke for referat, og takkar han og dei to andre (kven var dei?) som stilte for Sunnhordlendingen!

Vi lyt manna oss opp og stilla fullt lag neste år! Korleis var det med kvinneleg deltaking forresten? Er dei viljuge til å jamstella seg med karane her?



LAT DENNE TEIKNINGA EGGA OSS TIL BETRE INNSATS NESTE ÅR!

TRÖNDERLAGET

inn i Bygdelagsnemndi i Bergen.

- - - - - -

I mai melde Trønderlaget seg inn i Bygdelagsnemndi og vert såleis det ellevte laget som er med i nemndi.

Trønderlaget hadde sitt første medlemsmøte etter ferien den 21. september i "Fensal", og der var Fritjof Vik frå styret i Bygdelagsnemndi med blomar og ynskte laget velkomen. Formann Olaug frå No i Su-So-No-Su stakk også innom, og bladstyraren her i bladet var der og fortalde litt om korleis "Sunnhordlendingen" arbeider og kva sorger og gleder vi har, og dessutan kva nytte og glede vi har av Bygdelagsnemndi.

Vi vil ynskja Trønderlaget (som har eksistert lenge her i byen) velkomen i samskipnaden vår - og vona på godt samarbeid!

Stor stas:

NYMÅLA MÖTESAL

Det var ei stor glede å stiga inn i Rom 407 i "FENSAL" (romet der vi har lagsmøta våre) nå etter ferien. Romet tek mot oss med varme fargar og stemmer opp humøret straks ein stig over dørstokken. Romet som det før var, grått og støvet og trist ligg nå berre som eit fjernt vondt minne langt bak i gløymeboka. Takk til han som gjorde jobben - her er det triveleg å møtast!



Vi presenterer den vesle høna med dei store ambisjonane. Vi som stellar med lagsarbeid kjenner oss i slekt med henne. Vi vil gjerne klekka ut mykje stort og gildt, men vi vert ofte for små (og få) for dei store oppgåvene som ligg der. Fleire høner (& hanar) må til, skal det verta fart i sakene.



Og elles har eg eit spesialtilbod, litt av ein godbit: Tur til "Sunnabu" på Kvamskogen i helga, saman med meg."

LAGSSKYTING

LAURDAG (29/9) ETTERMIDDAG PÅ NESTTUN SKYTEBANE - SMEDLANDE FINT VER OG GODE SKYTEFORHOLD GJORDE LAGSSKYTINGA TIL EI GODSTUND FOR DEI SEKS "TRIGGER-HAPPY" SUNNHORDLENDINGANE SOM UMAKA SEG DIT.

To av deltakarane var noko meir professionelle enn resten i og med at dei skyt litt oftare enn lagsmeisterskapen. Dei kom også på dei to fyrste plassene. Dei andre fire fekk kvar 15 tilleggspoeng fordi reglane seier det, men likevel var det berre tredjemann på lista som ved hjelp av desse nærma seg toppen. Dei tre siste på lista kan vel kallast "mosjonsskyttarar" og vi burde vel kunna stilla fleire slike i laget, storskyttarane er det vel færre av.

Resultat:

1.	Ove Thorsheim	191 p.
2.	Samson Bakke	187 p.
3.	Ragnar Spissøy	184 p.
4.	Sebjørn Frøkedal	170 p.
5.	Harald Reidarson	163 p.
6.	Sigmund Myklevoll	153 p.

- -

INNANDØRS SKYTING

Er nokon interessert i øvings- og kanhenda tevlings-skyting innandørs vil vi prøva å ordna med dette utover vinteren.

FOLKET's RØYST

STORA KRÅKO FLYG IGJEN



Med LUFTPOST har vi fått nytt avisinnlegg frå ein av dei få trufaste skrivarane våre, og vi prentar det her på "kråkemålet" (bladstyret prentar alle innlegg på det målføre skrivaren nyttar, dialektane våre må få leva, dei set farge på tilværet og samværet - og på "Sunnavind"!). Og her kjem Stora Kråko sitt

"S m å d r ø s"

Da e ditta salte, ja salte ja, vanle salt, koksalt, finsalt, smørsalt, bordsalt, strøsalt, helda ka da heite no. Du kan få da på krambuo te vel ein krone for ein kjilopåse, dei sele da inkje i halve påsa meira, nei eg meina halve kjilo, so ett menesje åleina har vel salt i åravis tå ein påse.

Heima hos oss e da meg so salta helde lete da vera, kjeme nett an på ka hommør eg e i.

Itte tyte å døma salta eg forlite. Tytekoret lye slik:

Du har ikkje salta, du spara på salte, du har gløymt å salta, jau no vart da gått, me litt salt i, åi ditta va kjervt; variasjonane e månge, men da so fekk meg te å bjongsla ihop ditta klageskrivet va minstabadne, han sko ha seg ein sup tå mammo sin spesialdrikk, å meina du kje traven grein på nasestubben, snudde seg vekk å skreik noko som likna på:

S a l t ! !

P.S. Kor e da vorte tå supansoppskrifto mi, har redaktøren kokt ne å gassa seg åleine, helde ska andre folk få læra å koka supa og, jaja, Time will show so da heite i junaiten. Me ramsalt helsing,

St... Kr...

Stora Kråko sei at ho har sendi oss ei supansoppskrift, men dette er ukjent for bl.styret. Oppskrifta må ha havna i feil gryte (postkasse). Bladstyret har så visst ikkje meiska seg med godsupa åleine endå om dei vert svært svoltne iblant under arbeidet. Send ei oppskrift til! Alt som kjem fram kjem inn!

Bygdelaget
Sunnhordlendingen,
Kong Oscars gt.15,
5000 BERGEN.
(Merk konvolutten:
"Sunnavind")

SUNNHORDLENDINGAR I FOKUS

Distriktslækjaren på Stord, Emil Moe, blei presentert i fjernsyn tirsdag (25/9) i eit tre kvarters program.

. . . . . .

Fartein Valen's 2.symfoni blei framført i radio same kvelden. Det er ikkje ofte ein høyrer hans musikk her til lands. Han var ikkje nett nokon "ønskekonsert"-komponist, men ute i verda (helst England og USA) vert han oftare spela, og det finst "Societies" til fremjing av hans musikk! Ein skal ta seg kraftig saman og lyda godt etter, utan fordomar, skal ein få glede av hans stillferdige og reine musikk.

Fartein Valen (1887-1952) var ein kosmopolitt (fødd i Stavange vaks opp på Madagascar) men budde i seinare år i Valevåg, og vi reknar han derfor som god sunnhordlending. Det er reist ei minnestøtte på grava hans ved det gamle (atterreiste) kapellet i Valevåg.

På grammofon kan ein høyra Valens musikk: PHILIPS 6754001 (2 LP-plater), 12 verk, m.a. Kirkegården ved havet, som er eit av hans mest kjende verk. Filharmonisk Selsk.Ork./M.Caridis (dir.)/Dorothy Dorow (sopran).

. . . . . .

Forfattar Einar Økland vil flytta heim til Valestrand.

SV-73 NR 8 17 NOV
SUNNANVIND OG RAINDROPS KEEP FALLING IN...
VIL VI HA NA.

MELDINGSBLAD FOR SUNNHORDLENDINGEN - KJEM UT NÅR DET TRENGST MEST

HAUST I FENSAL

17 NOV. KL. 20⁰⁰ FEST-73

FESTKVELDEN NÆRMAR SEG MED RASKE STEG - MELD DYKK PÅ STRAKS !

STOR STAS Det er ikkje ende på kor gildt det vert, sjå berre på litt av programmet:

STOR STAS MIDDAG OG KAFFI

STOR GILD SYNGJEDAME FRÅ LÆRARSKULEN

STAS "DONDERS"-GRUPPA SLÅR TIL MED NYE SKETSJAR

STOR OPPLESING - KANHENDA FESTTALE

STAS DANSEN SKAL GÅ LYSTIG TIL HEILNORSK MUSIKK FRÅ

STOR EIDE SITT DRAGSPEL OG HELLAND SI FELE

STAS

Påmelding til: Sigmund Myklevoll, tel. 215217 (privat)
217760 (arbeid)

Willy Mjånes, tel. 210040 (arbeid)
(kl.0900-1200) lokal 2316

Ein kan melda seg på til og med den 14 november, og prisen er 30,-

VI AVSLUTTAR HAUSTSESONGEN MED FØRJULSKOS DEN 11 DESEMBER

Hugs å setja av denne kvelden til ei triveleg stund saman med vener i laget.

Programmet er ikkje fastsett ennå (vi har så mykje på lager at det er vanskeleg å velja)!

DEN NATIONALE SCENE/LILLE SCENE

Gå og sjå Knut Horvei's stykke "Hjallarbrui" på Den Lille Scene onsdag den 14 november kl. 2030.

Det er spesiell bygdelagsfram-syning, så ein vil møta mange kjentfolk mellom publikum.

Billettprisen er låg: Kr. 7,-, og "Olaguten", Olav Fjæra har billettar til salgs.

KULTUREN UT TIL DISTRIKTA

"De går te donders"-gjengen har vore på ferde igjen. Dei hadde nyleg ein tur til Reksteren og vart oveleg fagna. GLUPE ER DEI!

På denne staden ventar vi å finna FORMANN KÅRE's TANKAR, men då vi etterlyste innlegget igår kveld før bladet skulle gå til prenting fortalde han at han ikkje har tenkt sidan siste nummer. Bladstyret vonar at tankane tek seg opp att i god tid før neste utgåve.

Ei ulukke kjem sjeldan åleine:

HANS EIGEN SPALTE

vert ståande open denne gongen. Vår trufaste (til nå) medarbeidar Hans Heie som til dessar aldri har vist teikn til formsvikt har altså denne gongen meldt pass. Men det er nok berre mellombels. Vi kan lova at han kjem sterkt att!

I dette opne feltet kan lesarane teikna ei gild teikning til Hans Heie. Send teikninga til Sunnavind.

VÅR NESTE TØRN SOM VERTSKAP FOR "SU-SO-NO-SU" TORSDAGSKVELDEN ER DEN 29 NOVEMBER 1973. ENNÅ HAR VI IKKJE PEIKA UT KOMITE, MEN VI VONAR DER ER MANGE HJELPSAME LAGSFOLK KLAR NÅR VI BER OM HJELP.

Su·So·No-Su

Samarbeidet mellom dei fire: Sunnfjordlaget, Sognalaget, Nordhordlendingen og Sunnhordlendingen har gått sin gang.

Torsdagskveldane 18 og 25 oktober har vi ikkje fått referat frå.

1 NOVEMBER 1973 var det vårt lag som hadde programopplegget. Det blei ein god kveld med 77 selde billettar og bra innkome på loddbøkene, men så hadde vi og blautkake å lodda ut!

Dei syngjande og spelande husmø re frå Fyllingsdalen kom og laga triveleg 'show' etter at vår eiga godjente Inger-Mari Hetland hadde framført nokre Sande-viser. Ho er eit funn den jenta! Sketsjane som skulle framførast fall ut fordi drivkrafta bak desse ikkje møtte fram, men det var program nok likevel. Dansen gjekk lystig til Duo Team's populære låtar.

8 NOVEMBER 1973, Sognalaget hadde vertspliktene og Bygdelagsnemndi i Bergen sørgde for ein del av programmet som gjekk ut på å presentera forfattaren Knut Horvei og stykket hans 'Hjallarbrui' som er sett opp på DNS Lille Scene. Knut Horvei er 80 år, ser ut som han er 60, er umåteleg humoristisk og svært morosam å høyra på. Anne Gullestad las Horvei-dikt, det gjorde han sjøl og, men av ein eller annan merkeleg grunn las ho betre, sa han. Tevlinga gjekk vidare, så det er von om å få avslutta serien før jul. Om 65 kjøpte billett, og dansen gjekk lystig då bladstyraren gjekk til sin skrivemaskin.

Korleis er synet på desse Su-So-No-Su-kveldane? Vi lyt få istand ein debatt omkring dette. Det ser ut som det ikkje vert noko meir av dette samarbeidet etter nyår. Er det godt eller gale? Kom med meiningsytringar, dei som har meining!

HAR DU BETALT MEDLEMSPENGANE?

F R Ø K L U B B E N

(G U B B E F R Ø)

Skipingsdag 24/6-73, kl $18^{\underline{43}}$.

Skipingsstad M/S "Fusa" av Bergen by på seilas mellom holmar og skjær (Stord-Tysnes-Reksteren og Hufterøy) i Sunnhordland.

Motto: Går du i frø, gå i frø med oss !

Frøformann: Petter Ersvær.
Servitør: O. K(orka) Fjæra.

Endeleg kom altså referatet frå den før omtala gammalmannsklubben innan laget, som altså blei døypt "Frøklubben (Gubbefrø)".

Liste over lemene i denne eksklusive særgruppa er ikkje innsendt til bladstyret, så der kan vi ikkje gi opplysningar.

Dei som kjenner seg tiltrekte av tanken om å gå i frø, kan venda seg til tillitsmennene i gruppa.

SUNNABU VENTAR PÅ DEG!

Reis på Kvamskogen og opplev ei avstressande helg i fjellet. Fri natur, frisk luft og god mosjon i terrenget der oppe gir helsebot, og det er godt å vera der anten sola skin eller regnet siler. Og så er det berre å reisa opp og prøva sjøl.

Dette er berre ei av dei mange gode sider ved livet på SUNNABU.



Vi presenterer andre lagsblad:



Det høver godt å presentera "Bergtrollet" denne gongen. Det er BUL, Kongsberg som har valt dette heilnorske namnet på lagsbladet sitt, og laget og bladet fyller 50 år i år, som ein ser av framsida av det sist utkomne nummeret.

Dette spesielle nummeret er ekstra stort og fint, heile 24 sider og på glinsande papir. Elles har det gjerne 12 sider, i same format som vår SV. Det er prenta i offset på eit finare prenteverk enn det vi har, så det er råd å få med gode fotografier. Dei har god støtte økonomisk frå fleire forretningar som set inn heilsides annonser.

Bladet inneheld mykje godt stoff om det som har hendt og skal henda i BUL, Kongsberg, NU, og anna som er av interesse for bygdelagsarbeidet.

Vi er så heldige å få bladet tilsendt så du kan lesa det på lagsromet.

VI YNSKJER BUL, KONGSBERG LYKKE TIL MED 50 ÅRS FEIRINGA OG KOMANDE ÅR !

FOLKET's RØYST

SKAL VI ALDRI MEIR HØYRA FOLKET's RØYST HER I BLADET ?



Bladstyret har saumfare alle postkassar, utan å finna eit einaste bidrag til spalten, denne umåteleg populære spalten som alle les først endå han er plassert på siste sida.

Er det ikkje på tide at STORA KRÅKO bruser litt med fjøra att? Eller er det den bortkomne supansoppskrifto som har stoppa nebbet? Vi er leie for at oppskrifto kom bort, særleg om det er bladstyret som har rota ho bort.

Men Hans Heie, vår trufaste spaltist (ikkje fullt så trufast denne gongen, sjå annan stad i bladet) har ei løysing på denne kriminalgåta: Oppskrifto er ved ein feil oversendt til Supperådet for godkjenning. Supperådet er som vi veit eit mindre departementskontor med knapt tre hundre tilsette som steller med tilsetningar i supper o.a.

Vi reknar difor med å få oppskrifto klar for prenting (om ho vert godkjent) i julenummeret år 2000.

SUNNHORDLENDINGAR I FOKUS !

Dei skrivande sunnhordlendingane kjem fram nå på haustparten. I bokkatalogen frå Det Norske Samlaget finn vi fleire:

Per Olav Kaldestad: KIKKERT

Lyrikkdebutant frå Husnes (fødd 1947) som studerer filologi ved Universitetet i Bergen. Han blei vel omtala i Verdens Gang no ein dag, så hugs namnet.

Arild Stubhaug: DU BER VATN I HENDENE

Ny diktsyklus frå fitjarbuen som debuterte med diktsamlinga "Utkantane" i 1970.

Einar Økland & Kari Bøge: DU ER SÅ RAR

Valestrendingen Einar Økland slår til att, denne gongen med dikt for barn. Han spelar på mange strenger, denne prykologen, og han har alt mange verk bak seg, lyrikk, prosa (fantasi og dokumentarisk), drama. Kari Bøge har illustrert boka.

Johannes Heggland: DEN KVITE GUDEN

Denne gongen er det ein barne/ungdomsroman som kjem frå pennen til denne flittige tysnesingen. Han har hatt særleg stor suksess med bøker av dette slaget, og vi kan rekna med at det er kvalitet denne gongen også. Han ligg ikkje på latsida denne skrivekaren, det er etterkvart eit heilt berg av bøker frå hans frodige fantasi.

Bygdelaget
"Sunnhordlendingen"
Kong Oscars gate 15
5000 BERGEN

Formann:
Kåre Vierdal,
Kjeldersmauet 2,
5000 BERGEN.

Styremem:
Randi Helgesen (kassa)
Paul-Kåre Gjuvsland (skriv.)
Kjell Matre
Sigmund Myklevoll

Varamann m/møteplikt:
Hans Heie

- - - - - - - - - - - -

Lagsbladet "Sunnavind"
(Meldingsblad for Sunnhordlendingen)

SKRIV I SUNNAVIND, SKRIV DÅ FØRST FÅR DU BLADET SLIK DU VIL HA DET! VÆR GILD Å SKRIVA I SUNNAVIND - BERRE BITTE LITT!

SV NR 9 SUNNANVIND. JULENR.

Vi ynskjer alle lesarane våre god jul/gild nyårsfest! Dei som ikkje les SV får skaffa seg desse goder på anna vis (det vert ikkje lett nå i oljekrisa). GOD JUL ! GOD JUL ! GODT NYÅR ! Sjølv TAKK!

MELDINGSBLAD FOR SUNNHORDLENDINGEN - KJEM UT NÅR DET TRENGST MEST !

Haustens siste tilskiping i laget er nær. Tirsdag 11 desember steller vi til førjulskos. Her kjem H.H. sin plakat:



Bladstyraren har vore i Afrika. Han har mast heile hausten for å få lov til å fortelja og syna ljosbilete om dette. Nå får han lov. Lat ikkje dette skrema dykk (men ta for sikkerhets skuld gulfebervaksine og gammaglobulin). Han skal freista fatta seg i kortheit. Så skal vi få graut med rosin i (eller var det mandel?). Møt fram presis! Og så vert det premieutdeling til storskyttarane i laget.

Det ser ut til at det går i stå med Su-So-No-Su-samarbeidet etter nyår. Men vi serverer referat frå siste gongen vi var vertskap:

GIMLE - 29 NOVEMBER : Vi hadde programmet den kvelden.

Formann Kåre opna og Knut Ove Gjersvik kom med ei importert gruppe dansararfrå Tysnes Ungdomslag som han hadde funne på Os Gymnas. Dei synte oss kva dei hadde lært av dans frå 1920 åra til idag, og det var Charleston, Swing og like til musikken frå 'Hair', og publikum syntest det var moro.

Så kom Per Olav Kaldestad og les eigne dikt. Han har gjeve ut diktsamlinga 'Kikkert' i år.

Slutten av programmet stod Inger-Mari Hetland for med viser på norsk, svensk og 'Le President' på fransk og folket jubla -

og etterpå var det kaffi og mat og dans til Helland og Eide.

(referent: H.H.)

67 billettar selde, godt overskot!

VESTLANDSKE GRAVERINGSANSTALT

har gravert skytemedäljene for oss heilt gratis. Vi TAKKAR og anbefaler firmaet på det aller beste!

SKEID I LEIK OG DANS

vert sett igang midt i januar. Snakk med styret. Skeidet vert utlyst i dagspressa seinare. Bli med !

VEVKURS - VEVKURS

Vi vil prøva å få igang eit vevkurs også over nyår - for båe kjønn. Meld dykk på snarast råd !

LOPPEMARKNAD TIL VÅREN

Vi har skaffa oss litt lagerplass, så vi kan ta mot lopper frå nå av. Ver på jakt etter lopper alle saman. Vi må gjera eit krafttak for laget på vårparten.

MEDLEMSTALET I LAGET SIKRA I FRAMTIDA:

Formannen har, med god hjelp av kona, fått ei dotter.

Aase Liv har, med god støtte frå mannen, fått ei dotter.

Sunnavind GRATULERER!

FORMANN KÅRE'S TANKAR

Sist eg skreiv i denne spalta var eg inne på den betydning 'Sunnavind' har for laget og det gode arbeidet som var lagt ned i avisa.

Det er også andre som har gjort eit godt arbeid i haust. Blant andre har dei som har dreve med 'revyen' gjort eit godt arbeid for laget.

Det vart teke til med dette arbeidet i vår og den første framsyninga vart halden på Fitjar før sumarferien. Sidan har 'revyen', som den vart kalla, blitt synt på ymse stader, og deriblant på ein torsdagskveld i Gimle. Eg har hatt inntrykk av at framsyninga har blitt svært godt mottatt, og eg trur det er av stor verd at dette arbeidet kan halda fram. Dette av minst tre grunnar.

For det første: Når spellaget reiser rundt til dei ymse stadene vert folk i bygdene kjent med at det her i byen finst eit lag som heiter 'Sunnhordlendingen', og det er viktig. Det er frå desse stadene laget skal få sine nye rekruttar. Dersom vi kan få til noke som fenge også i framtida, vil dette skape blest om laget og 'Sunnhordlendingen' vil stå i folks medvit som eit aktivt og kvalitetslag som det er verdt å søkje til.

For det andre: Eg trur også at dei som ser seg tid til å vera med i dette arbeidet, har mykje att personleg. Ein får ei oppgave som skal løysast; og det på den best mulige måte og utfordringar er noko vi menneskje har stor glede og nytte av. Det å kunna opptre på ein scene er også personleg utviklande. Etter kvart vil ein bli meir sjølsikker og dette er av det gode så lenge dette ikkje er av overmot. Ein lærer også å uttrykkje seg og henvende seg til andre på ein sikrare og meir slagkraftig måte. Og ikkje minst: ein kjem saman og kan få mang ei koseleg stund.

For det tredje, og det er også viktig: Spellaget har evne til å skaffa laget nokre sårt trengte kroner, noko som har kome vel med det siste året.

Det er å vona at spellaget kan halda fram med sitt arbeid også i det komande år og at fleire kan koma med i dette arbeidet. Ein forutsetfor dette er at spellaget får noko nytt å framføra. Ein treng skribentar, og dette er nok det største problemet for tida. Det har synt seg i ymse høve at vi har folk som kan skriva; problemet er berre å få dei engasjert. De som har evnen, ver gild å ta fatt!

Til slutt vil eg minna om det siste lagsmøte dette året, førstkomande tirsdag. Det vert ein førjulskos og eg vonar at flest mogeleg kan møta opp slik at det verkeleg kan bli kos.

4-12-73. K.V.

Vi ser oss idag i stand til å gi referat frå den fysiske fostringsfronten (samtlege spelarar er på beina att):

STOR FLAUMLJOSKAMP PÅ MØHLENPRIS

(Forseinka fotballreferat v/P.K.G.)

Ca. midten av oktober møttest Sunnhordlendingen og Sunnfjordlaget til det årvisse fotballdramaet. Minusgrader og snødekt bane møtte spelarane (21 mann + 1 kvinne), men dette la ingen dempar på innsatsen og kampviljen. Sunnfjørene opna best og leia med 3 - 1 etter 1. omgang (eller var det 3 - 2?). Men sunnhordane kom igjen og då dei i byrjinga av 2. omgang gjekk opp til 3 - 3, låg sensasjonen i lufta. Men akk, sunnfjørene hadde nok mest igjen av denne lufta og vann til slutt med 5 - 3. Referenten vil elles gje honnør til det feminine innslaget hos sunnhordane; ho stoppa fleire angrep og endå fleire sunnfjører!

Berre 3 åskodarar hadde møtt opp, alle gjekk tidleg i kampen, men to kom igjen etterpå, så det er enno von for Sunnhordlandsfotballen.

Domaren var ikkje til stades.

Bladstyret takkar for referatet. Med slike sportslege framsteg vil vi slå sunnfjørene neste år (statistisk utrekna ved optimistisk ekstrapolering).

FOLKET's RØYST (framhald frå neste side)

Stora Kråko held fram:

Ittepå har eg flaksa meg opp i ett høgare luftlag, eg sete på ei store sky og laga kråketær, dei ser slik ut: .....

(men her bryt vi av for denne gongen, og gøymer siste godbiten til første nummer på nyåret, det er eit fint lyrisk produkt vi har i vente.)

+ + + + + +

Og så over til vår krigskorrespondent på Sola (Helios?):

(B-NATO)
Som krigskorrespondent sør for araberland,
der Sunnavind kjem frå nord
med heimlege ord,
har eg eit år snart no
i reine Melvind Snerken-stil freista samla
inntrykk til eit brev eller to.
Men dei siste SV har teke på motet,
bladet er for gjevt for dette rotet.
Hans'en han e' løyen,
Sigmund han e' go'.
Så spar honoraret
til ein liten brus for to.
(Det var andre tider då me nytta sprit-duplikator).

Rotet følgjer her:

Eg går i BUL. For her i oljelandet har me ikkje Sunnhordlending. Nemleg. Eg går i leikarring. Og høyr her kva eg har lært:

Gubben han tok eit krokåt veatre og knøvla kjerringa om øret.
Nu ka du få dett sakrament skaffe å fremt du meg telhøre.
Ikke kan du spinna, væva eller sy,
men du kan gå med skvadder uti by.
Å hopp fall-la-la-lo, så siger ho,
den dag forglæmmes aldri.

Denne gilde songdansen skal eg læra dåke ved første høvet. Så kan de praktisera han heime.

Lagsmøta her nede er ikkje så morosame som denne dansen. Der er myrk Garborg-stil yver desse samkomene:

No rullar havet svart mot land
med skum om skavlande rygger
og bryt seg sprengd mot øydestrand,
der berre vindtroll byggjer.
. . . .

Vakkert, men det dreg ikkje folk, diverre. Ikkje for å kritisera hardtarbeidande lagsfolk, men litt bønemøtestil vert det unekteleg når alt er likt dette.

Nei, eg må på Sunnabu og avreagera. Ser dåke der til vinteren - rimelegvis.

L.O.T.

Vi seier hjartans takk til det gode Folket som hevar si Røyst! GOD JUL!

Så over til vår faste spaltist, som idag er ute med nye underfundige skjemtestrekar:

H A N S E I G E N S P A L T E :



Og her presenterer han Den siste valsen (The last waltz):



(H.H. kjem like sterkt att i 1974!)

FOLKET's RØYST (NÅ MED BILETKUNST & lyrikkspalte)

Endeleg - bladstyrarens bøner er høyrde! Nå, oppunder julehelga har folket endeleg fått blekk på pennen. Både Stora Kråko og Krigskorrespondenten slår til i årets siste nummer, båe med både prosa og vers! Takk og pris!!

Din snøball.

Ja tenkja seg te, fekk me kje snø då, full vinter i november, eine dagen var snøfluksene store så vaskefidlo mi, ja kanskje litt kvitare, idag hyljar det ned med regn, forandring fryder, ja.

Ja ka va da no eg sko skvaldra om, jau der kom eg på da, supana sjølsagt, kan du fatta kor da har teke vejen, eg ser heilt vekk i frå alt snakkje om at red. skulle slafsa da i seg for da va nerande supa å han e nett lika smale så før, so te sjå te. Men da sko kje ondra meg om da va formannen so e supanstjuen, og so har da gått te hoves på an, va kje onder han ikkje har tenkt sio sist. Løysingo e klar, S.g. te meg.

Jaja eg slengje på me ei ny oppskrift:

DAGENS KJØTKAKE

1 hg gamalt kukjøt
1 liter vatn
1/2 liter øl
1 påse god matjord
1 teskjei knust røsslyng
1 bosbrett oppsop (helst frå kjellar)
2 g mjøl

Bruk sopling, og/eller sementblandar. Resultatet kan brukast anten til middag eller til ny dørhedla.

Velbekomme!

Så tykte eg da va no fælande tåsse atte versespalta sko stå tome, eg har krota ihop eit oljedikt, kallen min har avbilda meg i 'krotestondo', vonar noko kan nyttast.

Ein kveld eg var ferdig med sjodne
sett' eg meg til bordet inn
tenkte å dikta litt prosa
med tanke på Sunnavind.

Oppglødd av gode tankar
eg dyppar min gamle penn
men trur du det vara lenge
nei høyr no kor det bar hen.

Lampa mi byrja osa
ho var ikkje fyllt idag
no var krukka skålande tome
eg fekk ikkje skriva det slag.

Då fekk eg auga på månen
han skein gjennom ruta inn
ljoset frå Luna meg lokka
skriv dikt til din Sunnavind.

Dei driv utpå ville havet
og borar som best dei kan
olje dei fann nedi kavet
ikkje fekk eg det grann.

Moralen kan vera så ymse
ikkje alle i dansen tek del
nokon set attmed veggen
er utanfor livsens spel.

St... Kr...

(Spalten held fram på side 3)



Bygdelaget Sunnhordlendingen,
Kong Oscars gate 15,
5000 BERGEN.

Lagsbladet 'Sunnavind',
Meldingsblad for
Sunnhordlendingen.
SKRIV I SUNNAVIND OG VER GLAD

SUNNANVIND NR 1 JAN. 74

Vi ynskjer alle våre lesarar eit godt nytt år !
Og vi vonar at mange vil gripa til pennen og skriva i bladet i 1974 !

OFFISIELT ORGAN FOR SUNNHORDLENDINGEN - KJEM UT NÅR DET TRENGST MEST !!!

ÅRETS FØRSTE:



Programmet er prega av varm sunnavind denne gongen: Carl Fredrik Kolderup vil kåsera og syna ljosbilete frå ein tur til Korsika. Det er nett noko slikt vi treng nå i vår mørke råkalde vinter. Så møt fram og varm dykk. Vi skal varma oss endå meir etterpå, både med kaffi og dans.

VÅRSESONGEN

Elles lagt opp slik: møtene vert i Fensal, rom 407 (det vanlege) på desse datoane: 12/2, 26/2 (årsmøte), 12/3, 26/3, 9/4, 23/4 og 7/5. Så langt er planane lagde (med atterhald om brigde, som det heiter).

"Su-So-No-Su" er oppløyst, men det kan jo henda at det vert ein og annan torsdagskveld i Gimle likevel, på eigen risiko eller saman med dei gamle partnarane.

Ellers er det leikskeid i emning, sjå neste spalte.

LEIKSKEID !

Planane om å halda eit leikskeid er nå iferd med å verta verkeleggjorde.

Vi reknar med å koma i gang alt den 31 januar, og halda på 8 torsdagskveldar frametter.

Når alt er klart vil det verta utlyst i dagspressa.

ÅRSMØTET

går av stabelen den 26 februar, og valnemnda vil få travle dagar med å finna dei rette kandidatane til dei ulike tillitsverv.

Desse er med i valnemnda:

Sæbjørn Frøkedal
Kari Fedt Haugsbakk
Solbjørg Heggelund
Willy Mjånes

Måtte dei greia å førebu eit lukkeleg val!

ÅRSMELDINGA

er rette staden å avertera om du har noko å by fram. Annonser i meldinga kan tingast hjå styret. Vi held bygdelagsvenlege prisar.

NYÅRSKVELD PÅ "SUNNABU"

Bladstyraren har i konfidensielt interview med ein av deltakarane fått vita nok til at han kan dra den slutning at det var ein ofseleg gild kveld. Ti personar i rett blandingsforhold koste seg, og fleire nye hittil ukjende kometar blei observerte på himmelkvelven.

Neste nyårskveld kjem den 31/12-1974 og alle er velkomen!

Og hugs på at du søv billegare og betre på "Sunnabu" om du betalar medlemspengane i laget!

OBS: DENNE GONG "STORA KRÅKO", HANS EIGEN SPALTE, FORMANN KÅRE, OG M.M:

FORMANN KÅRE'S TANKAR

Desse mine "tankar" vert nok noko springande denne gongen då det er langt ut i dei små timar, dette av ymse grunnar. Blant anna har ein god del av kvelden gått med til Yatzy-spel med mi kjære kone. For at ho skulle få att noko av sin sjøltillit etter det fyrste spelet, måtte vi jo halda fram utover kvelden. Om det er sjølvtilliten som no er attvunnen sidan ho har gått og lagt seg eller ho er byrja å trøtna, nei, det veit eg ikkje, men ein ting veit eg og det er at hadde ho ikkje gått no, ja, så ville det ikkje blitt nokon "tankar" frå meg i denne Sunnavind.

Ja som alle (i alle fall dei fleste) ektefeller har erfart og som kanskje ugifte har vanskeleg for å forstå og akseptera så krev dette "skapet" som blir sagt å vera ekte, si tid. Ei tid dei fleste har stor glede av (la oss inderleg vona det), men som går på bekostning av andre sysler. Det vart ei omprioritering av tid. Spørsmålet er berre om denne prioriteringa er rett. Tek ekteskapet all tid, slik at det ikkje vert tid til noko anna slik som for eks. litt lagsarbeid; eller får ekteskapet for lite tid og fritidssysler og arbeid overtar fullstendig?

På dette området som på så mange andre, er nok den gylne middelveg å foretrekke. Heimekos er nok bra, men det vart lite kos om ein skal sitje heime kveld etter kveldog mygla utan å sjå andre fjes utanom dei som ein ser gjennom "langsynskåpet".

Det må ikkje her verta eit enten - eller, men derimot eit både - og. Det er ein klar ting at det må bli mindre "uteliv" for ein som er gift, og då spesielt for dei som har born, enn blant ugifte, men det tener ikkje individet, og eg trur heller ikkje ekteskapet, at ein går fullstendig i "kloster". Det er min oppfatning at altfor mange ektefeller er for bundne til heimen, og dersom dei ein hende gong tar ein tur ut, ja, så vert det ein tur til den aller nærmaste familien.

Ta derfor ein tur innom Sunnhordlendingen av og til, det øydelegg ikkje familielivet.

I dette høve vil eg minna om lagsmøte fyrstkomande tirsdag, det fyrste i 1974. Dette får meg til å tenkja på at eg bør ynskja alle medlemmer eit godt år og takka for det gamla (endåtil dei som ikkje har betalt kontingent, vonar dei betalar for 1974).

Til slutt vil eg be redaktøren akte seg vel for ikkje å la min fru få kloa i denne avisa, for om ho får sjå innleiinga, kan ho bli vond (mannavond) å ha med å gjera; men om så gale skulle skje, vil eg skunda meg å sei at ho er ikkje så dårleg å spela Yatzy som det kan sjå ut i byrjinga av desse mine "tankar". Vonar at eg no er tilgitt.

Bergen, 18/1-74.
K.V.

"SUNNAVIND"

Bladet vårt kom i året som gjekk ut med 9 nummer på tilsaman 33 sider. Vi vonar å halda "stimen oppe" også i 1974.

Vår trufaste medarbeidar stiller denne gongen med spalta spalte, og her serverer vi første parten, eit historisk-matematisk problem som stiller i klasse med Midt-Austen-krisa:

H A N S E I G E N S P A L T E :

961 ÷ SLAGA
1961 + PÅ
1973 ÷ FITJAR

KVA TID KJEM NESTE ?

KVA MEINER L.O.T. ?

KVA MEINER W.M. OG A.K.E. ?

(framhald av spalten neste side)

MEDLEMSKAP

i Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag

Livsvarig medlemskap kostar ein gong for alle kr. 75,- og ein får då «Sunnhordland Årbok» kvart år fritt tilsendt.

Årleg medlemskap kostar kr. 10,— og ein vil også då få boka tilsendt.

«Sunnhordland Årbok» kom med fyrste heftet i 1914. Dei fleste årbøker som er komen ut seinare har ein for salg ved museet.

Til og med 1965 kostar heftet kr. 5,- etter 1965 kr. 10,- pr. stk.

Halsnøy Kloster av Hans Emil Lidèn har ein også for salg.

Sunnhordland Folkemuseum

5401 Stord

Vi vil gjerne laga litt frisk Sunnavind-blest om SUNNHORDLANI FOLKEMUSEUM OG SOGELAG. Difor tek vi med denne lysinga som vi fann i siste årboka (gratis!).

Vi vonar våre medlemer vil finna tilbodet tiltrekkjande så dei melder seg inn i sogelaget, og kjøper eldre skrifter også. Mykje forvitneleg er der å lesa.

Siste årboka fortel om gardsnamn på Bremnes, og om ein prest (Eric Olsen, 1797) som ville læra opp jordmødre, bl. anna.

Berre spør Ola-guten om ikkje det er gildt å lesa Årboka. Ein kveld han stakk innom meg vart han så oppglødd over det første nummeret der han las om forfedrane sine og deira storverk på bjørnejakt m.a., at han tok bladet med seg heim. Du kan få det bladet nå, gamle kamerat, for eg har skaffa meg eit til!

God Jul - Godt nytt år !

Helsing frå

Anni og Kjell

stod der på kortet, og med det fylgde der to gilde kalendrar, ein til lagsromet og ein til "Sunnabu".

Vi seier mange tusen takk, og sender tilbake dei beste ynskje for nyåret!

M E D L E M S T A L E T

ekk opp litt mot slutten av året etter at vi sende ut fornya oppmoding (innbetalingskort) til alle (?) som hadde gløymt å betala.

Ein av dei glade medlemene har i sin iver etter å betala gløymt å skriva avsendar på talongen. Men der var notert eit postgironummer: 8592206 og poststempelet sa 21/12. Vedkomande må gjera vel å melda seg så namnet kan bli ført inn i medlemsboka (så er du sikra Sunnavind i postkassa også!).

Med den anonyme var vi 54 medlemer ved årets utgang (men vi var 82 inn 1972). Vi lyt leggja oss i selen i år!

H A N S E I G E N S P A L T E

held fram her:

Apropos Norsktoppen

Enkelte av tekstane på norske plater er så stivbeinte og så dårleg språk.

Det skulle difor vera mogeleg å få sjølvmeldinga og pantebrev sett tone til og på denne måten koma til topps på Norsktoppen i slutten av januar.

England - - - - - -

Tenk å ha så varmt eit namn
HEATH og
vera statsminister
i så kaldt eit
land.

Framlegg:
Edward COLD

"Sunnavind" - lagsblad for

Bygdelaget Sunnhordlendingen,
Kong Oscars gate 15,
5000 BERGEN.

Formann: Kåre Vierdal,
Kjeldersmuget 2, Bergen.

FOLKET's RØYST

Dei som les bladet og som har eit godt minne vil hugsa at Stora Kråko var lyrisk i julenummeret, og at ho hadde meir å fara med enn det som vart teke med i det nummeret. Ho skreiv til slutt i brevet:

"Dette siste var kanskje litt vårleg, men det kan jo lagrast, det går jo an å skriva juladikt snart, dersom ånda kjem over meg. Ha da!"

Sidan klimaet alt nå i januar ser så vårleg ut tek vi Stora Kråko sitt dikt med alt nå, bladstyret tykkjer heller ikkje det er rett å "sitja på" så godt stoff, det fortener å bli kjent i vide krinsar.

Og vi kan berre takka så mykje, og vona på fleire gullegg i postkassa frå Stora Kråko!

TRE BJØRKER

Nakne greiner mot himlen
svarte spriker dei
bøyer seg for vinden.

Nakne greiner, men vakre
er dei, snart kjem våren
lagar fiolette knuppar.

Bjørkegreiner tøyer seg mot himl
dei har fått lauv på
små fuglar syng om sumar.

S.K.

VI PRESENTERER ANDRE LAGSBLAD:



Ervingen

nr. 7
okt.-73
8. årgang

LAGSBLAD FOR BONDEUNGDOMSLAGET ERVINGEN

Sigbjørnslåtten

Av Erik Bye

(Til Sigbjørn Bernhoft Osa)

Let feta lille, du gut som kan det!
Spel tol og skuggje, spel hu og i lest!
Led hans om lone på lauvdomsvandet,
som ikkje deg og som gjer oss.

Spel oss ut hav, over vinteregen,
og spel om skjørt over vimark.
Spel to vi høyrer vårt eige hjarte
er ute kvalring som flyg forår.

Spel oss ei kjøme kring vare torger,
og spel om fakkverd og ølveis med.
Og når vi gjer ner med Sving i bringa,
so spel oss å-mend og spel oss fred.

Og spel om ekkhug og spel om draumar
som heile kjøpar in under feil.
Ja, spel so fengjen tru på fe bygda
mot jentefolkten fra Vikafjell.

Vi ber om nye, men skjønar ikke.
Kan hende gret du då du andre lo?
Kan hende livra i undertrengen
ein klang som du, berre du, fanta?

Kva veit vel vi om dei løynde vidder
her du har leva med hug og handl?
Vi skjønar ikke, men for om mykje:
Vi veit du feta. Vi veit du fann.

Men heg er lona for Sigbjørnslåten.
Sjå, gamle ardfat får smile deg.
Så elden kvæl vest i hjarte dine
hos ein som kvoltest av livsens veg.

So spel du, Sigbjørn, du gut som kan det.
Det er din legned, det er din veg.
Ja, spel oss heimatt hi kaynom-slendet
som gjer oss, og som kvil i deg.

Hovudsakleg er bladet fylt med stoff om ungdomslaga i Ervingen, men det er og ein del stoff om andre ting. Det er og ein del annonser innimellom. Bladet er i A5 format, som vårt.

Der er eit bladstyre på 6, medrekna bladstyraren (Helge Berntsen). Vi vonar han har god hjelp av styret sitt. Ein svært ivrig skrivar har dei i Arvid Skartveit.

Bladet kan du finna på lagsromet.

"SUNNABU" - "SUNNABU" - "SUNNABU"

Reis på Sunnabu så ofte du kan!

Der er sååå fint der oppe seier Randi (pengejenta vår), og det same seier mange med henne.

Sjølv om det er privatkøyreforbud, så er det råd å ta bussen opp til Mødalsvegen. I godt lag går bussturen kvikt, og du kan få deg ein kopp kaffi undervegs på Gullbotn.

Overnattinga er svært rimeleg, om du har betalt medlemspengane!

SV NR 2 - 74
FEBRUAR
SUNNANVIND
VERET: MILDARE ENN ....
VÅTARE ENN GODT..

MELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

I FENSAL, 4. HØGDA (ROM 407)

ÅRSMØTE

i SUNNHORDLENDINGEN

TYSDAG 26 FEB KL 20^{00}

ÅRSMØTESAKER:

ÅRSMELDING
REKNESKAP FOR LAG OG SÆRLAG
VAL
EVENTUELT

MØT PRESIS

VERT DET EIN SVINGOM ETTERPÅ SKAL TRU ?



TJA, GÅR SAKENE GLATT UNNA, SÅ KANHENDA !

GRATIS OG KAKER

FORMANN KÅRE'S TANKAR

Vi går nå mot eit nytt valg, og eit nytt arbeidsår for dei som vert med i Styret og dei ymse særlaga.

Den viktigaste oppgåva Årsmøtet står føre er å finna folk som er villige til å ta eit tak i Styret og særlaga.

Det avgjerande for Sunnhordlendingen er nå å få opp aktivitetane i antall.

Vi må ha eit Spellag som kan føra vidare det gode arbeid som der er nedlagt det siste året. Vi må ha ei Studienemnd som kan halda fram med kurs av ymse slag. Vi må ha ein Leikarring som kan skipa til kurs i gamaldans og driva med leikøvingar, og vi må ha eit Skyttarlag som kan halda fram med det arbeidet som der er nedlagt.

I nokre av desse laga står tillitsmennene over frå ifjor. Desse må vi gi all mulig støtte, slik at dei kan makta eit år til, og at dette året blir enda betre enn fjoråret.

Det er berre ved å auka aktiviteten i laget at vi kan få Sunnhordlendingen framover. Det er på denne måten at vi kan få folk i tale og få dei med i laget som medlemer. Det nyttar ikkje å berre oppfordra folk til å bli medlemer utan å ha noko å tilby dei. Det er først når vi har oppgåver å tilby at folk går inn i laget.

Dersom vi kan få frå fem til ti nye medlemer for kvar aktivitet vi set igang, ja, så er medlemstilgangen sikra, og dette skulle ikkje vera så umogeleg.

Noko som Årsmøtet også, etter mi meining, bør ta stilling til, er om vi skal velja ei økonominemnd til å ta seg av lagets økonomiske saker. Det er kjent at denne sida av lagsarbeidet har grunnleggjande betydning. Denne nemnda skulle setja igang tiltak for å betra lagets økonomi, ved ein loppemarknad, utlodningar på dei ymse tilstellingane, osb.

I tillegg skulle vi hatt ei nemnd som hadde til oppgåve å verva medlemer. Deira arbeid måtte vera å spre opplysningsmateriell om laget og på andre måtar gjera laget kjent. For å seia det moderande: eit "PR-team".

Vi får sjå kva det blir til på Årsmøtet.

VÆR GILD Å MØTA FRAM !

12/2-1974. K.V.

THORVALD HOLMEDAL TIL MINNE

THORVALD HOLMEDAL ER BORTE. MED HAN ER EIN AV ETTERKRIGSTIDAS FORMENN IKKJE LENGER MELLOM OSS.

ME KJENDE THORVALD SOM EIN DER IKKJE BRUKTE KAMUFLASJE PÅ SINE ORD OG IDEAR, OG DET VAR DIFOR ALDRI TVIL OM KVAR HAN STO. I LAGET VAR HAN STERK OG AKTIV, VAR MED I STYRET I FLEIRE ÅR OG VAR FORMANN I 1954 - 1956. DETTE VAR ÅR DÅ LAGET "VART NEDREND" AV FOLK PÅ ALLE TILSTELLINGAR, OG DET TRONGST EI STERK HAND TIL STYRING.

THORVALD VAR OGSÅ EIN KJEND SKYTTAR, BRIDGESPELAR OG FRILUFTSMANN MEN I DEI SEINASTE ÅR FEKK HAN VANSKAR MED HJARTA OG MÅTTE TRAPPA NED. I EIN ALDER AV 58 ÅR VART DET BRÅTT SLUTT.

ME TAKKAR HAN FOR INNSATS FOR LAGET, FOR SAMARBEID OG VENSKAP I MANGE ÅR, OG LYSER FRED OVER HANS MINNE.

Per Ivarsøy

TILLITSMENN I BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN
1973.

Styre:

Kåre Vierdal (formann)
Kjell Matre (desse to har nå kran-)
Sigmund Myklevoll (gla 1 år om nestfor-)
(manns-jobben)
Randi Helgesen (kassastyrar)
Paul Kåre Gjuvsland (skrivar)

Hans Heie (varamann med møteplikt)

Anders Kåre Engevik (varamann)
Gerd Vierdal (varamann)

(Randi og Sigmund er valde for eitt år til)

Hyttestyre:

Sigurd Heggelund (formann)
Gunbjørg Skålevik (kassastyrar)
Gunnar Bergstø
Kjell Matre
Kåre Tronshaug

Wenche Bolstad (varamann)
Sigmund Myklevoll (varamann)

Bladstyre:

Sigmund Myklevoll (bladstyrar - fordi han)
(har tilgjenge til så)
(mange gode maskinar!)

Hans Heie
Anne Karin Lunde
Gerd Vierdal

Leikarringen:

Atle Vikøyr (formann)
Gunbjørg Skålevik
Bjarne Kårstad

Randi Helgesen (varamann)

Studienemnda:

Elisabeth Fjæra (formann ??)
Hans Heie
Willy Mjånes

Skyttarlaget:

Samson Bakke
Ragnar Spissøy
Terje Aase

Kåre Lauvås (varamann)

Ettersynsmenn:

Lars Bruntveit, Per Ivarsøy,
Sebjørn Frøkedal (varamann)

Her er lista over dei gjæve kvinner og menn som har teke del i arbeidet med å halda liv i laget vårt siste året.

Som ein ser finst der nokre "Tordenskjold's soldatar" - det bør vi helst koma bort frå ved komande val. Berre vi får nokre medlemer til, så kan vi fordela litt på tilliten. Men det er slett ikkje alle som er viljuge til å ta eit tak, diverre.

Dei aller fleste står for "fall" nå, berre to i Styret er sikre eit år til. Men vi ventar jo at formannen held ut eit år til!

Rådslemene sit godt og lenge - heile 5 år. Siste året vart Ole Sæbø attvald. Kven er det som står for attval i år? (Rådet tykkjast vera så traust, at noko anna enn attval knapt kjem på tale.)

Petter Ersvær skal her rosast - han lova lite, og gjorde mykje for spellaget. Og elles takk til alle som har streva! (Nokon gløymde? Orsak)

Utsendingar til Bygdelagsnemndi i Bergen:

Kåre Vierdal
Willy Mjånes
Oddvard Haugsbakk

Terje Aase (varamann)
Sigmund Myklevoll (varamann)

Utsendingar til Idrottslaget Gular:

Sigurd Heggelund
Willy Mjånes

Teaterkontakt:

Solveig Vik Tronshaug

RÅDET:

Petter Ersvær, Sebjørn Frøkedal,
Per Ivarsøy, Ole Sæbø, Hjalmar Tvedt

Turnemnd: (gjekk ut)

Spellaget: (ikkje vald - men Petter Ersvær lova å prøva få noko igang)

BØNN TIL SØNNENVINDEN (I)

Svend Svendsen — *Kristian Hauger*



Å eg har stått i passaten
å skrikke te sønnenvinden:
Dryl han te Knøsesmaue,
stryk Ann-Mari over kinnen.
Hels hinner me at vi rømmer
eg å sannsynligvis kokken,
at eg forhåpentlig kommer
te heggen slår ut i Dokken.

Gløm ikkje mammen i Viken
der øverst i Bøhmergaten.
Sei hinner det at eg savner
så innerlig morematen.
For eg har sitt store byer,
huser på femti etasjer.
Men ikkje en by har maken
te hinners sprø spikkelasjer.

Kjører du innom i Dreggen
så gløm ikkje der nommer fire.
Der må du banke i veggen
god dag te søster Elvire.
Men husk no å bank om dagen,
i forrste, ikkje i an'en.
Ve nattetid ve du bare
hente deg sjellsord a man'en.

Så har eg innerst på tongen:
På turen te Bøhmergaten,
ta deg it rundkast på Dongen
når gjengen står der i praten.
Sei det eg tenker bestandig
på alle klubber vi fellte
på Mindebanen å Leken
då vi i Ny-Solheim spellte.

Har du no alt? Det va Dreggen,
å mammen i Bøhmergaten,
å hinnes sprø spikkelasjer.
Dongen å gjengen i praten.
Å gløm ikkje Knøsesmaue
mitt mellom Verfte og Nøste.
Hils Ann-Mari å for ellers
så gjorr ka du sjøl har løst te.

Også bergensarar finn inspirasjon i sunnanvinden! Kan sunnhordlendingar gjera det like godt?

HANS EIGEN SPALTE

AUSTAVINDEN ER VERRE ENN
SUNNANVINDEN,
SPØR
SOLSJENITSJIN
SOLSJENITSYN.

ORDFØRARANE I DEI STORE BYANE
SKAL FÅ LØNA SI UTREKNA
ETTER KOR MANGE
LYSKRYSS DER ER.

H.H.

Bygdelaget Sunnhordlendingen / Lagsbladet Sunnavind (Sunnanvind),
Kong Oscars gate 15, BERGEN.

OG MED DETTE TAKKAR BLADSTYRAREN FOR SEG, SEIER LUKKE TIL MED VALET - OG DREG TIL AFRIKA.

Sv SUNNANVIND NR. 1 JAN. 76

Meldingsblad for Sunnhordlendingen.

Årets fyrste lagsmøte

torsdag 22 januar

Lysbilete med noko attåt v/Tore Lund

Merk: Denne gong vert det også

Mat & Kaffi — Leik & Dans



ÅRSMØTE TORSDAG 5/12

Årsmøte i Sunnhordlendingen vert torsdag 5. februar kl. 19.30. (Merk tida og møt presis).
Vanlege årsmøtesaker ligg føre.

SAKSLISTE:

Årsmelding
Rekneskap
Val
Eventuelt

Det vert mat og kaffi, og om folk møter til rett tid og valnemda gjer godt arbeid (og det gjer ho nok), vert det ein svingom etterpå.

NESTE SUNNANVIND

Sunnanvind kjem ikkje med fleire nummer før årsmøtet om vel fjorten dagar. Merk deg difor meldinga ovanfor, og møt fram på årsmøtet.

GAMALDANSKURS

Sunnhordlendingen skipar også i vår til gamaldanskurs. Kurset vert halde i Fensal og tek til 22. januar. Det går over 6 kveldar. Kanskje det er nokon som treng repetere?

KURS

Hordaland Ungdomslag og Bygdelagsnemdi skipar til kurs om lagsarbeid i midten av neste månad. Kurset vert eit helgekurs og skal haldast ein stad utanfor Bergen. Me bør ha minst eit par deltakarar. Gi eit ord til einkvan i styret om du er interessert.
Det kan verta både gildt og lærerikt.

AUDUN HAR ORDET:

POST FESTUM

Sidan vi såvidt har avrunda det forrige året med behørig festivitas, kan det passe å ynskje godt nyttår under denne overskrifta.

Eit år er gått, og vi vaknar liksom opp til ein ny dag. Og det er oppgåver som ventar.

Sunnanvind er iår som ifjor sjølvsagt ute med dei siste nyhetene frå Sunnhordlendingen. Lagsmøte er fyrste begivenheit og årsmøte står for tur. Og årmøte er dagen da status skal gjerast opp og gamle kostar skiftast. I det høvet har vi saksa eit stykke frå Sunnanvind nr. 1 1966. Vi lar dette opne vår nye spalte:

"FOR 50 ÅR SIDAN".

(akk det var tider det)

"So er det atter årsmøtetid, og som travarar i laget minnest me mange slike møter. Då har ein stakkar eit makelaust høve til å gjera si røyst gjeldande, og opp gjenom åra har mykje vorte sagt,både av rett og gale, og dei forunderlegaste ting har vortne sett fram i rame alvoret. Og mange sjeler har gått skuffa bort fra årsmøta fordi dei ikkje vart valde inn i det styre og stell der dei hadde så lyst å bli med. So har dei då gjort sitt beste og møtt opp på ny frisk neste år, og vona på lukke då.

Slik skal det vera, for laget si framtid og trivsel avheng eine og åleine av at nokon kjenner seg arbeisføre og har arbeidslyst. Har ein det, so er serlagsstyre og seinare lagsstyret ein god skule. Det høyrest flott ut, men ungdomslagsarbeide har gjeve so mange nett den trening og den sjølvtru som trengs, og som har kome dei fleste til nytte i det praktiske arbeide seinare.

Stikk so ein finger i jorda den som har litt øving i slikt arbeide og tenk etter om ikkje Sunnhordlendingen har krav på din innsats. Sjå ut over møtelyden i kveld og gjer deg opp ei meining om ikkje dei fleste frammøtte er komne fordi Sunnhordlendingen er kva den er.

Tenk etter om ikkje ein so stor flokk ungdomar har krav på at laget også i framtida kan fylla sine mål. Meiner du at so er tilfelle, so må også du gjera deg opp ei meining om ikkje din innsats krevst av hensyn til dei mange som dreg nytte av det.

For deg som nett er byrja i laget, til deg er å segja at det er deg det kjem an på i framtida, for det er nyrekrutteringa som er laget si framtid. Det er korkje trøyttande eller slitsamt å gjeva ei handsrekkjing i lagsarbeidet, men det er lærerikt for deg og nyttig for laget. Kom på årsmøtet, det er slett ikkje den seigpining som mange vil ha det til, som formannen nemner ein annan stad i bladet, får du då høve til å sjå laget frå innsida og korleis det heile verkar.

Du vil ikkje tape på den tid du brukar i Sunnhordlendingen, det har snautt nokon sagt til no."

NYTTÅRSFEST PÅ SUNNABU

Mørk og ugjestmild tyktest hytta då fortroppen kom fram. Straumen var borte og snøen låg tung.

Men Magne var i storslag og fekk glød i tyrikubbane og trakterte ungmøyane etter kvart som dei kom, og snart gjekk praten livleg - om julefestar og nyttårsforventningar.

Så fekk folket det travelt med festpussen. Oddvar vart pynta og føna, og så kunne vi gå til bords. Og 20 Sunnhordar deltok i kveldsseta med pinnakjøtt og aquevitt.

Mykje fint folk er ute og ferdast i slike netter, og vi fekk storveges vitjing frå Sørfjorden. Men så fyller han også år på sjølvaste nyttårskvelden, denne storkaren med Havanasigar og lånt Volvo, og blei feira på internasjonal manér. Berre bløtkaka mangla.

Gratulerer Audun!

framh. side 4 .....

DØYR LEIKARRINGEN ??

Til alle lemer i laget: Godt Nyttår!

Synd er det å skriva eit nyttårsbrev under denne overskrifta. Etter haustens aktivitet er eg imidlertid redd for at spørsmålet er aktuelt. For dei som har ferdast i Fensal torsdagskveldane er det neppe ukjent at ringen har svive nokså dårleg i haust. Av og til sveiv han visst ikkje i det heile. Dei gongene han sveiv, hadde han som regel dundrande slagside. Slik fyrste torsdagen eg var der: godt fremmøte, men berre jenter! Torsdagen etter var også frammøtet nokonlunde brukeleg, men: berre gutar! Om dette var ei slags form for hemnakt skal vera usagt, men iallefall dauda ringen etter dette meir eller mindre ut lenge før kvinneåret gjorde det. Ja, det var så elendig at det nærmast var skammeleg å be den opptekne spelemannen koma til slike kveldar.

Noko av elendet skuldest nok at leikarringen kom svært seint i gang på hausten, men dette er neppe hovudårsaka. Det synest rett og slett som om medlemmene ikkje har tilstrekkeleg interesse for tida. Kva dette kjem seg av, kan ikkje eg gje noko fullgodt svar på, men eg vil nemna nokre faktorar som eg trur spelar ei viss rolle.

Kva veit lagslemene om leikarringen? Jo, alle veit at der leikar og dansar ein, og alle veit at alle i Sunnhordlendingen er hjarteleg velkommen i leikarringen. Det er berre det at dette ikkje er nok for at ringen skal eksistera. Til det krevst at minimum 8-10 stk. av kvart kjønn møter fram kvar torsdagskveld. Meir skal heller ikkje til.

Så attende til årsaka til at minst 85% av medlemsflokken ikkje viste interesse for leikarringen i haust. Eg trur ikkje leikarringstyret har presisert nok kva leikarringen er utover "det alle veit". Det finst nemleg ymse alternativ her. Hovudskiljet går mellom

1) ein avansert leikarring av røynde gode dansarar som "perfeksjonerer" seg i vanskelege dansar m.m. og
2) ein "lettare" leikarring som byggjer på folk som kjem frå eit nybyrjarkurs i folkedans.

Utover dette hovudskiljet er det også eit spørsmål korleis ein skal prioritera tilhøvet mellom musikk- og songdansar i leikarringen.

Ideelt sett burde vel alle leikinteresserte i laget vore med på å bestemma korleis leikarringen skal vera, spesielt om han skal vera av type 1) eller 2). Sjølv om Sunnhordlendingen er gjevaste laget i byen, er vel tida neppe mogen for å løysa problemet slik enkelte større lag gjer det; nemleg med ein ring for nye og ein for vidarekomne. Hadde interessa vore stor nok, var dette beste løysinga. Det er eit vonde å måtte velja. Vel ein type 1) utelukkar ein alle av katergorien 2). Vel ein type 2) er det ingen som vert direkte utelukka, men det vert kanskje ikkje like moro for gode dansarar, spesielt ikkje dersom ein har eit program med mykje musikkdans.

Sidan tilstanden no er uideell (jamfør avsnittet ovanfor), bør leikarringstyret (dersom ringen skal fortsetja) snarast gjera klart for alle lemene i laget kva slags ring me skal ha.

Styret har til idag satsa på type 2) ut ifrå den argumentasjon at leikarringen er økonomisk avhengig av å arrangera nybyrjarkurs. For å gje nybyrjarane eit vidare tilbod, er me nøydde å ha ein ring av typen 2). Me veit jo at svært mange kjem med i bygdelagsarbeidet nettopp gjennom eit fyrste møte med folkedansen. Har me ingen ring av type 2) er det fare for at me vervar lemer for andre lag; og me treng vel nye lemer sjølve?

Denne styrepolitikken fungerte godt hausten -74 og våren -75, men ringen gjekk altså heilt i stå i haust.
Me startar altså nyåret med ei krise i leikarringen som i så mange andre bransjar. Skal denne krisa overvinnast, er det turvande at alle leik- og dansinteresserte tenkjer gjennom problemstillingane ovanfor og eventuelle andre sider ved saka.

Dette var eit fælt nyttårsskriv, omlag som ei utgreiing frå næringslivet. Heilt på tampen vil eg kaste inn ein ny(?) ide som bør kunna drøftast dersom leikarringen framleis vil satsa på type 2). Kan det då ha noko for seg med eit nærare samarbeid med ein annan leikarring når det gjeld dei vidarekomne?

framhald ...

Som nyttårsynskje får eg då håpa at det mellom dei ovannemnde 85% finst nokre med ei "skjult" interesse for folkedansen og leikarringen. Dersom ikkje situasjonen endrar seg radikalt frå i haust, meiner eg det ikkje er grunnlag for å ta opp att leikøvingane.

Hansken er kasta!

Helsing Terje Lie

SOSIETETSSPALTA:

Siste frå Sunnabu: No har også Annemor lege på loftet!

AFRIKAFARAREN

Sunnhordlendingar er eit reisande folkeferd. No har Sigmund drege til Afrika att for å leite etter fisk.

HYTTETUR?

Det er tid for storsesong på Sunnabu.

Mange vil nok nytta høvet til peiskos og skigåing framover. Nokon har alt nå tenkt å leggje seg i trening til Sunnaburennet. Nye lagsfolk er hjarteleg velkomne. Avtal reisemåte med andre og sei frå til hyttestyret at du kjem.

SPREKE KARAR

Det finnest spreke folk i Sunnhordlendingen (visste du ikkje det?)

Oddvar og Olav har lege i treningsleir på Kvamskogen ei veke med børse og ski. Det vert nok ennå vanskelegare å halde fylgje med dei etter dette.

RIMELEG LYSING

Me har fått tilbod frå Gula Tidende om å lyse møter og tilskipingar i bladet. Kr. 10,- skal ei slik melding koste.

NY UTANRIKSMEDARBEIDAR

Frå neste månad får Sunnanvind utsendt medarbeidar i Romania. Det er Geir Henning Matre som reiser dit for å arbeide, og han vert der eitt år. Me ynskjer han god reise og håpar han held kontakten med laget.

---

framh. frå side 2

NYTTARSFEST.....

Tore hadde medbrakt sjarmerande damebekjentskap og imponerte stort med tur like til Siribu nyttårsdagen.

Rakettar og knallbonbongar starta det nye året - 1976.

Så passar det vel bra å avslutta Sunnanvind med litt poesi:

FJOMARSONG

O, Fjimlefjell i flus!
Dei ofsegrøynde knøvlar,
dei glæs og snjos og grøvlar
i slupsafraut og gjus.

I Vorpegrøyt og flomp
vert knurvelapsi fjomen,
den nurke kleivsagromen
er gløysafulle glomp.

Njo hev eg Sneikjegvor,
ein graul og gruvl og kvakje
gjer yljarplaumar blakje.
Bjo fnjaus øyp Snyrkjedjor.

Høgje Djovik

NR 2
FEBRUAR
SUNNANVIND 76

Meldingsblad for Sunnhordlendingen

i Fensal KG. OSCARSGT 15

PROGRAM:
Om gamle stadnavn.
ved Eivind Buanes
MUSIKK OG DANS

LAGSKVELD 4 MARS

Vårprogram for Sunnhordlendingen

Møte framover våren er førebels sett til 4/3, 18/3, 1/4, 29/4 og 13/5. På slutten av sesongen vil me prøve å finne på noko ekstra.

Programmet framover tek til å ta form, men me vil helst ikkje avsløre for mykje på dette tidspunkt.

Komitéar til lagsmøte V-76

Til eit lagsmøte treng ein folk som kan lage til på førehand. Ein treng m.a. hjelparar til å koke kaffien og å smørje på rundstykker og anna fast føde. Vidare skal dei setje ut bord og stolar. For å få kaffivatnet varmt må komitéen helst møte kl. 1830.

Til lagsmøtet 4/3 er dei heldige vinnarane:

Tore Evanger, Jon Askeland, Inge Mikal Helland og Margot Våge.

Den 18/3 er fylgjande uttekne:

Kjell Matre, Anne-Lise Nonås, Vermund Sørbotten.

1/4: Geir Henning Matre, Helge Gill, Arne Lundal, Oddvar Drange.

29/4: Audun Otteren, Dagny Neverdal, Torstein Røsseland, Gunnbjørg Skålevik.

13/5: Torill Strømme, Magne Ro, Eva Bergstø, Britt Bjørgen.

Den som er sett opp først kvar kveld har ansvaret for at det blir innkjøpt dei nødvendige nærings- og nytingsmiddel. Liste over dette kan ein få på lagsrommet.

Skulle nokon av dei som er nemnde ikkje kunne møte, må dei sjølve skaffe reservar.

ANDERS KÅRE TALAR:

Kvar er de, Sunnhordar? Eg synest stundom det er sørgeleg lite av dykk på lagsmøta. Ikkje berre no, men også mange gonger tidlegare. Kva årsaka kan vera veit eg ikkje. Er programmet for dårleg? Høver ikkje torsdagskveldane?

No kan ein ikkje gjera alle til lags, dessutaner det alltid nokre som har anna å gjere nett den kvelden lagsmøtet er. Sjølv har eg i så måte ikkje mykje eg skulle ha sagt, første lagsmøtekvelden som formann var eg ikkje til stades. Det var rettnok fråvær på grunn av arbeidet, men likevel- eg var heller ikkje særleg flinkaretil å møta fram den tid eg ingen plikter hadde.

Men så snart ein får eit verv, føler ein seg straks meir knytt til laget, fordi det fell fleire plikter på ein, som til dømes det å syta for program. Eg må seieeg får respekt for den innsatsen føregjengarane mine har gjort. Det er ikkje berre å administrera, men stundom må ein stå på for å få det heile til å gli- improvisera program til dømes. Ikkje å undrast over at det er vanskeleg å få folk til å stilla som formann,- men nye toskar går lett i garnet.

Ikkje for det, sjølv har eg ikkje hatt nokre vanskar enno, takka vera dei andre i styret og den tidlegare formannen. Dei har på førehand ordna med mangt som må leggjast til rettes for at det skal sviva frametter i vår. Når slike Ting som Årsmelding er gjort unna, er det ikkje stort anna å gjera enn å skaffa program, og det går stort sett bra berre ein er ute i god tid. Det gjeld å ordna seg slik at ein slepp å ta alt på sparket.

Og dermed er eg attende der eg byrja- for no får det vera nok om meg sjølv-. Me har freist finna eit nokolunde variert program for våren, dels med innslag av eigne krefter som f.eks. gubbelaget. Me får vona at det vert noko for alle smaksretningarslik at flest mogeleg søkjer hit på lagsmøta. Laget skal då vera ein samlingsstad for sunnhordlendingar i byen.

Men det er vanskeleg å nå alle. Her kan det vere hjelp med tiltak som gammaldanskurset. Det samlar mange som såleis blir kjend med laget. Eg har inntrykk av at gammaldansarane mange gonger har vore dei som har fyld opp på lagsmøta.

Men skal folk like seg og bli verande, må dei aktiviserast. Det nyttar lite berre å fora folk med gode program. Gammaldans er ein aktivitet, men for å knyta folk til laget må også andre enn kursdeltakarane aktiviserast. Dette er den viktigaste grunnen til at me i vår vilkårleg nemner ut 4 komite medlemmer til kvart lagsmøte. Dei førebur møtet, smør mat, lagar kaffi, dekkjer bord, serverer og vaskar opp. Alle må ta sin del. Alle er like viktige for laget. Difor, du som brått fekk namnet ditt i avisa, og alle andre: MØT OPP, VER MED, SÅ GÅR ALT ENDÅ BETRE!

I helga skipa Gular til Bygdelagsrenn på Kvamskogen, og jentene våre lot ikkje den sjansen gå frå seg. Dagny gjekk like godt bort og vann Kvinneklassen. Det er lenge sidan Sunnhordlendingen tok gull i dette tradisjonsrike rennet, så dette var på tida. Godt gjort Dagny. Og ikkje nok med det. Kari sikra laget vårt sølvmedaljen. Spreke jenter - me har grunn til å vere stolte av dei.

Årsmøte i Sunnhordlendingen 5/2

Årsmøtet vart opna av formann Svein som ynskte dei få, men utvalde medlemene velkomne. Årsmeldinga vart opplesen og rekneskapet vedteke etter at nokre få merknader fra Ettersynsnemnda vart avklara. Deretter gjekk ein over til val. Her vart det en del diskusjon om einskilde sentrale tillitsverv. Det viste seg å vera fleire dugande emner, men årsmøtet kom snart fram til "rett mann på rett plass".

Etter denne effektive avviklinga av sakslista, vart den avgåande formannen Svein takka for godt arbeid i året som gjekk. Dessutan bør også Magnhild Hollund tildelast heiderleg omtale for 2 år som kassastyrar i Sunnhordlendingen.

Og etterpå vart det dans.

KURS (Ervingen)

Seminar om sjølvberging

elga 13.-14. mars på lagshytta å Grimseid. Pris kr 30,- inkl. iddag, overnatting og kaffi. ærare opplysningar ved

Påmelding
kriftleg: Gunnar Veland
Kringsjåveien 101
5031 LAKSEVÅG
r. tlf.: 21 19 63.

OBS!! SISTE!! OBS!!

Like før bladet går i trykken kjem sjølvaste hyttesjefen (Kari) stormande inn i redaksjonen og fortel at menyen denne helga er fastsett til:

Laurdag: Fiskebollar i tomatsaus.
Sundag: Kjøttkaker i brun saus.

Etter ein slik meny, reknar Hyttestyret med stor utfart, så intereserte bør kontakte koordinator Gunnbjørg Skålevik på telefon 27 15 80 (mellom kl. 0800-1600)

OBS! Kontingent OBS!

Me er gått inn i eit nytt år og på nytt kjem oppgjerets time. No når sjølvmeldinga er innlevert og status gjort opp er tida komen til å betale årskontingenten. Den er i år sett til kr 30,-. Dette gjev adgang til alle lagsmøte. Vidare vil lagslemer kunne reise til Sunnabu med godt samvit, og sist, men ikkje minst er ein sikra Sunnanvind i postkassa kvar gong redaksjonen får den ut.

Difor vil me oppmoda alle som ikkje tidlegare har letta sitt samvit om å nytta den vedlagde postgiroblankett slik at dei er sikra nokolunde fast levering av Sunnanvind.

Lesarbrev frå Wenche

Hei!

Siden jeg er blitt oppfordret til å skrive om hvordan jeg har det her på Nordfjordeid, får jeg vel bite i det sure eplet og sette igang.

Jeg liker meg veldig godt her på Nordfjordeid og trives veldig godt på skolen. Det er en fin skole. Vi er 86 elever her og det er 4 linjer, musikk, forming, friluftslinjen og den linjen som jeg går, sosiallinjen. Det er mye å foreta seg i fritiden så en trenger ikke kjede seg. Formingsrommene er åpne hele kvelden.

Vi er ofte ute på dagsturer, særlig i fjellet. Det er et flott turterreng her. Vi har mye snø her, så skiene blir flittig brukt. Men gammeldans er det smått med, så det savner jeg, men til gjengjeld har vi lært amerikansk squaredans.

Hilsen

Wenche Bruntveit

øtet har valgt fylgjande
onar som sine "nøkkel-menn
kvinner)":

H o v u d s t y r e t :

Formann: Anders Kåre Engevik
Styremedl: Kari Aarbakke
Lars Sigurd Valvatne
Astrid Hildal
Magnhild Arholm

Varamenn: Hans Heie,
Otto Arne Utkilen
Geir Henning Matre

H y t t e s t y r e t :

Formann: Kari Aarbakke
Olav Bjørgen
Gunnbjørg Skålevik
Magne Ro
Dagny Neverdal
Varamenn: Geir Henning Matre,
Britt Bjørgen

L e i k a r i n g e n :

Ragnhild Nesse
Astrid Hildal
Otto Arne Utkilen
Hans Vale
Varamann: Geir Mehammer

B l a d s t y r e t :

Audun Otteren
Hans Heie
Lars Sigurd Valvatne
Magnhild Arholm
Margot Våge

S k y t t a r l a g e t :

Olav Bjørgen
Sæbjørn Frøkedal
Samson Bakke
Varamann: Oddvar Drange

S p e l l a g e t :

Torill Strømme
Olav Fjæra
Audun Otteren
Ragnhild Nesse
Svein Bua
Magnhild Arholm

G u b b e l a g e t :

Olav Fjæra
Hjalmar Tvedt
Sæbjørn Frøkedal
ramann: Kjell Matre

Utsendingar til Bygdelagsnemndi:

Formannen
Svein Bua
Sigmund Myklevoll

E t t e r s y n s n e m n d a :

Gjenvalg: Kjell Matre
Sebjørn Frøkedal
V.m. Lars Bruntveit

R å d e t :

Gjenvalg (Hjalmar Tvedt)

V a l k o m i t é e n :

Lars Sigurd Valvatne, Magnhild Arholm, Ragnhild Nesse, Tore Evanger.

Sunnhordar skriv:

Ingvar Moe fra Etne har fått Vesaas-prisen for 1975 for diktsamlinga: "Løktastolpefrø" skriven på dialekt.

Ellers så kom Per Olav Kaldestad. "Det er framleis sol".

Sigbjørn Heie er i kjømda med ny diktsamling no i mars.

Me prøver ennå ein gong !!

Me har tidlegare freista få nye lagslemer med på hytta, det har ikkje alltid vore like vellukka. Men Hyttestyret gir seg ikkje. Lagsfolk skal til fjells (skogs) enten dei vil eller ikkje. Førstkomande helg, 7.-8. mars, vert det nye sjanser. Om du seier frå til nokon i Hyttestyret på lagsmøte, syt nok dei for at du kjem deg oppover.

S U N N A B U R E N N E T

Dato for det årvisse og tradisjonsrike Sunnaburennet er fastsett. 28. mars er dagen. Det er altså framleis nokre veker att til å finpusse forma. Konkurransen vert nok hardare enn på lenge. Men kven lar seg skreme av det?

SUNNANVIND 76
MARS NR 3

MELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

TORSDAG 18 MARS KL 19.58

„GUBBA LAGET KJEM"
KVAR KJEM DEI FRÅ ?

MAT · KAFFI · MUSIKK · DANS

I KVELD i FENSAL

KG. OSCARS-GT-15

LAGS

På lagsmøtet 19. februar fekk vi hyggeleg vitjing frå Askeladden. Sidan det er skotår i år, varta dei opp med friarviser i ulike utgaver. Så no har sunnhordlandsjentene lært nye smeikjeord til dei skal "på tusko".

Askeladden opplyser at dei er ein vise- og lyrikk-klubb, der ein først og fremst skal hyggja for kvarandre. Og dei er interesserte i nye medlemmer. Særlig ynskjer dei fleire lyrikk-interesserte. Dei har møta sine i Vaskerelven. Interesserte kan ta kontakt med Magnhild A. på lagsmøtet.

Ca. 50 frammøtte, Helland/Sørdal/Hanto spela.
Lars Sigurd Valvatne leda møtet.

LAGSMØTE 4. MARS

Eivind Buanes kåserte om stadnamn og stadnamngransking.

Det var tydelig at dette var eit emne som fenga sunnhordane. Ein del spørsmål kom fram under foredraget. Men dei fleste nytta høvet til å utvida kunnskapene sine i pausen. Anders Engevik var møteledar. Helland og Thorsvik sytte for danselåtane og 40 frammøtte svinga seg.

F O R 5 0 Å R S I D A N

("Ei fri og uavhengig presse")

Sunnanvind er igjen ute med nytt nr. Spanande reportasjer og siste nytt fra sosietetslivet har fått spalteplass. Særleg har styret i laget vore pågåande for å få spalteplass til sine meldingar og kommentarar. Dette er vi sjølvsagt glade for, men for at heller ikkje dei, skal ta ubegrensa spalteplass som sjølvsagt, tek vi i dag med eit klypp fra fyrste nr. av Sunnanvind. Her er det sjølvaste stiftarane som skriv.

Sunnanvind nr. 1 10. mars 1964

Første nr. av meldingsbladet for laget er hermed offentliggjort. Denne gongen kjem det i eit opplag på 200 og er heilt gratis. Redaksjonsmenda er : Gunnvor Djuve, Per Ivarsøy og Petter Ersvær. Når det er teke avgjerd om å gjeva ut eit meldingsblad, så er det ut i frå vår faste overtyding om at det er trong for ein nærare kontakt mellom lagsfolka og styret, samstundes som det skal vera til hugnad og nytte både for dei som les det og for dei som lagar stoffet.
Bladet skal vera uavhengig, det skal ikkje vera noko organ for styret. Me vil tillata oss å koma både med ros og ris, og me har eit inderleg ynskje til lagsfolka at dei kjem fram med det dei har å klaga over, og har de ros, so kom fram med den og.
Kan me fretta litt nytt frå heimbygdene våre vil me og taka det med.
Nykomlingen har ikkje fått noko namn enno, men her voner me på hjelp nettopp av deg, slik at me slepp å venta alt for lenge med dåpsseremonien.

Med von om at bladet vil verta til styrke og samhald for laget vårt, ynskjer me alle vel møtt til full innsats i tida frametter.

KORLEIS STÅR DET TIL MED GUBBANE ?

Har du høyrt rykta på byen? Gubbane har vakna til liv, seiest det. Ja, det har kome bladstyret for øyra at det for tida er stor aktivitet i Gubbelaget.

Me tykte dette høyrdest noko utruleg ut og tok difor telefonisk kontakt med sjefsgubbe Olav Fjæra for å få avsanna rykta. Men nei, det ville han ikkje gjera. Sjølvsagt kunne han ikkje hugsa kva gubbane hadde gjort eller diskutert på dei siste møta sine (men det hadde me då heller ikkje venta). Kva som kunne vera grunnen til rykta me hadde høyrt? Jau, det meinte han å vita. For ei tid sidan (han hugsa ikkje akkurat når) skulle det vera møte i programnemnda i dette eksklusive særlaget vårt hjå Hjalmar ute på Flesland. Men Olaguten og Kjell som var innkalla til møtet, kunne ikkje hugsa kvar Hjalmar budde (dei hadde begge vore der før). Dei hadde difor vore innom dei fleste gulmåla hus (Kjell hugsa at huset var gult for han hadde sjølv vore med å måla det) på strekningen Nesttun-Flesland for å spørja etter sjefsideolog Hjalmar.
Det var dette PR-framstøtet som nå var byrja å gi resultat, meinte Olaguten.

Om programmet til neste lagsmøte var klart? - "Program?? - Lagsmøte???" Jau, nå hugsa han det heilt klårt. Det var så godt som ferdig. Dei hadde enda diskutert om dei skulle leige Grieghallen for å gi plass til alle som ville komme for å sjå og høyre dei. Men så var dei komne til det at programmet nok vart ferdig før Grieghallen, og for at dei ikkje skulle gløyme ut heile programmet, hadde dei avgjort å ha fyrste framsyninga i Fensal (rom nr. 407).

Meir hadde ikkje Olaguten tid til å fortelje, han kom plutseleg til å hugse at han skulle ha matematikkforelesning. Men gubbane dei kjem - det lova han.

SB

PÅSKE PÅ SUNNABU ?

Påskehelga kjem seint i år, men no er det likevel ikkje lenge til. Difor har Hyttestyret avgjort at dei som ynskjer vera på Sunnabu i påskehelga må melda seg innan 1. april. Antallet vert avgrensa (om nødvendig) til 16-18 personar. Meld frå til Hyttestyret at du er interessert - alle har like sjansar til å komme med. Her har ikkje "pampane eller byrokratane" forrettar framfor oss andre. NB! Advarsel: Forsøk ikkje å sikre deg ein plass med å gi gåver til Hyttestyreformannen eller med annan form for korrupsjon.

SUNNFJORDINGAR TIL SUNNABU

Hyttestyret har invitert Sunnfjordlaget på vitjing til Sunnabu helga 20.-21.03. Men sunnhordar får og sjølvsagt reise. For å få vite kor mange som vert med på denne felles-utflukta, må ein melde seg på til hyttestyret seinast torsdag 18.03. (på lagsmøte).

S K O T Å R S F E S T

Laurdag 28.02. hadde Sunnfjordlaget laga til skotårsfest på Fløyen og sunnhordane var innbedne. Dei møtte mannsterke fram og oppførte seg eksemplarisk. Berre få av gutane var så sjølvgode at dei hadde hanskar med, så me avventar offentlege resultater av feiringa.

P R E S S E O M T A L E

Det nye styret i Sunnhordlendingen er PR-kåte. Det oppdaga me på laurdag. Medan me sat på Kaffistova og åt spekesild og graut og leita etter nyhende frå heimbygdene i lokalavisene, får me auga på overskrifta "Stor aktivitet i Bygdelaget Sunnhordlendingen". Under denne stod å lesa at me hadde hatt årsmøte og at 1975 hadde vore eit godt år for Sunnhordlendingen. Og så hadde fleire lagslemer fått namnet sitt i bladet. Me håpar at mange heime i Sunnhordland les dette, og at dei kjem med i laget når dei dreg til byen.

SB

Nordisk folkedansstemne

"NORLEIK 76" vert i Trondheim 7.-12. juli. Program m.a.: "Draumkvedet" blir framført i Nidarosdomen. Der vert to nordiske folkedanskveldar og kvar kveld er det nordisk samdans 2 x ½ time. Ellers vert det og mykje friluftsliv. Spelmannslag står for musikken.

Arr. Norges Ungdomslag/BUL i Nidaros.

Påmelding innan 25. april til:

Noregs Undomslag
Kr. Augustsgt. 14
OSLO 1

T E A T E R !

Korleis står det til med teaterinteressa blant lemene i Sunnhordlendingen? For nokre år sidan gjekk lagslemene ofte på teater saman, men i den seinare tid har det ikkje vorte noko av dette. Skal me freista på nytt?
I desse dagar er det premiere på Den nasjonale scene. Det er "GODE MENNESKE I SEZUAN" av Bertolt Brecht som kjem. Me vil gjerne høyra om det er noko interesse for å ta opp att denne tradisjonen før me gjer noko meir. Sei di meining til Magnhild Arholm, er reaksjonen positiv, vert dato fastsett seinare.

T E A T E R K U R S

Teaternemnda i Hordalang Ungdomslag skipar til teaterkurs i Grendahuset, Norbygda i Samnanger 19.-21. mars 1976. Kurset vert 3-delt og deltakarane kan velja mellom følgjande emne:

1. Teater, drama, mime og rolleanalyse.
2. Regi, instruksjon og rolleanalyse.
3. Lys/lyd.

Er nokon interessert i å reise, må dei gi beskjed til styret snarast.

ÅRSMØTE I HORDALAND UNGDOMSLAG

Det vert årsmøte i Hordaland Ungdomslag på Hundvin, Lindås 27.-29. mars. For laget vårt reiser Lars Sigurd Valvatne.

Sportsnytt

Så har det vore Vestlandsmeisterskap i skiskyting. Vår mann Oddvar Drange vart nummer to i sin klasse. Gratulerer!

I denne spalta tar vi også med at Tore har forlova seg. Våre beste gratulasjonar.

LANDSSTEMNA 1976

Landsstemna til Noregs Ungdomslag vert i Ørsta-Volda i tida 1.-4. juli. Programmet har me enno ikkje fått.

Denne vil vi ha på norsk til neste nr.:

A S O N G

A widow bird sate mourning
her love
Upon a wintry bough;
The frozen wind crept on
above,
The freezing stream below.

There was no leaf upon the
forest bare
No flower upon the ground
And little motion in the air
Except the mill-whell's sound

Percy Byshe - Shelley - 1792-1822

HH

Og så kom kalkunen...

Etter mange PR-framstøt: blei han tillaga og servert på "Sunnabu" for 27 nye og gamle hyttefararår. Sidan han blei boren fram som nattmat, og stemningen var høg, fekk Svein mykje skryt og godlæta. Han vil gjerne ha avsanna alle rykte om at han er ein skral kokk, og vi kan skriva under på at han har hatt stor nytte av kokeboka han fekk til jul. TUSEN TAKK-magnhil

SUNNANVIND

MARS NR. 3

Lat oss dansa:

GODE RÅD

1. Ta ikkje for lange steg. Det er ikkje øving i lengdesprang. De kuhne øydeleggja jamvekta momentant og uroa heile rytmen.

MELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

TORSDAG 10 MARS

PROGRAM---

DEN SOM VISSTE DET---

KL. 20:-

KOM OG HØYR --OG SJÅ

INGEN VEIT ENNÅ

MUSIKK OG DANS

FENSAL 407

TAGSKVELD

MØT OG HARFI

KONGSCRSGT. 15

AVISA KJEM TIL DEG FOR DU SKAL GÅ UT -- INN TIL OSS I FENSAL

S·H·L·D·G·N

Jaw: Om Vigdis Espeland sitt samlearbeid blant uteliggjarar i Bergen.

Mange gode plasseringar til våre heltar

Gular har fått seg eiga hytte i Eikedalen, men framleis gjer sunnhordlendingane store innhogg i pokalbordet etter Bygdelagsrennet.

For vel tre veker sidan vart såleis Thor nr. 2 i sin klasse, medan Oddvar like godt gjekk bort og vann i sin klasse. At ein danseglad annonymus (signatur S.I.) braut løpet etter to runder pga. tørste!!, set Oddvar og Thor sine prestasjonar i eit endå betre lys. (Tru ikkje dei var like tørste?)

Arne Hauso som nærast er adoptert av Sunnhordlendingen, vann også sin klasse. Han hadde også oppsøkt den urolegaste overnattingsstaden på Kvamskogen denne helga (Sunnabu). Slikt kan det vera meining i. Neste år stiller også du og eg opp i Bygdelagsrennet. Der er sikkert ein klasse for oss også. Vel møtt!

Einaste måten...

Kari traff spikeren på tommeltotten då ho slo fast dette:

"Einaste måten å få fram meiningane sine på, er å skriva i Sunnanvind." Når du likevel til fånyttes leitar etter Kari sine meiningar i dette nummeret skuldast det berre at ho har så mange meiningar. Ho treng såleis skuleferien for å få dei nedskrivne, og dermed når ho ikkje

"dead-line" for denne avisa. Så får vi berre vona at meiningane ikkje fell til ro når ho stressar av på Sunnabu.

Mange andre i laget går også rundt med innestengde meiningar - og det tykkjer redaksjonen er meiningslaust.

Så kom kun til oss...
Vi tek mot alle innlegg, framlegg og motlegg så langt plassen rekk. Teikningar (ca. 8 x 8 cm), dikt, reiseskildringar, er alt slikt som ei populæravis måka ned!

Redaksjonen ser forresten at det ikkje er alle som likar å debattera. Ta til dømes det alternative sunnaburennet vi kasta fram sist. Motmennene slo straks til og fastsette dato for sunnaburennet til 12. mars. Dermed ser det ut til å gå mot tradisjonelt opplegg også i år. Dette var ein lærepenge til alle oss infiltratørar og aksjonistar. Men vi er mange. Vi skal slå til att!

Bladstyret har også konstituert seg. Margot vert ein nøkkelperson (forvaltar nøkkelen til lagsrommet - så ho må alltid møta presis). Ho er redaksjonssekretær, tar imot manuskript, skriv dei på maskin og står for "lay-out". Ho må ha stoffet onsdag føremiddag veka før avisa kjem ut.

Bente skal førebels vera adresse- og konvoluttsjef. Hans står for avisa sitt andlet - den alltid skiftande framsida.

Bladstyraren prøver å fylla ut med sjølvkomponert stoff dersom medlemene i laget misser skrivekløen. Han vil med jamne mellomrom slå til med kannonintervju.

Kristin er førebels free-lance-medarbeidar. Bladstyret har dermed presentert seg, og ventar straks å verta nedrendt av ivrige medlemer....

Sunnanvind-leiar

På årsmøtet drøfta vi - som alltid - medlemspengane. Det vart sagt "sumt vist og sumt uvist" i den saka, som i alle andre saker. Eit av visdomsorda var noko om at medlemene skulle yta til laget gjennom sitt arbeid i laget og ikkje ved å betala høge medlemspengar.

I gamal tid, som berre dei i gubbelaget hugsar. Då drog Sunnhordlendingen i Bergen ut med spelstykke og leikarring til Fitjar, Våge, Reksteren og stundom like til Etne og andre fjerne bygder. Dette vart kalla utferd, og ei eiga nemnd i laget, utferdsnemnda, stod for tilskipinga av turane. I desse bygdene var spelstykke som "Kallane i Oladalen", "Kjerringnaud på strilelandet" m.fl. vel omtykte, og fagnaden dei fekk stod ikkje attende for det Riksteatret i dag får.

Tilbake til poenget. Desse kulturmisjonærane våre ytte meir til laget sin økonomi enn mange års medlemspengar, anten dei spela "dreng" på scenen, eller "politi" nede ved døra når sterkt rusa innfødde gjerne ville inn i salen. Men det var alltid dei same som gjekk att, då, slik som no. Eit ti-tals entusiastar som knapt fekk sminka av seg før dei måtte ut og selja billettar.
I dag har laget 130 medlemer. Det kunne vera eit ønskjemål om alle kunne yta til laget gjennom arbeid for laget. Før det vert realisert, må vi basera økonomien på medlemspengar, inngangspengar og ikkje minst, lotteri.

h a n s e i g a s p a l t e :

CARTER
BRUKTE PEANØTTER
MAGNHILD HAR BAKA BOLLAR
FOR SUNNHORDANE
DERMED VART HO VALD

I serien gode framlegg kjem vi no med vårt eige

SUNNABURENN-OPPLEGG (ALTERNATIVT)

Som ramme om rennet kan vi velja ein dagstur til Fagrefjell. Alle går i samla tropp. Dei første bakkane oppover gir fin oppvarming. Eit stykke oppe i lia kan vi ha ein bratthengprøve der det gjeld om å klatra oppi og køyra nedatt frå eit vanskeleg brattheng i finast mogeleg stil og utan fall, glipp osb. 0-10 poeng. Alle er domarar for kvar einskild som prøver.

Lenger oppe kan vi ta eit 500 m langt langrenn med felles-start, plass-sifferpoeng. Seinare kan alle få prøva å orientera seg etter kartet. Dei får utlevert eit kart, og merkjer av kvar dei er, og så skal dei gå til eit punkt som alt er avmerka på kartet. Poeng etter kor nær ein kjem.

Turen held fram, og på ein flate tar vi stilkonkurranse for diagonalgang og dobbeltak, 0-10 poeng.

Vel framme ved Fagrefjell er det tid for å eta matpakke, sola seg og slappa av. Men også her legg vi inn aktivitetar. Deltakarane vert inndelt i lag (f.eks. Tysneskråker, Fitjarbuer, Fanastril, ...) og går skiskytingsstafett med pilkast og strafferundar.

Deretter skal kvart lag transportera ein "skada" person på provisorisk skikjelke eit stykke. Poeng for beste tekniske løysning.

Her kan vi og ha skihopp-tevling, men berre slik at stilkarakteranе tel. Vi vil ikkje at nokon skal knekka armar og bein og ski med det skrøpelege utstyret.

På heimvegen tar vi slalomkonkurranse ned "Shampagnebakken". Til slutt deler vi ut ekstrapoeng til dei som har vist best humør på turen, fortald beste vitsen og på annan måte gjort det til ein gild tur for alle.

---

framhald frå førre nr.

Kannonintervju med Magnhild:

Aktivitetane i dag avgrensar seg til lagsmøte, leikarring og Sunnabu. Av dei er lagsmøta jo svært stereotype no, så eg kan gjerne få framlegg til nye samværsformer i laget.

S.V.: Kva med kontakten med bygdene?

M: Ja, mange sunnhordlendingar i byen veit ikkje om laget. Det er ikkje nok med avisinnlegg som i fjor. I år skal vi senda årsmeldingar og anna materiell til ungdomslaga. Sjølvsagt må vi freista koma ut med revy el.l. til sunnhordlandsbygdene. Sjølv har eg lite tid til å vera med på program no når eg er formann.

S.V.: Annan utadvendt aktivitet?

M: Det er ønskjeleg med meir samarbeid mellom dei ulike laga i byen. Sjølv går eg ofte på møte i andre lag, og andre må gjerne koma til oss. Vi har eit interessant samarbeid i den nye sosialgruppa i Bygdelagsnemndi. (Ref. mrk.: Her kjem ei lengre utgreiing om ymse "tildragelser" i samband med program ho har vore med på gjennom sosialgruppa. Denne nye aktiviteten i lagsarbeidet skal vi dekka i eit nr. seinare.)

Intervjuet nærmar seg slutten, og Magnhild vert meir og meir snakkesalig. Redaktøren melder pass, men får klar beskjed om å ta med dette:

Det er mange i laget som fortener ros og skryt og som eg set spesielt pris på å få samarbeida med. Ein av dei må eg få nemna med namn: Det er Olav Helland som vi no i 10 år har hatt som fast spelemann. Vi er svært glade over å kunna kalla han vår spelemann.

Slutt.

Leikarring 17. mars

(frå vår utsendte danseskribent)

Polskurset som no er i sving går både i vrangsnu og rettsnu. Omlag 92 kursdeltakarar vil etter 10. mars gå rundt på byn og halta på venstrefoten.

Formannen i leikarringen, Ragnhild, nemner elles at leikarringen tek til att med faste øvingar torsdag 17. mars kl. 20 i Fensal, 4. etasje. Dei som styrer saman med henne har konstituert seg slik:

Kassastyrar: (og varamann) Arvid Holm

P.R.-sjef: Svein Inge Hansen (adressa skal vera 5031 LAKSEVÅG)

Utferdssjef: Astrid Hildal.

Sunnanvind reknar med at dette sterke "teamet" har omkved i arbeidet sitt frametter våren:

"Oppi Hallingdal oppi Triumslått
der bur ein mann som vil gjera godt,
med surt øl og med røyka kjøt
om han hev det."

For der er det stemne til sommaren.

Sunnabu

Styret hadde møte torsdag 24. februar. Margot Våge er kasserar og kontaktmann for hytta. Ho er å treffa på telf. 294805 (arbeid).

Sunnaburennet går laurdag 12. mars. Bergsdalen/Kvamskogen ? Helga 18.-20. mars er Sunnfjordlaget invitert.

PÅSKE: Dei som skal på hytta fra onsdag til 2. påskedag må vera snar og teikna seg på lista som vert utlagd på lagsmøta og leikøvingane. Påmeldingsfristen er 24. mars.

Det nye styret vil med dette få takka Gunnbjørg for dei 6 åra i styret, og for det prektige arbeidet ho har utført. Men me må ikkje gløyma Kar og Olav for god innsats, takk skal de ha.

Magne

K O N T I N G E N T E N ! ! !

For framleis å ha det privilegium å få Sunnanvind i posten (det skal verta mykje sunnanvind i år etter langtidsvarslet) og ellers med godt samvet få ta del i laget sine goder, som lagsmøter, reiser til Sunnabu o.l. minner me dykk om at det er tid for ny innbetaling av årskontingenten.

Til dei som ikkje alt har letta sitt samvet: Betal så snart du får blanketten i posten!

77 NR. 4
SUNNANVIND

HUKS: DET ER BERRE ÉIT ÅR TIL NESTE SUNNABURENN. LEGG PLAN FOR TRENINGA - REIS PÅ SUNNABU.

MELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

LAGSMØTE I FENSAL (4. høgda)
torsdag 24. mars kl. 2000. Hjarteleg velkomne!
presis!

Du og eg vil gjera vårt for at det vert ein triveleg stad å vera. 1 - & 2 - & 3 - HOPP

bak-to-fram-skift-to-tre

Programmet mellom KAFFI + MAT og DANS er ukjent.
Det vert spanande - Kom og opplev det og.

Sommarkursa til NU 77

Det vert barnelagsleiarkurs, leiklærarkurs, rep.kurs for leiklærarar, spelemannskurs, teaterkurs, ungdomsleiarkurs og miljøvernkurs.

Målsettinga med kursa er å gje praktisk og teoretisk innføring i kvar einskild gruppe, og gje deltakarane større innsyn i kva Nu er, og vil.

Barnelagskurset tek sikte på å gje generell rettleiing om arbeidet med barn og ungdom. Deltakarane kan velja mellom to hovudemne, teater/mime/drama eller leik/dans.

Leiklærarkurset tek sikte på å gje opplæring til leiarar og instruktørar i folkedans. Deltakarane på kurset må ha gått på minst to leikkurs, eller eit leiarkurs før.

Rep.kurs for leiklærarar tek sikte på å gje leiklærarar ei vidare utdanning i folkedans etter tidlegare utdanning. Deltakarane på kurset må ha gått leiklærarkurs før, og ha praktisert som leiklærar etter det.

Spelemannskurset tek sikte på å gje spelemenn høve til å læra danseslåttar (gamaldans, turdansar, bygdedansar) og gje øving i å spela til dans. Søkjarer må kunna spela enkle melodiar uten for store "feilskjer".

Teaterkurset tek sikte på å gje deltakarane nye impulsar til teater- og dramaarbeid. Og utdanne instruktørar til å angripe problem frå ymse punkt og synsvinklar.

Ungdomsleiarkurs: Målsettinga med dette kurset er å gjera deltakarane kjende med NU, arbeidsmåtar og arbeidsområde. Det vil verta opplæring i korleis ein kan driva eit ungdomslag. Deltakarane på kurset skal vera lagsfolk som har/vil få tillitsverv i fylkeslag og/eller særlag

og instruktørar i NU. Dersom plassen tillet det, vil tillitsfolk i lokallag få plass.

Alle dei overnemnde kursa går på Fana Folkehøgskule i tida 24. juli - 7. august.

Miljøvernkurs (Soleggenkurset).

Tema på kurset vert naturvern,

kulturvern og menneskevern. Alle som ynskjer å koma ut i naturen kan søkja på kurset. Kursstaden vert Soleggen Fjellstugu, Lom i Gubrandsdalen i tida 28. juli - 3. august. Kring kursstaden er det vakker natur, rik flora og godt høve til geologisk studium.

J.A.S.



Sunnaburennet 1977

Rennet vart i år utan dei store sensasjonane kva veret angjekk - det hølja som vanleg ned då fyrste mann stakk avgarde presis klokka tre. Sensasjonar var det derimot blant deltakarane - i år med internasjonal klasse representert ved englendaren Philip. Av andre debutantar må nemnast Annemor og Lars Sigurd som begge imponerte sterkt.

Stemninga var amper før start, med forsøk på sabotasje og mange gode smurningsråd - råd for alle slags føre. Det var såleis tydelege forsøk på å få dei argaste konkurrentane til å smørja seg vekk. Ein del tok smurningsråd frå Holmenkollrennet, men atter ein gong synte det seg at vår lokale ekspert fekk rett då ho hevda at veret var ufyse og mange lag (minst 17) raudt klister var det einaste rette.

Løypa var svært fin (utlånt frå Varegg), så tidtakarane fekk det travelt då start nr. 121 Geir Henning kom til syne oppe i svin-

gen berre få minutt etter siste mann var sendt avgårde. Men han hadde ikkje driv nok, for start nr. 134 Thor slo han med knapt 10 sekund.

I dameklassen var ikkje kivinga om fyrste-plassen mindre (Gunnbjørg låg heime i "flonsa"). Jamvel om Dagny hadde god sekundering ute i løypa, vart ho 3 sekund for sein i mål.

Eva har teke hevd på tredjeplassen i rennet, men ho tok nok fyrsteplassen på banketten då ho varta opp med special-gelé-bringebær-banan-terte. Thor og "konemor" hadde og med flat kvit øskje, så alle pusta letta ut då rennet var over, og lovord mangla det ikkje på ved kaffibordet.

Her kjem lista over dei 10 som gjekk fort nok til å få namnet sitt i avisa:

Menn

1.	Thor Økland	6.44
2.	Geir Henning Matre	6.53
3.	Lars Sigurd Valvatne	7.38
4.	Philip Butler	8.11
5.	Harald Aarbakke	8.44
6.	Magne Ro	9.01

Damer

1.	Kari Aarbakke	8.04
2.	Dagny Neverdal	8.07
3.	Eva Bergstø	8.47
4.	Annemor Skaar	10.00

• • •

Stemningsbilete frå lagsmøte

anno 1977

Klokka er 20.15. Eg kjem omlag presis. Det første som slår meg når eg kjem inn døra til rom 407 i Fensal, er at her er det lite folk. Bordet er dekka i U-form, men berre ved eine armen på U-en sit det folk. Kaffien er komen på bordet, og rundstykka med brunost og kvitost og fårepølse går ned på høgkant.

Stearinlys og litt mindre taklys ville kanskje tint opp folket meir. Klokka passerer 20.30 og eg får høyra årsaka til at enno berre 20 er møtt opp:

"Vi har siste øvingskveld på polskurset nede i storsalen". Kvifor ikkje starta ein time tidlegare med det, og lata lagsmøtet verta kursavslutning? Programopplegget ville sikkert falla i smak hos alle. I staden sit vi i det sterke lyset, med den sterke kaffien (god), og ser på Hans'en sine siste sterke bilete. Nokre småpratar om skiturar, andre berre et.

Vigdis (Espeland) finn fram papira sine. Nett i det same kjem Anders Kåre sitt hovud stikkande inn døra med eit spørjande uttrykk. Jau, her og no er det Sunnhordlendingen har møte! Magnhild ønskjer folket velkomne, og let Vigdis og Åse sleppa til med programmet:

"Blomar i rennesteinen"

Dei 105 medlemene som ikkje var til stades, kan sjå i programbladet for radio i nær framtid, og få høyra kva blomar det var tale om.

Vigdis fortel korleis ho har drive sitt heilt spesielle folkloristiske innsamlingsarbeid. Med ein plastpose med pils som inngangsbillett, slo ho seg "i lag med" dei heimlause alkoholikarane som vi knapt torer sjå på når vi hastar gjennom Hollendergaten på veg til vårt samfunnsgagnlege arbeid eller våre livsviktige innkjøp. Med medfødd skrekk for alt "bondefangeri", frykter vi å verta nedslegne, eller i alle fall å verta bomma for pengar.

Vigdis fekk gjennom viser og stubbar høyra korleis desse folka ser på oss, på politiet, på samfunnet. Dei lever i ein evig sirkel: Gateliv, fengsel, avalkoholisering. Visa om "Ragnvald som skal kjøpa dress" syner korleis sirkelen vert lukka. Han vonar å verta skikkeleg borgar,

men pengane i lomma og alle gode forsett fer overbord når han møter gamle kjenningar. Til slutt resignerar han: "No è eg kav lasaron".

Åse (Festervold) syng visene og fortel stubbar om korleis dei "lura strilane" og "blir tauet til boksen". Vigdis bind programmet saman - vi er alle med.

Det er humoristiske innslag sjølv i forteljingar frå fengselslivet. Som denne vitsen (fritt referert)

Hun: Du svømmer godt.

Han: Ja, jeg svømmer godt. Men du svømmer godt du også.

Hun: Ja, jeg svømmer godt. Men så har jeg da også vært gatepike i Venezia.

Pressefotografen til Sunnanvind er med jamne mellomrom framme med blitzen. Når vi kjem ut som kulørt vekeblad skal det ikkje mangla stoff!!!

Programmet er slutt. Billettsalet går etter kollektprinsippet: "Gi etter evne, men minst ein blå lapp". Kjøkkengjengen med Eva som sjef, ryddar salen, og det er på tide. For opp frå storsalen kjem det sveittavåte "polsarar" og spelemann med blomar. Snart er dansen i sving. Det går på vals, reinlendar, swing og tango, med ein og annan pols og rudl innimellom. Hans sel lodd på konfektøskjer, fat, bøker og ananasboksar. Stemningen er bra, men ikkje på topp. Til det er det for lite folk, og kanskje er opplegget litt for lite organisert. Ingen tek initiativet til noko spesielt. Kvar dansar med ein eller to av dei ein kjenner og har noko usnakka med.

Miljøet freistar sikkert ikkje eventuelle einslege nykomarar til å koma att. Berre 3-4 "gamle" medlemer er her. Folk går litt etter litt. Møtet går gradvis i oppløysing. Før alle er farne, samlar Magnhild undersåtane til godnattsong: "Å leva det er å ..."

——— 0 ———

Innlegg frå lesarane

Sidan lesarane enno er for blyge til å skriva offentleg, kan dei trena seg på å skriva innlegg i sitt eige Sunnanvind i ramma ovanfor. Er dei redd for at bladet skal koma på avvegar (tatt av vinden eller renovasjonsvesenet), så kan dei skriva anonymt.

———

AKTIVITETS-STATISTIKK

I regntunge kveldar på hytta fann vi i gamle dagar moro i å føra statistikk. Vi talde underskrifter i hyttebøkene, førde "10 på topp" og skreiv om det i Sunnanvind. Sesongstatistikken for 60-åra avspeglar på ymse vis lagsaktiviteten. Første åra var hytta mest berre i bruk ved påske tider. Seinare har det gradvis gått over til heilårsdrift. For 10 år sidan var det eit svært oppsving i samband med jubileumsåret. Korleis har det gått seinare? Er det nokon som let seg utfordra til å telja?

SV nr. 5 SUNNANVIND

PÅSKE NUMMER



MELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

LAGSMØTE I FENSAL

torsdag 14. april (5. påskedag)
presis kl. 2000.
Alle andtet er velkomne, både brune og kvite!
PROGRAM: Enno ikkje fastlagt, men det blir utdeling av PREMIANE FOR SUNNABURENNE 77.
Mat - Kaffi - Te - Dans

SV presenterar:

Spellaget

Ved bordet vart vår utsende teaterskribent sitjande andsynes ein av våre trauste amatørar. Vi er ikkje sein om å lura ut av han ein replikk:

SV: Kan vi venta ein premiere med det første?

AO: Nja, nei, ... spellaget kviler på sine laurbær(blad).

SV: Stikk dei seg ikkje der?

AO: Nja, nei ... dei kviler godt.

Seinare vart det snakka om Sveiotur. Og på spørsmål frå ei spelhuga jente om han kan finna fram eitkvart til det høvet, skifta AO's tone eit lite hakk meir positiv:

"Nja, tja ... kanskje da kan lata seg gjera."

——— 0 ———

Internasjonalt folkedansgilde

Laget vårt har lenge vore med i gilde-"stiftelsen". Men til vanleg har vi berre vore "supporters" for gilda, og utan å yta svært mykje.

I år skal vi saman med Fana UL stilla 6 par til Håkonshallen. Dei skal dansa "Tordiveln og flua" og gammal reinlendar. (Så seier Geir Henning.) Dette skal gå føre seg i byrjinga av juni.

NU-stemna vert i år på GOL i tida 29/6 - 4/7.

K l a g e frå hyttehelgdeltakar: Det var klypetroll på bussturen oppover og vart såleis periodevis uråd å sitja i ro. Ja, det var heller ikkje heilt fritt på sjøle hytta. Det må utryddast....

SUNNANVIND-LEIAR

Stemningsrapporten frå lagsmøtet i siste nummer hadde sin verknad. - No på siste møtet var det kome lys på borda, lyset i salen var dempa, gamle medlemer var møtt opp, vi song allsong, alle fekk presentera seg og Magnhild "tok det lugnt".

Det gjer ho forresten ofte, men denne gongen var dette ein del av programmet. Ho las "GRUK" - av Piet Hein. - små stubbar, eller dikt, eller kort og godt "gruk".

Ragnar Spissøy hadde tidlegare på vinteren hamna midt i eit lystig karneval på Sunnabu og der lova bort premiar til dei beste på/av-kledningane. Sunnaburenn-premieringa var utsett, men Spissøy'en slapp til i staden.

Også etter bordseta fekk vi oppleva "god, gammal" lagsmøtestemning. Ikkje alle likar folkeviseleik. Og når det kom eit så barnsleg forslag som "Eg ser på deg ..." vart det velkjend jamring. Mitt forslag er at dersom desse har ein betre måte å få opp stemninga på og få alle med på, så lat dei sleppa til.

Denne kvelden var golvet fullt frå første stund. Stor stemning. Velkomne att alle på 5. påskedag. G O D P Å S K E !

T I L S V E I O

Helga (6.) - 7. - 8. mai dreg vi på utferd.

Ragnhild er vertinne på Bua. Ho disponerar eit stort hus - og der vert det fest. Wenche er med i velkomtkomitéen der nede.

Den formelle delen av utferda er at Sunnhordlendingen skal vera med på Bygdakveld. Ragnhild oppmodar alle som "kan noko" eller "har lyst til noko" om å ta kontakt med henne eller einkvan i spellaget slik at vi kan koka saman eit program.

SV: Skal leikarringen vera med? Skal det vera framsyning med bunad?

R: Slike detaljar er ikkje avgjort enno!
Men Helland og Erling skal ha felene med nedover.

Vi andre treng soveposar, så hugs på å få dei ned frå Kvamskogen. Nærare beskjed kjem seinare.

Prøv å tenkja ut eitkvart no i påskehelga.

Bladstyret vil gjerne leggja til:

Ei slik utferd er ei oppleving anten du vil vera aktør eller berre i støtte-troppen. Lat det merkast i bygda at Sunnhordlendingen er ute og fer! Ver med!

Familiehelg?

Eg har no fleire gonger freista setja hytteformannen til veggs for å trua til oss ei familiehelg. Men han tek det med RO. Han må ha møte på det, seier han.

Det er helga 16.-17. april (første helga etter påske) eg har gjort framlegg om.

Skal nokon oppover denne helga, bør dei først ta kontakt med hyttestyret for å høyra om det er familiehelg. Då vert ikkje bleie-sjokket så enormt.

"Sunnfjordtreff på Sunnabu"

Ja, såleis var det med brask og bram annonsert om helga 19.-20. mars. Ein av våre kom opp laurdagskvelden.

Det var strålande ver. Han venta å finna den store forbrødringsfesten i gong med full jubel og stormande hus.

Men der sat det 3-4 stillferdige sunnfjordingar - aleine. Var sunnhordlendingane bortskremde?

Påskedagstur:

Hamlagrø - Kvamskogen

Du tek toget frå Bergen kl. 0835 til Dale og buss til Hamlagrø. Der kan du spenna skiene på deg litt før klokka elleve og leggja i veg langsmed vest-sida av vatnet og ta sikte på skaret vest for Geitafjellet.

Det er merka løype heilt ned til Kvamskogen. Vi seier "ned", fordi vi startar på 568 m.o.h. og kjem i mål 200 meter legre.

No er turen litt "småkupert". Først 300 m stigning opp til Vending der du får ei herleg utsikt nedover Vossadalen, som på ein solklår dag ligg glimande snøkvit og lun.

Så er det utforkøyring 1,5 km nedover dalen. Like før Fugladalsvatnet ligg det ei seter. Der tek du av til høgre opp Fugladalen. Men her er det også mange fine plassar å slappa av med nistepakke og termos.

Dagen er enno ung, og i fint ver treng du ikkje hasta på. Og maten kjem vel med, for her kjem det 300 meter stigning att fordelt på 3 kneikar med vatn mellom (Fugladalsvatna).

Der du passerar turens høgdepunkt (1 030 m) er du vel halvvegs til Sunnabu. Spreke folk tok i mi tid gjerne ein avstikkar til Fuglefjell (1 334 m) herifrå trygt vitande at det berre er unnabakke og flate att. Men for ein flate! 4-5 km Myklavatn er slitsomt. Og nedkøyringa til Byrkestølane kan vera hard på skareføre eller dersom bekkar og steinar byrjar koma fram slik som no.

Har du "ordna deg" med einkvan annan, så ventar middag, turt tøy og sovepose på Sunnabu.

Kari, Geir Henning, Thor, Dagny m.fl. opplevde alt dette sist sundag (20.03).

Velkommen etter!

(NB! Sunnabu har faste gjester i påskehelga, så du kan ikkje rekna med overnatting eller forpleining der dei dagane.)

26.-27.-03. Hytterapport

Denne helga nytta me også hytta vår. Me var i alt 10 personar, 7 kom laurdag morgon og tre seinare på dagen.

Det var ei fin helg både ute og inne. Sola viste seg om laurdagen. Sundag var det heller overskya, men fint ver å vera ute i likavel. Ifylgje røynde fjellfolk var det eit vanskeleg føre - blautt nede og kaldt oppe. Såleis fekk sunnhordlendingane igjen utnytta smyrjeevnene sine.

Det var ingen som røykte og fylgjeleg vart det klårver inne. Alle drakk - vart det sagt (sjølsagt). Ja me åt og - blautkaka!!! Det var komen ein ny peparsvein mellom oss dagen før.

Sjølve gudskjelovkvelden vart opna med kortspel, småprating, hekling og brodering. Sidan vart det dans i høvelege utporsjonerte

mengder. Og så kom kveldsmaten på langbordet og der vart det fortalt mangt og mykje, skildringar frå røyndomen og ein del vitsar.

Smaksprøve på det siste:

"Det var to menn som var ute og hogg ved. Den eine var krokryggja og den andre tannlaus. Så vart han som ikkje hadde tenner trøytt og slo frampå om at dei skulle ta seg fem minutt og retta ryggen. Men den andre karen svara at dei fekk heller bita tennene saman og fortsetja."

"Kva setning er: Eit skip går av stabelen?" Rett svar: -øʃs ƃuɪuɹəs Gale svar: ƃuɪuɹəspɹoƃ

Til slutt kom alle til sengs til etter personen høvelege tider og dagen derpå var me friske og opplagde, og resultata vart: skiturar og fotturar. Og denne helga var det høve til å sjå dei som slit med å gå "Kvamsogen Rundt" (tre mil), mange var med.

------0------

HORDASTEMNA 1977

Halsnøy 10.-12./06.

A m a t ø r m ø n s t r i n g

Førebuinga går no for fullt. Opplegget vert slik som dei to føregåande åra, men med færre kurs og andre aktivitetstilbod.

I programmet vil me freista å få fram 2 ting spesielt.

- ein presentasjon i ord og tonar av landsdelen vår, Sunnhordland,

- syna ulike sider ved lagsarbeidet vårt.

Ei slik mønstring får me ikkje til utan at de vert med. Me ber difor om at de melder dykk på til amatørmønstringa med innslag av ulike slag.

Stemnestad og tid

Sunnhordland Folkehøgskule, 5455 Halsnøy Kloster (over Ranavik ferje- og høydrofoilkai), i tida 10.-12. juni 1977.

Kva slag innslag?

Nær sagt kva som helst, framført av grupper eller einskildpersonar (t.d. opplesing/deklamasjon, dans, song, musikk sketsjar, korte spelstykke o.l.)

Kven får vera med?

Dei som melder seg først på, har størst sjansar. Stemnenemnda må ta atterhald om rett til å avgrensa deltakarantalet dersom det melder seg for mange.

Kva tid skal de opptre?

Mønstringa vert fordelt over heile stemna, og stemnenemnda må fordela dykk etter korleis det høver med programmet elles. Det meste vil likevel føregå laurdagskvelden då det er amatørmønstring m/dans på folkehøgskulen.
De kan koma med ynskje når de melder dykk på, og stemnenemnda vil freista å ta omsyn til dette under fordelinga.

Betaling/tilskot?

Betaling kan me ikkje by dykk, men de kan etter søknad få inntil kr 300,- i tilskot til frakt av utstyr.

Påmelding

Påmeldinga må de vera gilde å senda så snart de kan, og innan 15. mai 1977 til:

Hordastemna 1977
v/Kristian Bringedal
5455 HALSNØY KLOSTER

SV nr. 7 SUNNANVIND

MELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

Lagsmøte i Fensal
torsdag 26. mai 1977
klokka 2000
Program:
BERGENSVISER
framført av dugande aktørar
Mat - Kaffi - Prat - Dans
Vel møtt!

17. mai i byn.

Hipp, hipp, HURRA!

Dagen er vel overstått. Mange vakre sunnhordlendingar møtte opp for å gå i toget. Det var faneborg i år, så forutan han som fekk æra av å bera fana og dei fire jentene som pynta opp på sidene, alle i bunad, måtte me andre blanda oss med alle bonde- og bygdeungdomslaga bak alle fanene.

Alle var visst ikkje like fornøgde med det, men ville heller at alle sunnhordane skulle gledt seg i lag bak fana vår. Det får me til neste år. Så still opp alle som har lyst.

Om kvelden skal det ha vore ein mykje bra fest i Fensal hjå storlaget B.U.L.

HUGS:

Fotballturneringa

laurdag 11. juni.

Sunnhordlendingen stiller sjølvsagt med gjennomtrena folk. Me gler oss til ein ærleg kamp med dei tre andre laga.

Dersom du vil vita det nøyaktige tidspunkt og stad og klesdrakt, førehandstrening på Fløyen e.l., så ver frampå og spør dei leidande sjeler i laget vårt.

Og om kvelden blir det fest på "Sunnfjordheimen". Opplegget skal vera mykje godt.

ja, vi elsker...

NORSKTOPP - SUNNHORDLANDSTOPP

Torsdagens møte (12/5) var det topp!

Ingvar Moe og Stanley Jacobsen er på kort Vestlandsturné:

Sunnhordlendingen -
Husnes - Etne

med dikt av Ingvar, nokre av dei som viser ved Stanley, og Stanley sine solo-viser.

Ingvar var "i rute". Han var i Shl. for beint eitt år sidan. Han er frå Etne, men bur på Nøtterøy (hugsar de "Som dagane går" i haust, der "behandla han Oslofolk).

I 1975 debuterte han med diktsamlinga "Løktastolpefrø", og fekk Vesaas' debutantpris. Vi tek med nokre smakebitar frå programmet:

CREDO

(Nord-Rogaland, Hordaland med Bergen: Vestlig kuling, regn, seinar regnbyger)

me trur
atte Gud ha støypt og armert kvelven som henge øve oss
for å halda solo vekke ifrå oss
me vett
atte der som solo skine
der bler di hedningar
der visa di pattadne sine
der sele di øl øve disk

WHIST

S p e l m e g i n n !
skreik Pådl
- han sat med tretten
spa'

sjøl sat di der
rondt bordet
heila livet
med tretten
tå sama slagjet

men di ler rått
nå di fortele
om den gongjen då Pådl
skreik:
S p e l m e g i n n !

DIKTAREN

å jo, farr, me ha mange som e flinke te å skriva
brødlåppssongar og prologar og såvore
det e noken som e så uhorvele flinke te å rima
og di får det så løye te
atte du meste konne le deg fordarva, vettu

men me hadde ein som ikkje gjorde det for løye
e nå det noke te å grava i
nå!
det va lengje før krigen
og så va det barre ei bok
sjølsagt
han fekk snart nok veta
ka me tåtte om denslags
nauta-ral

Ingvar har no gitt ut fleire bøker, og det kjem også ei til hausten. Det han skriv om er for oss utflytte sunnhorder "som vi skulle sagt det sjølv".

Stanley kom "seint men godt". Flyet var forseinka, og kvar eternølar som kom inn i salen vart møtt med eit vonbrote sukk frå "Stanley-fans". Men så kom han.

Dei som snart er gubbelagsaspirantar kjenner han personleg frå mange lange kveldar og søvnlause netter på Sunnabu. Sidan den tid har han stort sett halde seg på Ås, der han no driv som Husdyrkontroll- og Avkomskontrollkonsulent (eller noko slikt).

Ungdommen i laget kjenner vel helst Stanley frå norsktoppen, "Skigardsvise" og "I morgon, i morgon", frå plata "Frå skigard til øygard". (Til hausten kjem det ei ny plate.)

Vi treng vel ikkje leggja til at Stanley er frå Sveio.

Neste år i mai kjem dei att, lova dei. Vi kan alt gleda oss til det.

N Y T T S U N N A B U S P E L

Ei Sunnabuhelg utan kortspel, det var ein gong utenkeleg. Men gamle gudar ramlar. Watergateaffæren avslørte amerikanaren som eit sjansespel der eit Null og Nix kunne slå ut både rutinerte og dristige falsk-spelarar.

Det må nye og friske idéar til. Vi lanserar det nye hyttekortspelet NIXON:

Reglar.

1. Spelet er som amerikanar.
2. Den som får beint 25 poeng vinn.
3. Du kan ikkje stola på makker. Alle kjempar mot alle.
4. Spelet er fasinerande, og avslørar nye og uante eigenskapar ved dine vener. Prøv det!

Haugesunds Avis

Gammeldans Auklandshamn
lørdag 7/5 kl. 20.00
God musikk og underholdning av
Bygdelaget Sunnhordlendingen
Salg av brus og pølser
Arr. A .U. L.

Gammeldans med «noge attåt» i Auklandshamn

Bygdelaget Sunnhordlendingen er ventet til Auklandshamn lørdag for å underholde på Granlund Samfunnshus. Laget består av sunnhordlendinger som er bosatt i Bergen og som møtes hver uke til lags-møte og Leikarring. Det er flere grupper innen laget, bl.a. teatergruppe, skyttergruppe, «Gubbe-laget» og fotballgruppe. Sunnhordlendingen har også egen avis, Sunnavind, som kommer ut hver 14. dag.

Det er altså et virkelig aktivt lag som kommer på besøk til Auklandshamn med et underholdningsprogram som skulle passe både seibuer og andre i alle aldre.

På programmet står bl.a. framføring av sketsjer, leikarring, visesang m.m. og en felespiller hører også med til laget. Det blir ellers spilt opp til gammeldans.

"DET GJEKK BRA"

... sa den mest aktive sveibu i Shl. på spørsmål frå vår faste reiseskribent om korleis Sveio-utferda hadde gått. Men på tonelaget ho sa det med, var det lett å merka at alt ikkje var sagt med det:

"Først kom me for seint til ferjo, og var ikkje framme før klokko var edleve og øve da. Foreldrene mine tok mot oss med varmt hus, men kaldt vatn. Wenche vart henta, og me gjekk i gang med å setja opp program til Bygdakvelden som vi skulle vera med på.

Dette var ikkje gjort på førehand! Panikk? Ja, på vegen hadde me lese om Sunnhordlendingen i Haugesunds Avis: Dette flotte laget i Bergen - med gode program og allsidige aktiviteter, spellag, leikarring osv.

Men me heldt hovudet kaldt - skreiv opp og planla program før me gjekk og la oss. Det var trangt om liggeplassen. Me var 14 (15-16-17...)!"

Ragnhild gir seg til å ramsa opp namn, men vi vil heller høyra vidare kva som skjedde. Kan det gå bra med å improvisera slik i hendelsesløyso? Jau, høyr berre her:

"Om morgonen gjekk kvar til sitt: Magnhild hadde med seg ein pose skittentøy, så ho gjekk til Wenche og vaska klede ... og hår. Svein Inge sette seg inn på eit rom med gitaren og øvde til han fekk sår hals og feber. Philip gjekk på loftet og fann to store tomme kassar og ein malingpøs. Han skulle laga sketsj.

Resten av gjengen drog på sightseeing kringom i Sveio.

Før middag henta me Helland + Erling + Kåre + 3 feler i Haugesund. Dei kom til dekka middagsbord.

Etter middag bar det i veg inn til Øckland for å førebu festen og finpussa på programmet.

Og så, ..., ja så gjekk det bra. Litt lite folk (90-100 billettar Det såg ut som alle treivst. Me heldt på til ½1, og så var det framhald på Bua til små timar vart store, og nokre sto opp medan andre gjekk og la seg. Det var kjempekoseleg. Astrid har bilete. Berre sjå!

———— 0 ————

SV 77 nr. 8 SUNNANVIND

MELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

LAGSMØTE

torsdag 15. september
i Fensal kl. 20.00
(leikøving kl. 1830)

Emne:

Sommarminne

Mat - Kaffi - Leik - Dans

Velkommen

LAGSMØTE

torsdag 22. september
i Fensal kl. 20.00

LEIKARRINGEN
syter for program

Velkommen!

GOD-DANS
MAT-ØKT

PR - PR - PR - PR - PR - PR

Sidan dette er første nr. i haust, vil vi dela det ut til alle sunnhordlendingar vi råkar i byen:

Les her kva Sunnhordlendingen er, og kom og bli medlem:

Bygdelaget Sunnhordlendingen vart skipa i 1919. I føremålsparagrafen står det at laget vårt skal:

a) Fremja kjennskap og vennskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller i kring Bergen.

b) Arbeide for å spreie opplysning om den rike kultur- og sogetradisjonen i sunnhordlandsbygdene.

c) Vere til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som kjem til Bergen.

Sunnhordlendingen har lagsmøte annakvar torsdag. På desse møtene freistar me å få med både skjemt og alvor. Ofte har me vitjing av ein føredragshaldar, men me satsar og på at lagsmedlemene sjølve skal stå for aktivitetane. Ellers har folkedansen stor plass i lagsarbeidet og laget skipar regelmessig til kurs i ulike dansar.

Dei torsdagane det ikkje er lagsmøte har leikarringen øving. Der prøver me oss med både lette og vanskelege dansar, så det er ikkje keisamt for hverken nybyrjarar eller dei som er lengre komne.

I skodespelargruppa kan dei som har interesse for amatørteater få utfalda seg. Me brukar å vise stykka på tilskipingar laget har og det hender og me reiser omkring i sunnhordlandsbygdene med dei.

Så har me hytte på Kvamskogen, SUNNABU. Der er det plass til 30 stykke, og det er ikkje få helgar, både sumar og vinter, der er fullt hus og stor stemning.

Me har og eige lagsblad. Dette freistar me få ut føre kvar lagskveld. Her vert alle tilskipingane utlyst, fellesturar til hytta gjort kjent og medlemmene vert underretta om kva som elles skjer i laget. Lesarbrev og diskusjonar om lagsarbeid er og å finna i bladet.

Me har desse særlaga: Leikarring, Spellag, Skyttarlag, Hyttegjeng, Bladstyre og Gubbelag.

HAUST-PROGRAMMET

Torsdag 15/9 tek vi til med møte att. Leikarringen vil også starta opp då. Leikøvinga tek til kl. 1830. Så vert det "noko attåt" på denne første leikkvelden.

Torsdag 22/9 er det møte att, og leikarringen står for programmet. Når det er to møte veke etter veke, skuldast det ei tilskiping som var i BUL sist torsdag, og der var vi inviterte.

Leikarringen har planar om øving kvar torsdag i haust, slik at det vert øving før lagsmøta også.

I slutten av månaden, eller i oktober ein gong, er det kome ynskje om å få oss nedover til Kvinnherad ein tur med litt program. Turen er ikkje planlagt, men det er tale om tur i baroniet, på Fonna eller i fjellet og fest i det nyskipa ungdomslaget "Fjordbuen".

Alt no må folk bu seg på den store tradisjonelle haustfesten 22. oktober.

Så vert det introduksjonstur til hytta for nye medlemer saman med gamle travarar.

Tur-glade folk i laget vil også i år planleggja tur frå Hamlagrø til Kvamskogen.

Sunnhordlendingen til Cup-finalen!

(Frå vår spelande medarbeidar i den store lynturneringa i fotball i juni.)

Ein disig, regntung laurdag møttest gutar og jenter frå bondeungdomslaga og to bygdelag på grusbana ved Landåshallen.

Etter trekkinga kjempa først Ervingen ein tapper kamp mot Sunnfjordlaget. Trass i at dei hadde dagens beste keeper (kvinne!), måtte Ervingane bita i grusen mot eit overlegent sunnfjordlag.

Så var det vår tur med BUL. Vi hadde alt funne ut at dei hadde 3-4 gode spelarar - mellom anna ein framifrå keeper. Men resten av laget var ordinært. Og det synte seg snart at våre stjernespelarar anført av Dagny, Kari og Oddvar greidde lura ballen bak BUL-keeperen heile 3 gonger (om eg ikkje minnest feil).

Forsvaret vårt var ofte på gyngande grunn. Men Frode, Gunnbjørg (2), Arvid og Margot hadde 8 føter til saman og fekk ofte ballen utover til midtbanen så Audun måtte berre gå den tunge gong inn i buret ein gong etter ballen.

Dei andre som var med på sigeren (og det seinare nederlaget) var Harald, Anne Marit, Jimmy, Ragnhild, Bente, Marit, Gerd, Ottar, Svein Inge, Gunnbjørg (1), Thor, Arne og Sunnanvind's utsendte medspelar. Om einkvan skulle vera gløymd, så notér det her: .....

Så var vi i finalen. Og om det seier denne soga berre at Dagny skaut mål så det sokk i nettmaskene og at resten av kampen vart det berre fleire og fleire og fleire mål. Etter kampen var det fest på Sunnfjordheimen til langt utpå morgonkvisten, og om nokon av gutane og jentene vart uvener på bana, så seier soga at dei utpå natta alle vart vel forlikte.

——— 0 ———

Men på sidelina var det prinsipiell usemje og splid i Sunnhordlandsleiren.

Formann Magnhild vart heilt biten av fotball-basillen. Både ho og mange av 1. lags-spelarane fall for freistinga og "let det gå sport i det": Det viktigaste er ikkje å ha det moro, men å vinna. Dette er etter mitt syn heilt forkasteleg i mosjonsidrett. Når vi kan stilla med 20-30 gutar og jenter til fotballkamp, høyrer det ingen stad heime at berre dei 12-14 beste skal få spela.

Etter sigeren mot BUL vart det kvass ordveksling mellom dei som hadde fått blod på tann, og "den improviserte UK. Opplegget om at alle skal få prøva seg, for vi har ikkje sigers-sjanse mot Sunnfjordlaget likevel, så vi får ta det som eit show", vart nedstemt. Og UK torde ikkje anna enn å senda elitelaget utpå. Nokre av medlemene som var bedne om å møta for å spela fotball, måtte denne laurdagsettermiddagen stå og frysa, våte og vonbrotne i 4 timar, berre for å sjå elitelaget verta nedsabla i finalen. Det er leitt å sjå at konkurranseprinsippet enno skal prega all idrett i laget vårt.

Men ein ting var alle samde om. Vi må trena til neste gong, slik at vi råkar ballen betre.

Komitéar til lagsmøta H-77

Til samkomene våre trengst det nokre personar som syter for borddekking og matstell. Dei må møta kl. 1830 for å få kaffien ferdig tidsnok.

4)

Den understreka personen har ansvar for innkjøp. Sakkunnig utarbeidd handleliste får ein på lagsrommet.

Dette er dei utvalde:

15/9: Ingeborg og Willy Mjånes, Anne Karin Lunde, Albert Nordås, Lars Sigurd Valvatne.

22/9: Geir Berntsen, Unni Dyrdal, Brit Bjørgen, Jon Askeland, Torfinn Slettebø, Erling Berstad.

6/10: Thorunn Karadottir, Jimmy Ness, Jon Kristensen, Anne Marit Olsen, Frode Heie, Ottar Hunnes.

27/10: Philip Butler, Alf Bakke, Ingebrigt Flønæss, Sigmund Myklevoll, Gunnbjørg Skålevik, Marit Johannessen, Audun Otteren.

10/11: Ole Norman Alvsvåg, Elisabeth Fjæra, Olav Bjørgen, Oddvar Drange, Bente Wangen.

24/11: Magne Ro, Kari Aarbakke, Thor Neverdal, Dagny Økland, Bente Mikalsen, Margot Våge.

8/12: (julemøte) Styret

22/10: H a u s t f e s t komité: Kjell Matre, Hjalmar Tvedt, Johan Erik Furdal, Harald Aarbakke, Albert Nordås, Anne Lise Nonås, Astrid Døssland, Alfhild Skaarnes, Elsa Bergsaker Evanger, Bente Wangen, Anne Marit Olsen, Arvid Holm, Arnvid Underlid, Karsten Helgesen.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei sjølve skaffa andre i staden.

L E I K F E S T !

Stord Ungdomslag har lege nede nokre år. Men dei freistar no å vakna til liv att. Vi har fått dette brevet frå dei:

HUGS BALLTRENINGA!

STORD UNGDOMSLAG

LEIKFEST !



Forhandsmelding!

Hei alle saman! Høyrt om Stord Ungdomslag? Her er me og helga 8. oktober vil me laga til Krinsleikfest. Me vonar det vert ein hyggeleg fest og bed om at De allereie no held av denne helga til oss. Innbyding kjem seinare.

Helsing Stord Ungdomslag

SV 78 nr. 1 SUNNANVIND

MELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

ONSDAG 18. januar - Sunnhordlandskveld!!!
i Fensal 2. høgda.

Laget vårt skal ha møte med B.U.L. Det vert mykje godt program. Sjå her:

- dramagruppe frå B.U.L. syner: "Georg, sit du godt?"
- sunnhordlandsspringar
- "Strattane våre"
- dikt av/for/frå Sunnhordla(e)nd(ingar)

Sunnhordlendingar møt fram og vis det sunnhordlandske lynne, kor løgne me er, våre danseferdigheiter osv.!

TORSDAG 19. januar:

Leikøving i 4. høgda i Fensal kl. 2000.

Nybyrjarkurs i gammaldans i 2. høgda i Fensal kl. 1930

Dette er eit fint høve til å få med oss nokon av dei sunnhordlendingane i byn som enno ikkje kjenner laget vårt.

LAGSMØTE I FENSAL
TORSDAG 26. JANUAR
KL. 2000

Åse Festervoll
SPELAR OG SYNG

Vel møtt alle saman.

G o d t n y t t å r , men takk for da gamla? Nei, no e eg leie. Eg har stokke kjeppa i hjulet jøne heila åre for atte Sunnhordlendingen ska gå framøve å bløma å formeira seg. Og ka ser eg?

Ja, eg spøre ijen, ka ser eg? Injenting anna enn sunnhordlendinga so leggje pidna i kross for å stansa framgangjen. Injenting anna enn sur sydnavind kvar fjortande dag. Injenting anna enn hendelsesløysa på lagsmøto når me ser bort frå formanninna og Hans'en med loddo og Helland med felo og programme.

Nei før i tio, då konde me seia takk for da gamla då. Før i tio, i Pittaren sine daga. Då konde me seia takk for da gamla då.

Eg kjenne folk som endo seie takk for da gamla åre då Pittaren va formann. Nei, slik verte da nok aldrig meir, og slik har da nok helde aldrig våre. Men injenting e so i da gamla, alt va so stort då og so gildt, og jentene va so greie og so va me yngre då og so hadde me ikkje fjernsyn helde bil.

Nei, no kan eg slettes ikkje seia takk for da gamla. Og korleis ska eg då konna sei godt nyttår. Det kan vel ikkje verta godt da. Da e ikkje da at ikkje eg veit korleis da kan verta eit godt år. Da e berre te å skrua tio tebakars. So verte me so ungdommelege. Men me må gjera da so forsiktig at dei unge jentu i lage helde seg slik dei e. Å so teke me ein heidondraleg 40-årsfest når laget verte 60 år. Då ska adle få sjå på spreke 60-åringar.

Ronge-Pådl.

Til Redaktøren!

Jeg ser at Pål sitter og skriver til Sønnavind. Han har et farlig, salig glimt i øyet. Jeg så meg derfor nødt til å advare redaktøren mot å ta med noe av det han rota sammen. De siste årene har han hatt en tendens til å blande sammen fantasi og virkelighet. Lå det være sagt med en gang. I Pålemanns hukommelse ligger det et visst rosenrødt skjær over den periode da han ennu kunne trå dansen på lette fot. Nu er det så absolutt slutt på hans glanstid.

Mellom oss sagt, herr redaktør, fører han dessuten et særdeles vulgært sprog. Jeg må derfor be Dem om på en vennlig måte å refundere hans innlegg.

Vennlig hilsen

K.

Til Valnemnda!

Eg ser på deg, og du ser på meg
Eg ser på deg, og du ser på meg
Å hei, å hei og hildrande deg
kor mykje du heve lokka meg.

I fjor sa du at du ikkje ville ha meg
Men i år kom du att, og hjarteleg bad meg,
Å hei, å hei og ...

Men du kan koma du kan fria,
trur du meg du skal få bia
eit år eller to

Ein tidlegare forbigått.

Eit problem som aldri vert løyst?

Skal vi seia at det fins 400 sunnhordlandsungdomar i Bergen? Av desse er 50-60 medlemer i Sunnhordlendingen. 100-200 av resten er vel nøgde med sin sosiale situasjon. Dei har funne sitt miljø i Bergen, vener, familie, arbeidskameratar.

Men eit par hundre ungdommar frå bygdene våre bur på ein liten hybel, med liten omgangs-

krins. Aktivitetstilboda er kanskje kino, eit par flasker (ølboksar) øl - stereoanlegg. Alt vel og bra - koseleg. Men kontaktflata kan vera for lita. Dei ville kanskje lika betre å dansa, ha nokon å gå på tur med, nokon å reisa på hyttetur med, nokon å læra gammaldans med osb.

Sunnhordlendingen har dei knapt høyrt om. Kvifor er vi så anonyme? Takka vere trønderar, bergensarar og anna bra folk har laget mange nok til å driva aktivt i leikarring, på lagsmøte, på hytta, i avisa, (og i spellaget?).

Men vi får aldri for mange. Og sidan laget først og fremst skal vera eit tilbod for sunnhordlandsungdom, så må vi få tak i denne store gruppa potensielle medlemer. Vi har prøvd mange gonger, men det har aldri lukkast. Kan nokon hjelpa?

GODE "GAMLE" MEDLEMER!

Dette nummeret av Sunnanvind markerar starten av førebuinga til 60-årsjubiléet. Vi har eitt år til å lada opp. Meir enn ellers er det no viktig at tidlegare aktive medlemer kostar støvet av sine minner frå farne tider, melder seg "inn-att" i laget både formelt, og reelt ved å koma på tilskipingane, årsmøte, vera med i komitéar og særlagsarbeid.

Hugsar du t.d. ditt første møte med laget, din første hyttetur eller ein morosam "tildragelse", så skriv til Sunnanvind.

Gi eit ord til oss, så skal vi ordna det slik at du får Sunnanvind framover.

Red.

ÅRSMØTET ER FØREBELS SETT TIL 9. FEBRUAR.

Alle som har hug til å vera med i styre og stell, ver gild og opplys dette til einkvan i Valnemnda, som er:

Erling Berstad, Sebjørn Frøkedal, Jimmy Næs, Bente Wangen, Dagny Økland og Audun Otteren.

Komitéar til komande lagsmøter:

Her er dei utplukka personane, som får vera med å ta eit tak i bordplassering og matlaging.

Møt kl. 1830 for å få kaffien ferdig i tide. Ansvaret for innkjøp har den personen som er understreka.

26/1: Frode Heie
Alfhild Ersland
Hans Heie
Audun Otteren
Astrid Døssland

9/2: Magne Fagerbakke
Oddvar Drange
Astrid Hildal
John Arne Slåke
Gro Skjåk

23/2: Marit Johannessen
Sigmund Myklevoll
Ragnhild Nesse
Kari Rødland
Magne Ro

9/3: Kristi Skår
Margot Våge
Thor Økland
Arne Øvsthus
Jan Terje Stokka

NYÅRSHELGA

vart som vanleg feira på hytta. Der var samla ein fin gjeng på 21 personar. Hyttesjefen hadde på førehand sytt for at det vart det rette tal med jenter. Maten var god, ribbe m/kålrabi-

stappe og ein særdeles god moltekrem. Ja, der var rikeleg proviant. Det vart Irish Coffee dagen etterpå. For dei tre som var lengst på hytta hadde kjøkkenjenta stelt i stand ei stor plastbøtte m/skrelte poteter. Ellers skulle der vera m.a. rikeleg fløyte og 10 liter mjølk.

Verobservatørane melder at det vart uver om natti - torever. Men det gjekk visst bra sjølv om det var manko på talgalys.

Rapport:

Julemøtet 8. desember 1977

Juletreet var kome på plass. Og den tradisjonelle grauten blei servert, men kvar var mandelen?

Ein av våre nyaste lemer deltok i programmet, Jimmy Næs med sitt fengslande gitarspel og song. Han stilte jamvel med ei ny, praktfull Sunnabu-vise.

Stein Johannessen las Bergenshistoriar, om "Tidien" og dei andre kjenningane på klingande Bergens-dialekt.

GRUNNKURS I BARNE- OG UNGDOMS-ARBEID:

Vi har fått brev fra Bergen kommune v/Fritidsseksjonen. Dei arrangerar 2 parallelle grunnkurs våren -78 for personar som ynskjer å arbeida med born og ungdom.

Det er tilbod til personar utan spesiell utdaning eller røynsle innan arbeidsområdet. Kurset gjev innføring i teoretiske og praktiske emner, t.d. møte- og taleteknikk, drift og administrasjon av organisasjonar og lag, og bruk av hobbyaktivitetar.

Kurset har ei byrjande helgesamling på Sandven hotel i Norheimsund, 10.-12. februar og ei avsluttande helgesamling i Bergen 21.-22. april. Mellom desse samlingane vert det kveldsmøter og ei helgesamling i Bergen.

Kurset er gratis for deltakarane inkl. opphald på helgesamlingar og reiseutgifter i forbindelse med desse. Litteratur vert utlånt til kursdeltakarane.

Deltakartalet er 25 personar pr. kurs, og søknadsfrist er 27. januar d.å.

Eventuelle søkjarar ta kontakt med styret for påmeldingsskjema.

33.9.39

Nr. 3 APRIL

SUNNAVIND

1978 59. årg.

LAGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN I BERGEN

ADR.: FENSAL, Kg. Oscarsgt. 15.

LAGSMØTE I FENSAL

TORSDAG 6. APRIL KL. 20

PROGRAM - MAT OG KAFFI - DANS.

TA MED VENER OG KJENNINGAR TIL EIN UFORMELL KOSEKVELD I FENSAL.

SUNNABU

Som så ofte før har eg i vinter hatt ei veke på Sunnabu. Det er alltid like gildt. Eg veit ikkje korleis økonomien til hytta er, men er har likevel to framlegg.

Det eine er lite og vil sikkert kunna realiserast. Alle som har trekt kaffi, og velta kaffitrakta med grut og fordervelse utover kjøkkengolvet, vil støtta meg:

Kjøp 1 stk. kaffitraktar til hytta.

Dette vil vera eit framsteg. Alle er ikkje tilhengar av framsteget. Ein gong var det stor strid om det skulle leggjast inn elektrisk straum på hytta. Mange meiner at vedkomfyr og ein sotut kaffi-Lars som står og boblar litt over, er det einaste salige på ei hytte.

Det andre framlegget er meir omfemnande, og vil krevja store investeringar:

Skal vi få hytta varm i ein fart, og kunna ha stabil, trygg varme natt og dag, bør vi ha nytt fyringsanlegg. Det er ikkje fårleg for oss ekspertar på rundbrenning. Men andre sveittar meir med å leggja i enn av den varmen dei får ut av omnen.

Er det hyklerisk å gjera framlegg om kombinert oljebrennar/peis? Det vil kosta ca. kr 5 000,-. Vi ventar spent på svar frå lesarane.

L.O.

TILLITSFOLK I SUNNHORDLENDINGEN 1978

Hovudstyret

Formann: Margot Våge
Boks 57
5065 BLOMSTERDALEN
Tlf. arbeid 29 48 05

Kassast.: Geir Henning Matre
Gerhard Gransv. 11
5030 LANDÅS

John Arne Slåke
c/o Atle Helgås
Sætrefjellet 22
5265 YTRE ARNA
Tlf. arbeid 21 07 70

Harald Aarbakke
Svaneviksv. 77 A
5032 MINDE
Tlf. arbeid 27 15 30

Jimmy Næs
Inndalsv. 122
5032 MINDE

Varamenn: Kari Aarbakke
Olav Rustiesgt. 11
5000 BERGEN
Tlf. arbeid 16 14 33

Lars Johan Lysen
Tlf. privat 29 94 50

Kari Rødland
Stativ 74
5033 FYLLINGSDALEN
Tlf. privat 16 36 27

Frode Heie
Hope
5060 SØREIDGREND

Formidlar Kristi Skår
Ibsensgt. 74
5000 BERGEN
Tlf. arbeid 26 00 12

Asbjørn Tjugen
Tlf. arbeid 21 97 20

Varamenn Geir Henning Matre
Annemor Skaar
Ibsensgt. 74
5000 BERGEN

Leikarringen

Arvid Holm
Porsveien 43
5033 FYLLINGSDALEN
Tlf. arb. 21 00 40 (3226)

Bente Wangen
Dag Hammarskjøldsv. 23
5033 FYLLINGSDALEN
Tlf. privat 16 18 09
Tlf. arbeid 21 97 20 (5.et

Ottar Hunnes
Otto Schnellesv. 2
5031 LAKSEVÅG

Carsten Helgesen
B 834
5036 FANTOFT

Hyttestyret

Formann: Magne Ro
Kong Oscars gt. 13
5000 BERGEN

Oddvar Drange
5212 LYSEKLOSTER
Tlf. privat 27 68 10

Bladstyret

Redaktør: Lars Olav Tveita
Ravnestølen 178
5072 BJØRNDALSTRÆ
Tlf. arb. 310644 (18-18,20

Mathilde Torkelsen
Tlf. ~~arbeid~~ 29 20 95
Tlf. ~~privat~~ 29 69 81

Hans Heie
Ulriksdal 15
5000 BERGEN
Tlf. arb. 190000 (372)
Kari Rødland
Bente Mikalsen
Sveisdalen
5086 SALHUS

Gubbelaget

Olav Fjæra
Hjalmar Tvedt
5068 FLESLAND
Kjell Matre
Helleveien 263
5000 BERGEN
Tlf. arbeid 29 49 86

Skyttarlaget

Olav Bjørgen
Mannsverk 4
5030 LANDÅS
Oddvar Drange
Samson Bakke
Prestestien 26
5095 ULSET I ÅSANE
Varamann: Sebjørn Frøkedal
Storetveitvn. 2
5032 MINDE

Rådet

Hjalmar Tvedt
Sebjørn Frøkedal
Petter Ersvær
Askeladdvn 32
5033 FYLLINGSDALEN
Per Ivarsøy
Skjoldlia 7
5045 SKJOLDTUN
Ole Sæbø
Slettebakkvn. 61
5030 LANDÅS

Spellaget

Olav Fjæra
Inndalsvn 124
5032 MINDE
Tlf. arbeid 29 16 00
Audun Otteren
Rugdeveien 36
5030 LANDÅS
Frode Heie
Jimmy Næs
Magnhild Arholm
Stadionv. 30 A
5031 LAKSEVÅG
Bente Wangen

Utsending til sosialgrupper

Magnhild Arholm

Utsending til Bygdelagsnemndi

Margot Våge
Geir Henning Matre
Kari Aarbakke (varam.)

Utsending til Gular

Kari Aarbakke

Ettersynsnemnd

Kjell Matre
Sebjørn Frøkedal

TANKAR ETTER ÅRSMØTET

Sunnhordlendingen sitt årsmøte er avvikla. Dette er årets mest slitsomme kveld. Vi slit stolane i mange, lange timar. Sume slit tunga i slitsomme innlegg, motlegg eller framlegg. Særleg tenkjer eg på dei som slit med å overtelja folk til å verta formann. Og desse offera skal så slita med å ta til motmæle. Innimellom kjem så dei slitsomme tagale stunder, der vi mest kan høyra dei slitne hjartesukka frå den sitjande formann. Så kom utløysinga, eller for Magnhild: avløysinga. Takka vere Kjell sine "overtalelsesevner" av kvinner (så sa Kari - kva no ho har erfart av dei), sa ikkje Margot nei lenger. Alle jubla, berre ikkje Margot og eg. Korleis skal det gå med Sunnavind no? Vi får sjå. Vi får ta eitt nummer om gongen, aktivisera heile den nye redaksjonen og prøva gjera alt som før Margot overtok redigeringa av. Det kom jo ut Sunnavind då og.

Margot går altså frå den nest mest krevjande oppgåva i laget til den som krev alt. Så vonar vi at nokre av dei fagre orda frå årsmøtet om kollektiv leiing, arbeidsfordeling osv. kan realiserast.

Magnhild takka av som formann. Ho meinte at ingen skulle takka henne, og det vart det heller ikkje høve til i den hektiske innspurten på årsmøtet. Men alle som ein gong har arbeidd aktivt i styre og stell i Sunnhordlendingen veit at ein formann legg ned enormt med arbeid for laget. Ein formann har aldri fri, ein formann har alltid ansvar for eitt eller anna. Og når formannen manglar orgnisasjonstalent (slik Sebjørn så lite treffande formulerte det), då vert det dobbelt opp å gjera.

Magnhild har på mange vis vore Sunnhordlendingen "in persona" dette året. Laget har hatt eit gjennomsnittsår. Med meir innsats (og mindre sur kritikk) frå medlemmene kunne det vorte eit toppår. Vi takkar avtroppande formann, og ønskjer heile det nye styret med Margot som formann (merk formuleringa) eit godt arbeidsår.

Red.



Nr. 5 MAI

SUNNHORDLENDINGEN

1978 59. årg.

LAGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN I BERGEN

ADR. : FENSAL, KG. OSCARSGT. 15., 5000 BERGEN

LAGSMØTE I FENSAL

TORSDAG 11. MAI KL. 20

JOHANNES KLEPPEVIK OG EINAR MJØLSNES ~ OG TRALL

TRAMP

MAT OG KAFFI

DANS. VITSETEVLING

TA MED VENER OG KJENNINGAR TIL EIN UFORMELL KOSEKVELD I FENSAL.

ØNKAR Å SPELEMANN
HEI Å HÅ, SÅNN KAN DA GÅ

OLDEFAR, OLDEFAR,
— HAN VA EIN GREPA KAR

ET ULJEEVENTYR
DI HØGE HERRAR BYR

DU ER DER, EG ER HER
MEN VÅRE DRAUMAR DEI ER SAMAN.

FOR EG VIL HA EIN KAR
MED TREKKSPEL OG GITÅR
SOM SYNGE KAN EI VISE TIL SI JENTE !!

SUNNANVITSEN

Tevlinga om beste vitsen fekk ein noko treg start på førre lagsmøte. Jimmy måtte mest hala vitsane ut av forsamlinga, og mange (Frode, Magne m.fl.) tykte for fælt om sine eigme vitsar. Dei har no vomleg skrive dei om til meir sømelege soger.

Jimmy Næs, Hans Heie, Margot Våge, Lars Olav Tveita, Kjell Matre, Ottar Hunnes, John Erne Slåke, N.N. og Carsten Helgesen var frampå.

Margot hadde den suverent beste framføringa, medan Kjell gjekk til topps med denne politiske satiren:

"Kvifor brukar finnane dobbelt dopapir?"

"Jau, fordi dei må senda kopi til Russland".

Dei som dømde moroskapen, var: Magne, Ragnhild, Margot, Bente og Gro.

No vonar vi at alle stormar på med sunnanvitsar neste gong. Det var jo ikkje så fårleg.

Sunnanvind stiller hermed som deltakar i skriftleg klasse:

-Har du, spurde fru Hansen mannen sin -sett noko til Tuppen sin bikini?

-Nei, svara Hansen etter å ha tenkt seg om ein augneblink,-men det flaug ein uvanleg feit møll ut av klesskåpet på gangen tidlegare i dag.

-----o------

NEI TIL OLJE

Hyttesjefen har i bestemte ordelag teke til motmæle mot oljefyr på hytta. Olje er griseri, og slikt vil vi ikkje ha inn på hytta. Det kan føra til utblåsing eller glatt golv og så er det vanskeleg å få fyr på, og....

Den ovnen som vi har, er den beste som fins, om vå berre skiftar nye delar i han, du skulle berre sett han om fyr vi fekk på han.....

Rett skal vera rett, som Ålf'en sa, vi har ikkje råd til nytt anlegg i dag, men på sikt...

ER AVISA MAGER - SÅ KAN DU HJELPA TIL Å FØ HENNE.

Kjem det ikkje meir innlegg no, så tek redaksjonen ferie til jul..

Vi prentar no nødstoff på siste sida. Det gjeld stemna i Tromsø, dit du sikkert skal.

For påmelding:ta kontakt nmed styret.

stk. NOBAS kombinasjonsoeis type 400 N
ris inklusiv montering kr. 3.350.-

(ESSO TILBOD 1976)



400 N.
En populær kombinasjon peis/ oljekamin som med sin kobberhette og -dør passer godt inn i de fleste miljøer.

STYRET MELDER

At vi framfor lagsmøta skal ha ein time "open house" med kortspel, sjakk og anna tidtrøyte.

At Sunnhordlendingen sjølvsagt skal ut med fana 17.mai . Alle sunnhordlendingar i Bergen (medlemer og ikkje medlemer, gamle og ungar) stiller opp i Domkyrkja kl.9000 eller utanfor kl 1000 eller på Torgalmenningen.

Kvart lag går under si fane i år.

Lat det merkast at vi er mange.

Er det nokon som vil skipa til fellesfrukost ca. kl 8 , så meld frå på lagsmøtet.

At det etter hovedprosesjonen vert kaffi-servering på lagsrommet.

Ta med kaffitrektar og Tv-kanne + heimebaka kaker. (alle treng ikkje ta med trektar)

At det om kvelden kanskje vert fest på hytta.

Meir informasjon på lagsmøtet.

Difor MÅ du koma.

MATNEMNDA TIL F.K. MØTE ER ALTSÅ:

LARS SIGURD VALVATNE
OLE JOHAN SERIGSTAD
JREN SERIGSTAD
LIV TVEITA

GROVPROGRAM

Onsdag 28. juni

Kl.	20.00	Breivika videregående skole	Velkomstkveld kr. 20,– (25,–). Leik og dans.
»	21.00	Sommerlyst ungdomsskole	Amatørteater kr. 20,– (25,–). Leik og dans.

Torsdag 29. juni.

Kl.	09.00	Fokus kino	Opning av årsmøtet
»	10.00		Tur til Tromsdalstinden kr. 10,–
»	10.00		Fuglefjelltur kr. 125,–
»	11.00	Breivika videregående skole	Årsmøtet blir sett
»	18.00		Havfisketur kr. 50,– buss kr. 25,–
»	18.00	Tromstun ungdomsskole	Barneteater kr. 10,– barn kr. 5,–
»	20.00	Krokenhallen	Tromskveld kr. 20,– (25,–) Leik og dans.
»	21.00	Sommerlyst ungdomsskole	Revy kr. 20,– (25,–)
»	20.00	Kvaløysletta ungdomsskole	Amatørteater kr. 20,– (25,–) Leik og dans
»	24.00	Saga Hotell	Natt-teater kr. 12,– (15,–)

Fredag 30. juni

Kl.	09.00	Breivika videregående skole	Årsmøtet held fram
»	10.00		Fuglefjelltur kr. 125,–
»	10.00		Fergetur til Hella (fjordfisketur) kr. 25,–
Kl.	18.00	Breivika videregående skole	Havfisketur kr. 50,– + buss
»	20.00	Krokenhallen	Amatørmønstring kr. 20,–. Leik og dans.
»	20.00	Kvaløysletta ungdomsskole	Amatørteater kr. 20,– (25,–) Leik og dans.
»	20.00	Bellevue	Kven-veit? kr. 20,–. Leik og dans.
»	22.00	Fløya	Bålkveld kr. 20,–. Leik og dans. (I tilfelle dårlig ver, blir det program på Tromstun i staden for Fløya-turen).
»	24.00	Saga Hotell	Natt-teater kr. 12,–.

Lørdag 1. juli

Kl.	09.00	Breivika videregående skole	Årsmøtet held fram
»	10.00		Fuglefjelltur kr. 125,--
»	10.00		Fergetur til Hella (fjordfisketur) kr. 25,–
»	12.00		Leikframsyning på sentrale stader i byen og på sjukehus og aldersheimar.
»	18.00	Kongsbakken videregående skole	Bunadstog.
»	20.00	Krokenhallen	Leikfest kr. 25,– (30,–)
»	20.00	Sommerlyst ungdomsskole	Revy kr. 20,– (25,–)
»	21.00	Straumsbukta skole	Amatørteater kr. 20,– (25,–)
»	24.00	Saga Hotell	Vise- og lyrikkprogram kr. 12,– (15,–)

Søndag 2. juli

Kl.	11.00	Tromsdalen kirke	Stemnegudstjeneste
»	13.30	Prostneset	Oppstilling stemnetog
»	14.00		Stemnetog frå Prostneset til Valhall stadion
»	15.30	Valhall stadion	Stemne kr. 10,–
»	19.00	Breivika videregående skole	Skalkefest m/mat kr. 40,–. Leik og dans.
»	20.00	Sommerlyst ungdomsskole	Skalkefest u/mat kr. 20,–. Leik og dans.

Nr. 6 MAI

SUNNAVIND

1978 59. årg.

LAGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN I BERGEN

ADR.: FENSAL, KG. OSCARSGT. 15. 5000 BERGEN.



TA MED VENER OG KJENNINGAR TIL EIN UFORMELL KOSEKVELD I FENSAL.

PÅ VEG TIL TROMSØ .....
IL ETTER MIL ....
KAN DU TA MED DEG LANDS-
APPLEIKEN PÅ FAGERNES
22.-25. JUNI GOD FERIE !!!

17. MAI

Så sit vi her trøytte og gode på lagsrommet og feirar at vi er komne i mål i årets hoved-prosesjon. Det såg tynt ut under fana i starten, men no er vi mest 25 ivrige som feirar Eidsvollsmennene og Jimmy sin fødselsdag. Margot si blautkake og Kari si sjokoladekake, Geir Henning si marmorkake (godt steikt), og Jimmy si fyrstekake (Martens?) er snart ein saga blott.

Vi går inn for:

- at denne samkoma vert ein tradisjon
- at vi til neste år må ha litt meir liv i toget vårt (kommentar frå sidelina: "De dere går jo bare der uten å gjøre nokke".)
- at det var fint ver på 17. mai i år
- at kakene var gode og kaffien herleg
- at det må verta like bra ver til neste år.
- at alle sunnhordar stiller i toget då
- å takka dei som strauk og pussa fana, kjøpte nye snorer (slik at jentene slapp gå med hendene i fanget).

PINSEHELG PÅ SUNNABU

I pinsen var det også folk oppå "Sunnabu". Det var fyrste gongen eg var der oppe, så eg veit ikkje korleis det ellers har gått føre seg. Nokre reiste opp på fredagen og på lørdagen kom resten av gjengen. Me var 16 stk. då me åt rømmegraut om lørdags-kvelden. Seinare kom det fram både flasker og glass, og enkelte (bl.a. meg) begynte å skravla for mykje. Me danste og hadde det virkelig kjekt. Noko søvn vart det ikkje på meg, eg var lys våken då me skulle krypa i sove-posane våre.

Om søndagen reiste nokre, og me som var igjen gjekk på skitur til Kvittingen. Og dei som ikkje hadde ski gjekk til fots til Negerlandsbyen. Nokre av oss var våte til knis (det er ikkje greit å ha hol i støv-lane).

Været var fint, men solo skein då ho hadde lyst. Ellers så gjekk dagane med kortspel og mat. 2. pinsedag var me 8 stk. til frokost: Kari, Gunnbjørg og Geir Henning var flittige med å gå til Kvittingen. Magne og Oddvar gjorde ein god innsats med å reparera hytto. Det var alle tiders der oppe, og det blir vel ikkje så lenge før ein ny visitt ligg i vente.

M.

TRAMP OG TRALL

...vart ein stor suksess. Det var stormfullt hus (50-60 stk.) og alle var med i refrenget då Johannes Kleppevik og Einar Mjølsnes song og spela føre på lagsmøtet sist.

Det er tradisjon hos oss med eit supermøte i mai, og dette var altså vårens topp.

LAGSMØTE 11. MAI 1978

På sist lagsmøte ble følgende vits kåret som den beste i konkurransen:

Skatten var hard i gamle dagar. So fekk dei røyne dei tre som møtte hjå futen. Han Ola, som var først, hadde ikkje skillingen att, så han måtte setje kleda sine i pant, og kom naken ut frå futen.

"Eg skal lure deg, eg," tenkte han Lars og flengde av seg alle kleda før han gjekk inn. Men han kom famlande ut att med bind for augo, propp i stjerten, og ei stram sløyfe på snurrebassen. "Gud betre, kva skjedde med deg?" spurde Mons fælen.

"Ikkje hadde eg pengar, og ikkje hadde eg klede, så dei stengde for lys, vatn og kloakk!"

Dommere var: Asbjørn Tjugen
Lars J. Lysen
Mathilde Torkelsen
Carsten Helgesen.

De som var ute med vitser denne kvelden, var mellom andre: Irene, Magne, Jimmy, Olav, Anders Kåre, Einar Mjølsnes (gjest) og vinnaren Thor.

(Etter mye diskusjon ble vi enige om at det var Thor som fortalte vinnervitsen, men dersom bladstyret sitter inne med bedre informasjon, så bare rett på oss. Vi er litt ukjente med navnene på enkelte av medlemmene.)

FOTBALL

På tysdag (i dag?) er det fotballtrening på Eikelund skole, Paradis kl 1900. På lagsmøtet skal vi ha mannequin framsyning av fotballdrakter til turneringa:

Laurdag 3. juni kl 1400 på Slettebakken (ved Bergenshallen).

Denne turneringa mellom Sunnfjordlaget, Ervingen, BUL og oss er på line med VM når det gjeld popularitet. Vi stiller med blanda lag, minst 5 jenter på banen heile tida, ein herskare med inn-bytarar, og alle sunnhordar som heiagjeng. Etter turneringa er det stor forbrødringsfest. Spelarane stiller kl.13.30. Vel møtt alle.

O-LØP. VI HAR EIN GOD IDE.....
at vi på førstkomande måndag stiller på Fløyen kl. 1800, tar med kompass om vi har, og driv litt tur-orientering med innlagt instruksjon i bruk av kart og kompass. Alle går i lag, ikkje noko springing eller sveitte eller bortseg-gåing. Er det stemning for dette på lagsmøtet, og dersom det ikkje regnar, så skal eg skaffa kart og ta på meg instruksjon.
Seinare kan vi kanskje ta eit SUNNABO-LØP .

L.O.

FJELL-TUR. VI HAR EIN GOD IDE.....
at vi i sommar tek ein fellestur i fjellet:
Alternativ 1: Dagstur Bergsdalen-Kvamskogen.
Alternativ 2: Helgatur til Stavali.
Vi kan gå den vakre dalen frå Kinsarvik til Stavali .
Alternativ 3: Vi kan gå ein 3-6 dagars tur i Sunnhordlandsfjella, Ryfylkeheiane, Hardangervidda, Stølsheimen eller Jotunheimen (ikkje alle stader på ein tur).
Vi veit at mange medlemer har røynsle frå slike turar. Kom med framlegg. Eventuelle interesserte turgjengarar kan ta kontakt med styret pr. brev eller telefon eller på siste møtet.

VI HAR FÅTT EI DOTTER. DET SKJEDD 1.MAI I STAVANGER.
Marit og Olav

BARNEVENLEG MILJØ I SHL.
Slik det går fram av lysinga for lagsmøtet, skal vi denne gongen starta endå ein time tidlegare en sist. Alle medlemer og tidlegar medlemer som er så heldige at dei har slike trivelege problem som det å finna barnevakt, kan ta "problema" sine med seg på møtet kl. 18. Det vert barnetime, event og leikar, alt som dei håpefulle foreldre kan finna på. Så no må i ngen finna på orsakingar for ikk å gå. Når barneopplegget er slut kan dei av foreldrene som har hø til det få lov til å oppleva eit lagsmøte slik det var føt .....

SUNNAVIND IDE'BANK
Førre formannen gjorde framlegg om ein ideбank i Sunnhordlending Eg trur innskota har gått tregt. Kanskje rentenivået hos oss ikkj er høgt nok? Kva med ei premieri I alle fall vil vi i Sunnanvind opp ein del gamle innskot frå ti legare år. I dag har vi presente to. No ventar vi berre på premia skal strøyma over oss.

Nr. 9 OKT.

SUNNMYNDO

1978 59. årg.

LAGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN I BERGEN
ADR.: FENSAL, KG. OSCARSGT. 15., 5000 BERGEN

KL 19: FØR-SPEL

KL.20: AKTIVI-TETSKVELD FIASKO/TRIUMF KONKURANSAR, LEIKAR, SONG → AKTIVITET

LAGS-KVELD I FENSAL TORSDAG 5.10.

KL.19: KORT, SJAKK, ...

DANS

MAT ~ KAFFI

MOTPRESIS: KL.20/19

GAMALDANS NYBYRJAR-KURS.

FÅ MED ALLE SUNNHORDLENDINGAR I BYEN.



FOLKEDANS I FENSAL

HAUST FEST

21.10 I FENSAL

GODT PROGRAM

GOD MAT

GOD MUSIKK

2-RADER

PÅMELDING: SJÅ EIGE ARK.

TA MED VENER OG KJENNINGAR OG ANNA BRA FOLK TIL UFORMELLE KOSEKVELDAR, KURS OG FESTAR. VELKOMEN I SUNNHORDLENDINGEN!!

På lagsmøtet 19. oktober er det planlagt å ha diskusjon. Emnet er: Fordeler/ulemper med å vera i/utafor NU. Det blir invitert folk frå HU og frå lag utanfor NU. Velkommen med dine meiningar og synspunkt!!!

HAUSTFEST I SUNNHORDLENDINGEN

Det er tradisjon i laget å halda HAUSTFEST. Og no er ei nemnd i arbeid for å stella til eit gilde den 21. oktober. Vi vil gjerne at det skal vera ein STOR fest, og difor vil vi be alle trufaste lemer ta med minst eit vinglande lem eller anna godt menneskje, eller på anna vis sikra at minst ein annan person kjem.

Matsetelen er ikkje sett opp enno. Tidlegare var det mange år tradisjon med kostesam fisk som er raud i kjøtet, seinare gjekk ein over til gryter med noko oppi. Det år er ikkje nok avsløret. Men til kaffien vert det visseleg det tradisjonelle kakebordet som kan ta pusten frå mange konditorar. (Meld deg på til kakebaking - dersom du har høve til det.) Det vert høve til påmelding på torsdagane framover, eller i telefon (sjå på framsida).

REFERAT

På 2. lagsmøtet i haust synte Lasse lysbilete og fortalde frå stemneturen til Tromsø i sommar. Bileta var særs fine, og for første gong var det akkompagnement til ei slik framsyning. Det var Jimmy som sat ved sida av og styrde lydbandet og stereo-anlegget. Seinare fekk den same Jimmy koma til med eigne viser: Ei ny Sunnabuvise og to episke viser frå Tromsø-turen. Solveig spela tusse-fløyte, både solo og med "komp" av Jimmy.

På alle vis var det eit rik-haldig program, og både maten, kaffien og dansen var populære denne kvelden.

Styret la også fram ei sak til almenn drøfting: skal medlemer og ikkje-medlemer betala likt på lagsmøta eller ei?

Jimmy som la fram saka, meinte medlemene burde ha ein føremun her, og sleppa billegare. Ellers kan vi risikera at med-lemstalet går mot null. Og då har vi ingen å velja til formann!!

Hans'n og Lars Olav tala imot: Skal vi skræma bort dei som berre stikk innom for å sjå om det er triveleg her? Kan vi venta at dei vil melda seg inn om hausten til dømes, når dei må betala på nytt til våren? Skal vi ikkje ha sameksistens med dei andre laga på tvers av medlemsskap?

Berre Jimmy røysta for to-prissystemet.

Deretter kasserte Geir Henning inn kr 10,- for medlemer og kr 15,- for ikkje-medlemmer - for siste gong?

SKYTING OM SUNNABUKRUSET

Laurdag 7. oktober møtest me kl 1200 på Fana skyttarlag sin bane på Stend.
Dei ikkje-aktive, som ikkje ønskjer å skyta om Sunnabu-kruset, skyt same dag eit program på 100 m. Dei skyt i ein klasse (damer + herrar) og kan bruka salonggevær.

Våpen og ammunisjon får de låna på banen. Ver med på skytinga - treff gode vener!

LEIKARRINGEN

Vi starta opp 14. september med 7-8 par. Det er plass til mange fleire.

I haust har vi mellom anna "Liti Kjersti" og "Stolt Signhild" (stordans) på programmet. Ingebrigt venta at alle hadde lært 19 vers av denne germanske riddarvisa til neste gong:

Stolt Signhild lader brygge og blande vin
så favr da falder den Riin,
hun byder sin broder hjem til seg
Udi brynjer alle.

(kvar er moralen?) + 18 vers som vi ikkje tek med trass i at det er god plass i Sunnanvind.

Programmet vidare vert sett opp no torsdag (28.). Vi må freista finna noko som er presentabelt på jubiléet. Har du framlegg til dansar, eller har du lyst å vera med i ringen, så kom på øvingane kvar torsdag det ikkje er lagsmøte.

Komitéar til komande lagsmøter:

05.10. Asbjørn Tjugen
Eva Bergstø
Annemor Skaar
Willy Mjånes

19.10. Magnhild Arholm
Kjell Matre
Thor Økland
Dagny Økland

Avdeling for Sunnhordlendingen i Stavanger ?

Vi har fått kort frå Oljebyen med bilete av Jernaldergården, Ullandhaug pr. Stavanger, d. 08.09.78.

"Vi har slått oss til ro i Stavanger. Har Sunnhordlendingen avd. her?

Helsing

Unni & Knut Are Dyrdal"

Vi (bladstyret og hovudstyret) har adressa for ønskje om å kontakta dei "nye" sunnhordane i Oljebyen.

OPPMODING

Avisa vert tynnare og tynnare. Send stoff.

Det må vera oss i hende innan tysdag 10. oktober.

Send det til :

Lars Olav Tveita
Ravnestølen 178
5072 BJØRNDALSTRÆ

KYRKJENEMNDI I BERGEN

Program for nynorske gudstenester hausten 1978/våren 1979:

8/10 Hausttakkefest i Domkyrkja kl. 1800

12/11 Høgmesse i St. Jørgen kl. 1100 - kyrkjekaffi

17/12 Jolemesse i St. Jørgen kl. 1700 - kyrkjekaffi

28/1 Høgmesse i St. Jørgen kl. 1100

4/3 Kveldsmesse i St. Jørgen kl. 1800

8/4 Høgmesse i St. Jørgen kl. 1100

17/5 Festgudstenesta i Domkyrk kl. 0900

Kyrjenemndi vonar på god støtte frå medlemmene i bygdelaga i Bergen.

D A N S E M U S I K K :

Vi har planlagt ein lagskveld i haust med diskotek.

I det høvet ynskjer me å få låna plater med god dansemusikk t.d. gammal-pop, rock'n roll, evergreens, for å spela dette inn på band.

Utlånarar kan ta kontakt med Jimmi eller ein annan i styret.

M.V.

PÅ HAUSTFESTEN 21. OKTOBER VERT DET TORADER-ORKESTER!!!

Nr.
10
OKT.

SUNNAVIND

1978
59.
årg.

LAGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN I BERGEN
ADR.: FENSAL, KG. OSCARSGT. 15., 5000 BERGEN

LAGSKVELD 19/10

Kl. 19: Førespel, kort, sjakk, yatzy, oppladning.

Kl. 20: Møte der Olav Straume Torpe frå HU og Asbjørn Svardal frå Sunnfjordl. innleier til debatt om:

? UTAFOR UTAFOR INNA-FOR NU UTAFOR UTAFOR ?

Løner dit seg å vera medlem i Noregs Ungdomslag? Bør vi? Må vi? Skal vi?

INNLEIING - MAT/KAFFI - DISKUSJON - DANS

P.g.a. at diskusjonen kan ta si tid, byrjar vi presis kl. 20 00.

STYRET OPPMODAR ALLE OM Å MØTA OPP OG EVT. SEI SI MEINING

DANSEMUSIKK: Olav Helland/Steffen Fide

O-LØP/FOTBALL IDIOTI

Eg viser til redaktørens innlegg (leder) i nr. 8. Sitat: "- som prioriterte eigen trim og naturoppleving framfor fotballidioti på stadion."

Det er tydelig at redaktøren ikkje har noko til overs for fotball. Dette er det berre å registrera og akseptera.

Imidlertid tykkjest det for meg at redaktøren har vanskelig for å akseptera at det i det heile finnst nokon ("idiotar") som kan finna på å gå på stadion for å sjå fotball.

Kanskje redaktøren har ein spesiell grunn for å ta slike standpunkt - kven veit? - lat oss høyra!

Tenk berre på om vi alle skulle gå rundt og kalla folk for idiotar, dersom dei ville vera åskodarar til ting vi sjølve ikkje lika! Eg tvilar ikkje på at redaktøren og dei tre andre entusiastane hadde ei fin tid "i kontakt med naturen" den kvelden. Men frå det til å kalla dei som gjekk på stadion den kvelden for fotballidiotar. Det verkar for meg som om redaktøren riv i oppspranget - samtidig som han trakkar godt i salaten ved møtet med moder jord. Er det andre som er enige/uenige med redaktøren? Lat oss høyra!

Ein partoutkortinnehaver.

O-LØP/FOTBALL IDIOTI

(Redaktørens svar på sleiv sparka frå ein partoutkortinnehavar)

Jasssså - redaktøren har ikkje noko til overs for fotball? Kven er det som no har masa om fotballtrening i annakvart nummer av Sunnanvind? Kven er det som har spela i alle kampar i bygdelagstevlinga utan at Sunnanvinds utsende sportsmedarbeidar har sagt eit vondt ord om innsatsen?

Idiot: Ein som ikkje deltek i (politisk) aktivitet (i det gamle Hellas).

Sports-idiot: Ein som ikkje deltek som anna enn åtskodar i sports-aktivitet, men som veit alt om sporten betre enn dei aktive.

Jau, det kan godt henda at eg trakka i ein blaut salat då eg trakka stadionpublikum på tærne.

SKYTING OM SUNNABUKRUSET

Laurdag avvikla vi lagsskytinga på banen til Fana Skyttarlag på Stend. 7 "aktive" + 2 "amatørar" + 3 aspirantar kom på plass etter kvart. Eit av dei store spenningsmomenta var om aspirantane var skotredde. Men det gjekk fint. Vetle-Knuten tok til å dansa straks han fekk øyreklokkene på. Så starta tevlinga med 10 skot på 300 m.

Resultata var jamne. Alle mellom 80 og 90 poeng.

Mellom rundane var det bleieskift på aspirantane. Etterpå var det 10 skot på 100 m. Oddvar avgjorde tevlinga alt i første lag. Stein Olav gav bort eit skot til Eli si skive, og dermed ute av tetstriden. Bortsett frå denne bommen hadde alle 94-96 poeng her.

"Amatørane" skaut 15 skot med salonggevær. Sportsmedarbeidaren var då reist heim sidan hans håpefulle ikkje ville vera med på å retta opp inntrykket.

Resultata vart slik:

Sunnabukruset

1.	Oddvar Drange	187 p.
2.	Jan Magne Helland	181 p.
3.	Eli Midttun	180 p.
4.	Samson Bakke	180 p.
5.	Olav Bjørgen	178 p.
6.	Lars Olav Tveita	174 p.
7.	Stein O. Ånneland	172 p.

Kl. salonggevær 100 m 15 skot

1.	Brit Bjørgen	139 p.
2.	Magne Ro	131 p.

Oddvar fekk dermed sin andre aksje i Sunnabukruset, men ein må ha 3 aksjar for å vinna kruset til odel og eige.

LOKALBLADET

Hald sambandet med heimbygda di. Hald lokalavisa.

SUNNABUVISA

1. Høgt opp på fjellet. longt inn i skogen tar vi ein tur i ny og ne.
For der é ein gjeng med eldre og yngre medlemar ifrå laget.
Der har vi plass té eta og sova, dansa og ha ei kosestund.
Og viss du treng ei stund i fred og ro,
så kan du ta ein tur på møteplassen.



Refr.
Og viss du har ei ledig stund, så ská du jammen ta ein dag og to der opp på Sunnabu. (2 g.)

2. Om vinteren er det snø og sol og ski og vi tar ein tur té Kvittingen.
Og sol og ski det er no berre av og til, men snøen vare heilt té Påske.
Inne så har vi middagsmat og spel og gamaldans med mykje tøys og prat.
Og utpå kvelden har vi visekveld, fortelé vitsar med noko attåt.

3. Ja dá ská eg sei at vi har dá skøy når vi tar ein tur té Sunnabu.
Vi samlast der ein gjenge té karneval og haust- og nyttårspinsepåskefesten.
Og der får du læra bord skikk og læra matskikk og få oppdragelse.
Ja dá ská eg sei at da kan kobma vel med når du ská læra åpna flaske.

4. Så viss du har lyst å bli kjent der oppe so ská du bare sei ifrå.
Og vi ská sørgja for å ta deg med ein tur så vi kan ha dá løye sammen.
O-og viss du skulle trivast så får vi håpa vi ser deg av og té.
For ein ting dá é no sikkert så lås på Sunnabu é du velkommen.

Jimmy Næs

REFERAT 1

Den store haustfesten på Sunnabu, det var vel moro det kan du tru.
Fem gutar og jenter to
då vart det straks ein gjekk på do.
Reker, Mosel og persillevin god
var maten og drikka vi hadde på bord.

Vi var ikkje skvetten, til fjells vi la.
Kart og kompass var gode å ha.
Vi leita og peila og ..."her er ein sti"
Men stien var veg med hjulspor i.
Traktorveg like til Kvanndalen,
eg meiner folk er blitt spennande galen.

Neste gong turen til Sunnabu går
Vi vonar vi fleire med oss får
For dansen -ar mager, om maten var feit
Og ingen fekk tura seg retteleg heit.
Snart ligg han der, snøen så kvit
då lengtar du opp frå byen og hit.

L.O.

REFERAT 2

Skal vi måtta ta med oss "Røter" på video-band og syna på nach-spiel etter lagsmøta. Sit alle sunnhordlendingar og glor på TV om Torsdagskvelden. Som alle skjønar av dette, kunne det godt vore fleire på møtet no torsdag. (Redaktøren burde vel kanskje kalla det TV-idioti).

På programmet stod det tevlingar og vi vann, i alle fall i geografi.

LEIKARRINGEN
ØVER ATT
ANNANKVAR
TORSDAG :
26.10 9.11 23.11
O.S.B.
MØT FRAM

Komitéar til komande lagsmøter:

19.10. Magnhild Arholm
Kjell Matre
Thor Økland
Dagny Økland

02.11. Lars Sigurd Valvatne
Kristi Skår
Arvid Holm
Anne Lise Nonås

JUBILEUMSFEIRINGA 22. og 24. MARS 1979

60-årsjubileumskomitéen er komen i sving, og har hatt to møter.

Som eit ledd i finansieringa av festen, vil vi setja igang med loddsal. Og vi treng rimelege idéar til gevinstar. Vi oppmodar dei med idéar til å vera gilde å utrykkja desse til komitéen.

Vi vil også syta for at det vert k a k e l o t t e r i p å k v a r t l a g s m ø t e f r a m o v e r. No har de høve til å visa bakekunstane dykkar. Interesserte bakarar ta kontakt med styret, som vil ordna køen.

Jubileumskomitéen:

Willy Mjånes
Kjell Matre
Jimmy Næs
Carsten Helgesen
Margot Våge
Olav Fjæra (sogegranskar)

Nr. 11
1. NOV.

SUNNAVIND

1978
59. årg.

LAGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN I BERGEN
ADR.: FENSAL, KG. OSCARSGT. 15, 5000 BERGEN

SJÅ INNOM

LAGSKVELD
I
FENSAL
TORSDAG 2.10+1
KL. 19: AKTIVIT.
KL. 20: MØTE

PROGRAM

DANS
MAT OG KAFFI

GAMALDANSKURSET HAR AVSLUTNING SAMAN MED LEIKARRINGEN SI ØVING TORSDAG 9. NOVEMBER KOM IGJEN. HEI KOR DET GÅR...

TA MED VENER OG KJENNINGAR TIL UFORMELLE KOSEKVELDAR I FENSAL.

AGGRESJON?
AVREAGER MED Å SKRIVA I SUNNÅVIND

HAUSTFESTEN

Vi vil starta med å takka komiteen for ein hugnadssam og vel gjennomført fest. "Da va steikjande morosamt", var Per'n sin kommentar, han har ikkje vore med på slike tilskipingar før i Sunnhordlendingen. "Kanskje litt for lite dans", seier sume. "Kanskje litt for lite tango og swing", seier A og G. "Kvar sin smak", seier vi. Torader trioen frå Haugsvik og vår eigen Olav Spelemann sytte for at veggpryden var minimal og danseprosenten maksimal. Og god plass til å dansa var det óg.

Husmødrene frå Fyllingsdalen hadde to økter, ei med Prøysenviser o.l. og etter maten slo dei til med Bergensviser. Særleg i siste runde fekk dei stemningen opp. Her var dei på heimebane.

Festtalen var ved Gunnar Aksnes. Han fanga oss inn med sine stemningsdikt frå alle årstidene inne i Hardanger. Vi såg det for oss slik vi sjølv stundom opplever det: Skiturar over glimande snøflater, røyk frå eit trassig kaffibål ein sur haustdag, fullmånen som hastar i veg mellom kalde skyer i nordvestkuling. Menneskelege kjensler og eigenskapar planta han så inn i desse stemningane.

Spellaget framførde to av klassikarane våre, og Jimmy song viser og Magnhild leia festen.

Hans'n lodda ut keramikk, bøker og blomar, og prøvde seg som magikar med den flygande blomepotta. Dersom nokon er gløymd, kan dei skriva om seg sjølv her:

Vi gler oss alt til neste gong.

INNAFOR/UTAFOR NU?

Det skulle vi få svar på sist lagsmøte. Olav Straume Torpe frå Hordaland Ungdomslag innleidde med oversyn over alle tilboda NU har. Asbjørn Svardal frå Sunnfjordlaget skulle visst vera opposisjon, men han var tydelegvis varm NU tilhengjar. På den andre sida påviste han at Sunnfjordlaget hadde føremuner av å stå utanfor - ikkje minst av økonomiske årsaker. Men leikarringen deira (saman med Sognalaget og Nordfjordlaget) er medlem i NU, slik at dei som var med der hadde same vilkår som

våre medlemer. Alle dei sinte NU-motstandarane frå årsmøta våre, heldt seg borte frå møtet eller dei vart så snilde av dei vakre orda at dei miste både munn og mæle.

Sigmund mælte likevel imot: "Eg tykkjer dei putlar med så mykje rart inne i Oslo."

Her sikta han visseleg til ymse politiske utspel som NU-organ har kome med, resolusjonar og underskrifter og slik styggedom.

Olafur frå Fjæra tala dei små laga si sak, Dei treng NU, sjølv om vi resurssterke bygdelag kan greia oss utan. Vi må samarbeida med dei små. NU er ei sams plattform for samarbeid.

NU må desentraliserast. Mindre pengar til hovudkontoret i Oslo. Meir til fylkeslaga. NU-avisa Norsk Ungdom er alle svært glade over å få i postkassen. Så noko meir må jo gå til NU, men ein stor administrasjon... har vi bruk for den?

Nei, nokon utmeldingssteming var det langt ifrå på dette møtet. Så ver gild å spar oss for denne saka på årsmøtet.

JUBILEUMSFEIRINGA VÅREN 1979

Vi har idear til gevinstar som medlemer kan koma med:

Skisokkane som K. nett har strikka.

Gensaren som L. kjøpte, og som ikkje er brukt for han passte ikkje.

Den nybroderte duken som ikkje er brukt.

Stereokasettane med Mr. X (Du tåler ikkje trynet på den fyren meir).

Stereohøgtalarane som berre er på 20W.

Vi har ei oppmoding til alle med idear:

Programnemnda treng idear og manuskript til revy: viser, sketsjar, tryllekunster. Send det du har til Sunnhordlendingen, Kg. Oscarsgt. 15.

ØKONOMIEN

...er skral. Kassa er botnskrapt. Har du idear til betring av økonomien? Kjenner du verksemder som har bruk for jobbing (der vi kan kommandera ut ein stor styrke til eit oppdrag)?

./.

Styret har kome med denne ideen som no skal realiserast:

JULEBLOT PÅ HYTTA 2. DESEMBER
(Overskot går til lagskassa)

Påmelding på lister som går rundt på lagsmøta. Avgrensa deltakartal. Sunnfjordlaget vert kanskje invitert (50-50?)

Pris for festen ca. kr 30,-
(avhengig av serveringa).

EIN ANNAN IDE!

Hytta er lite i bruk no i haust. Enn om vi leigde ut ei helg til eit slutta lag. Til dømes: Du tek kollegaene dine med oppover ei helg. 15 stk. á kr 20,- vert kr 300,- til hytta eller lagsdrifta.

Slike utradisjonelle måtar å tena pengar på kan vera turvande no.

FAMILIEHELG PÅ HYTTA

18. - 19. november. Mødre og fedre, slå dykk laus før julestrida. Ei helg på Sunnabu er sælebot for kropp og sjel.

KOMITE TIL KOMANDE LAGSMØTE 2.11.78.

John Arne Slåke
Kristi Skår Holm
Arvid Holm
Anne Lise Nonås

LEIKARRINGEN
Frammøtet i leikarringen har hittil i haust vore svært variabelt men planane for hausten og våren er store. Vi er no i ferd med å avvikla eit nybyrjarkurs med Berit Skeie som instruktør. Med 26 deltakarar vil kurset gå med underskot, så anten er markedet for kurs metta eller folk sit lenka til fjernsynsskjermen og "Røtter" kvar torsdag. Vi vil likevel nytta kurset til å prøva å verva medlemer. Difor vil vi gi kursdeltakarane tilbod om ein ekstra kurskveld saman med leikarringen torsdag 9. november. Vi har i det høvet leigt Storsalen i Fensal og vil oppmoda så mange som mogeleg av medlemene til å stilla opp.

Aktiviteten i leikarringen vil ellers stå i 60-årsgildets teikn. Vi vil prøva å laga eit program til framsyning på Gildet. Til dette programmet har vi saman med Ingebrigt forsøkt å finna song- og musikkdansar frå Sunnhordland. Hittil har vi funne følgjande dansar:

Anne Knutsdotter
Sjuspring
Tretur frå Stolmen
Tretur frå Strandvik

Andre forslag vert mottekne med takk.
Vi har også forsøkt å lage til eit helgekurs i Sunnhordlandsspringar. P.g.a. problem med å få instruktør let ikkje dette seg gjera før etter nyttår.
Under NU-mottoet "Trim deg glad med folkedans" oppmodar vi folk til å møte på torsdagskveldane.

NR. 12
NOV.

SUNNANVIND

1978
59. årg.

LAGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN I BERGEN

ADR.: FENSAL, KG. OSCARSGT. 15, 5000 BERGEN



JUBILEUMSNYTT

Det skal skrivast lagssoge for Sunnhordlendingen med hovudvekt på dei siste 10 åra. I samband med det sit eg og blar i dei siste årgangane av Sunnanvind.

Det er store mengder stoff som er kome på trykk. Det er stoff både til å le og til å gråta av. Kanskje vi burde gitt ut ei eiga bok berre med Sunnanvind?

Dei siste åra er bladet vorte vakrare av utsjånad, med rettlina spalter og fast "heading". Men noko av "spiriten" forsvant med spriten (type raud duplikator). Før i tida kom det mykje morosamt uventa fram medan vi sat i halvsvime i spritdunsten og klapra på maskin.

Noko anna som manglar no er illuastrasjonar, både sjølvlaga og utklypp.

Vi etterlyser difor: Medarbeidarar med eller utan spritdunst, som på "freelance"-basis kan kvikka opp bladet (redaksjonen).

Send bidraga til:

Lars Olav Tveita
Ravnestølen 178
5072 BJØRNDALSTRÆ

eller til Sunnhordlendingen direkte (hugs legg ikkje pengar i open konvolutt, flasker må emballerast forsvarleg).

L O T T E R I

Gevinstar ved jubileumsutlodninga:

1. Målarstykke i ramme ca. 80x60 cm (v. ca. 1 200 kr)
2. Åkle (ca. 1 200 kr)
3. Rosemåla bolle (verdi ca. 400 kr)
4. Salongbord (verdi ca. 400 kr)

Dessutan ei rad mindre gevinstar som plater, bøker, sofaputer, dukar m.m.

Samla verdi ca. 5 500 kroner.

Vil du selja lodd, så kontakt styret eller jubileumsnemnda.

Vil du kjøpa lodd, så skal du få lov til det - ver sikker.

STORKURS PÅ VOSS

Kvart år skipar Hordaland Ungdomslag til kurs i alle former for lagsarbeid. I haust var kurset lagt til Voss UH. Her stilte eg opp med bunad, kassettspelar, rettleiingsbøker og gode sko for eit par veker sidan.

Etter ein noko mager freistnad på å få til barne-aktivitetar i Sunnhordlendingen, hadde eg bestemt meg for å ta eit barnelagsleiarkurs. Og eg vart ikkje alleine.

Omlag 150 ungdomar (i alle aldrar) kursa seg gjennom denne helga på Voss. Mellom andre var det to til frå Sunnhordlendingen. På barnelagskurset var vi 38 stk. Det er tydeleg eit svært oppsving i interessa for barnelagsarbeid.

Vi arbeidde sjølvsagt mest med dansar som høver til barneleikarring. Og her var det mykje nytt å læra. Kva seier du til å dansa

Sju jenter går i ringen
Hopp, venen min
En liten tid
Her kommer jeg med brødrene mine
Jomfru, jomfru
Kom venen min
Spinne, spinne snellegarn

Stekte hara og gjødde svin osb. ...

Barneleikarring er altså ikkje berre Per Spelemann og Eg ser på deg.

Kurset varde frå tidleg morgon til seint på kveld. Men om laurdagen var det stor fest, der kvart kurs hadde programinnslag, og der dansen gjekk til langt på morgonkvisten.

Eit friskt innslag frå "Den tredje verda"; Skjalg, som vandra berrføtt rundt i sari (klesplagg fra Sri Lanka) og selde Afrikaffi (frå Tanzania) og the og ekte klesplagg (batikk) (utan profitt) frå Sri Lanka.

Den same allsidige Skjalg hadde også to økter med internasjonal folkedans med oss.

Har du lyst å læra ungdomslagsleiarkunnskap, så meld deg på til storkurs. Til våren er kurset på Halsnøy folkehøgskule. (NB! Du må rekna med å betala noko for det.)



KOMITE TIL LAGSMØTET 16.11.78

Brit Bjørgen
Sigmund Myklevoll
Audun Otteren
Ottar Hunnes



TYSDAG 14.11. (i dag?)

skal leikarringen til Sunnhordlendingen ha program på Vestlandske Vanføreheim, Haukelandsv. 32, kl. 1900

Alle sunnhordlendingar (leikarar og andre) som kan koma, er velkomne.

Sosialgruppa v/ Olav Fjæra



Sunnabustemning:

Han skjenkte i av den klåraste vin.

- Takk, sa ho.

- Takktikk, sa han.



MEN



(SISTE VERS I PER SJUSPRING)



NR. 12 NOV.

SUNNAMYNDI

1978 59. årg.

LAGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN I BERGEN

ADR.: FENSAL, KG. OSCARSGT. 15, 5000 BERGEN



PÅ MØTE NO IGJEN ??

SJÅ INNOM

TORSDAG 16.11 KL. 20 PRESIS I FENSAL

MAT OG KAFFI – DANS

LEIKARRINGEN HAR PROGRAM.

ER DU "ROOT"-LAUS?

TJUE ÅR ETTER

MITT FØRSTE MØTE



TI ÅR ETTER →

EG TRUR EG TEK MEG EIN TUR I SUNNHORDLENDINGEN



JUBILEUMSNYTT

Det skal skrivast lagssoge for Sunnhordlendingen med hovudvekt på dei siste 10 åra. I samband med det sit eg og blar i dei siste årgangane av Sunnanvind.

Det er store mengder stoff som er kome på trykk. Det er stoff både til å le og til å gråta av. Kanskje vi burde gitt ut ei eiga bok berre med Sunnanvind?

Dei siste åra er bladet vorte vakrare av utsjånad, med rettlina spalter og fast "heading". Men noko av "spiriten" forsvant med spriten (type raud duplikator). Før i tida kom det mykje morosamt uventa fram medan vi sat i halvsvime i spritdunsten og klapra på maskin.

Noko anna som manglar no er illuastrasjonar, både sjølvlaga og utklypp.

Vi etterlyser difor: Medarbeidarar med eller utan spritdunst, som på "freelance"-basis kan kvikka opp bladet (redaksjonen).

Send bidraga til:

Lars Olav Tveita
Ravnestølen 178
5072 BJØRNDALSTRÆ

eller til Sunnhordlendingen direkte (hugs legg ikkje pengar i open konvolutt, flasker må emballerast forsvarleg).

L O T T E R I

Gevinstar ved jubileumsutlodninga:

1. Målarstykke i ramme ca. 80x60 cm (v. ca. 1 200 kr)
2. Åkle (ca. 1 200 kr)
3. Rosemåla bolle (verdi ca. 400 kr)
4. Salongbord (verdi ca. 400 kr)

Dessutan ei rad mindre gevinstar som plater, bøker, sofaputer, dukar m.m.

Samla verdi ca. 5 500 kroner.

Vil du selja lodd, så kontakt styret eller jubileumsnemnda.

Vil du kjøpa lodd, så skal du få lov til det - ver sikker.

STORKURS PÅ VOSS

Kvart år skipar Hordaland Ungdomslag til kurs i alle former for lagsarbeid. I haust var kurset lagt til Voss UH. Her stilte eg opp med bunad, kassettspelar, rettleiingsbøker og gode sko for eit par veker sidan.

Etter ein noko mager freistnad på å få til barne-aktivitetar i Sunnhordlendingen, hadde eg bestemt meg for å ta eit barnelagsleiarkurs. Og eg vart ikkje alleine.

Omlag 150 ungdomar (i alle aldrar) kursa seg gjennom denne helga på Voss. Mellom andre var det to til frå Sunnhordlendingen. På barnelagskurset var vi 38 stk. Det er tydeleg eit svært oppsving i interessa for barnelagsarbeid.

Vi arbeidde sjølvsagt mest med dansar som høver til barneleikarring. Og her var det mykje nytt å læra. Kva seier du til å dansa

Sju jenter går i ringen
Hopp, venen min
En liten tid
Her kommer jeg med brødrene mine
Jomfru, jomfru
Kom venen min
Spinne, spinne snellegarn
Stekte hara og gjødde svin
osb. ...

Barneleikarring er altså ikkje berre Per Spelemann og Eg ser på deg.

Kurset varde frå tidleg morgon til seint på kveld. Men om laurdagen var det stor fest, der kvart kurs hadde programinnslag, og der dansen gjekk til langt på morgonkvisten.

Eit friskt innslag frå "Den tredje verda"; Skjalg, som vandra berrføtt rundt i sari (klesplagg fra Sri Lanka) og selde Afrikaffi (frå Tanzania) og the og ekte klesplagg (batikk) (utan profitt) frå Sri Lanka.

Den same allsidige Skjalg hadde også to økter med internasjonal folkedans med oss.

Har du lyst å læra ungdomslagsleiarkunnskap, så meld deg på til storkurs. Til våren er kurset på Halsnøy folkehøgskule. (NB! Du må rekna med å betala noko for det.)



KOMITE TIL LAGSMØTET 16.11.78

Brit Bjørgen
Sigmund Myklevoll
Audun Otteren
Ottar Hunnes



TYSDAG 14.11. (i dag?)

skal leikarringen til Sunnhordlendingen ha program på Vestlandske Vanføreheim, Haukelandsv. 32, kl. 1900.

Alle sunnhordlendingar (leikarar og andre) som kan koma, er velkomne.

Sosialgruppa v/ Olav Fjæra



Sunnabustemning:

Han skjenkte i av den klåraste vin.

- Takk, sa ho.

- Takktikk, sa han.



MEN



(SISTE VERS I PER SJUSPRING)



R.
3
30.
NOV.

SUNNMYND

1978
59.
årg.

LAGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN I BERGEN

ADR.: FENSAL, KG. OSCARSGT. 15, 5000 BERGEN

MØTE i FENSAL 4. etg.

TORSDAG
30.11. KL 20

LARS JONAS & JIMMY:
RETUR FRÅ NU-STEMNA TROMSØ-78.
MUSIKALSK LYSBILETFØLGJETONG I TO DELAR. VISER OG VI SER.

DISKOTEK MED GAMAL OG NY MUSIK

MAT OG KAFFI –

BAKEOVN

FENSAL

LEGG BORT PROBLEMA, KOM I SUNNHORDLENDINGEN



JULEFØREPUING

Til det store julenummeret av Sunnanvind treng vi stoff. Skal vi tevla med "Vangsgutane" og "Smørbukk", så må vi vera morosame og folkelege. Skal vi tevla med "Jul i heimen" og "Samemisjonens Jul", må vi vera til "oppbyggelse og sjelens vederkvegelse". Her er oppgåver som høver for både legmann og prest. Set deg ned straks. Alle innlegg vert honorert med julegåve.

Kortinnlegg kan sendast på julekort. Det må vera oss i hende innan tysdag 5. desember.

JULEKORTTEVLING

Kven er mest populær i Sunnhordlendingen? den som får flest julekort, vel!

Byrja å senda ut no, så får du mange kort tilbake. Den som på første møte i januar kan dokumentera flest julekort frå lagsmedlemer, har vunne. Premie!!!



KRITIKK

Eg er utselde for lodd. Kan jubileumsnemnda syta for ny forsyning? Kan loddbøkene stemplast? Kan vi få vita trekningsdato?

L

JUBILEUMSNYTT

Festskriftnemnda (Olafur og Sigmund) har sett folk i sving. Nett no er det ein økonomi-aksjon i gang.

Mange Vyrde Personar (VYP) i Sunnhordland får no personleg brev frå kjendisar i Sunnhordlendingen med tilbod om Festskriftet og om å få helsing med i det. "Tabula Gratulis" heiter det visst.

Det same gjeld verksemder i Sunnhordland. Code "gamle" medlemer i Sunnhordlendingen skal og få eit personleg brev. Høyrer du om nokon som ikkje har fått det, så er det ikkje avdi dei er lite gode. Heller er årsaka at adressa er gamal. Sei ifrå til oss om slike.

Når du reiser heim, kan du godt ta med ein tingings-setel til slekt og vener. Tal med Ola-guten om det.

Har du bilete frå leikarring, spellag, hytte (sæmeleg), skyttarlag, turar eller lagsmøte? Vis dei til Ola-guten.

JULEBLOTET PÅ SUNNABU 2. DESEMBER

Enno ein del ledige plassar. Skunda deg å melda deg på. Kom på lagsmøtet. Festen er berga, takka vere LO. (PS. Dette kan lett mistydast for dei som ikkje føigjer med L.O.)

LEIKARRINGEN

...hadde avslutning av kurs og øving samstundes for nokre veker sidan. Ingen la skjul på at dette skulle vera den store medlemsfiskekvelden.

Mellom anna møtte det ein representant frå Havforskinga. Han uttalte seg om medlemskvotar. Vi veit ikkje korleis fisket gjekk, men bestanden var begrensa. Vi trur leikarringen får framgang no. Så kom du og.

REFERAT

Som vanleg kom vår utsende kveldsarbeidar for seint på møtet sist torsdag. Han fekk likevel med seg to viser av Ole Ekornes og Randi Skeie, 12/2 rundstykke (niste til dagen derpå) og 2 koppar lunka kaffi, 5 lodd i kakelotteriet, 10 dansar, 1 blautkake + jenta som vann kaka. Dei to sistnemnde miste han på vegen heim. Neste gong skal han ta betre vare på kaka.

"TA DA SO DA KJEME"

Da må storabuen gjera no.
Å no har di laga revy om da.
Elisabetho instrverer å halve storen e visst me på da.
Eg lura meg på koss da går.
Gratulera me Kulturhuse forresten. Kanskje da verte kultur på storen og no.

Fitjarbu.

DUGNAD

Denne meldinga kjem for seint. Men det syner at det skjer ting i laget. På laurdag 25.11 er det dugnad på Haukeland Sykehus. Vi skal vera med å rydda (ikkje blant pasientane). For 10 mann i 5 timar får laget ein firesifra sum til ei slunken lagskasse.

Neste gong møter du og. Takk til dei som er med denne laurdagen!!

NYTT FRÅ HEIMBYGDENE

ENDELEG vart det ungdomsklubb i Fitjar!

Skulemuseum på Markhus

Etne skulestyre seier i eit vedtak at det helst ser at det gamle skulehuset på Markhus vert verna og teke i bruk som skulemuseum, anten der det står eller at det vert flytta til Sæbøtunet i Etne.

Huset er bygt i 1891 og var i bruk til Markhus skulekrins vart nedlagd i 1966. Huset er framleis i god stand.



«Ta da so da kjeme!»

Tilsk.: STORD TEATERLAG • Regi: Elisabeth Grannestad

STORD 78 STORD 78 STORD 78

HALD LOKALBLADET

Kulturpris 1978

Kulturstyret bed om framlegg

** Stord Kulturstyre vil også i 1978 dela ut ein «bygdapris» eller kulturpris til kulturarbeidarar, kunstnarar eller lag med tilknyting til Stord kommune. I retningslinene for prisen heiter det m.a. at prisen vert gjeven for aktivt, frivilljug kulturarbeid over lengre tid, eller for særleg fortenestefulle einskildtiltak.

I 1978 vil denne prisen bli delt ut for tredje gong. Kristen Sørheim fekk han i 1976. I 1977 gjekk prisen til Reinert Agdestein, Ola Høyland og Odd Resser sen.

Komité til lagsmøtet 30.11.78:

Gunngjørg Skålevik
Magne Ro
Lars Sigurd Valvatne
Aravid Underlid



"DET LYKKELIGE VALG":

av Nils Kjær,

"kanskje den morsomste og mest populære komedie i norsk dramatikk" ... " er nærmest blitt en del av norsk "folkemytologi""

Sunnhordlendingen har fått gruppekveld:

onsdag, 13. des. kl. 2000

10-25 deltakarar - 20% rabatt

Påmelding innen tysdag 5. des. til Margot (29 48 05).

V A L N E M N D I

er utteken og skal godkjennast på møtet 30.11.78:

Asbjørn Tjugen
Frode Heie
Bente Wangen
Bente Mikalsen
Gunnbjørg Skålevik



"VALGETS KVALER"

Bli med i Kven Veit-?-tevlinga 1979

NU skipar til også i år. Ca. 2 3 00 var med i fjor.

Tevlinga går over 3 rundar, 19. jan., 16. febr. og 23. mars 1979. Det er lagt opp som studiearbeid med grupper på 5 - 7 pers. (berre 3 av desse tek del i tevlingsrundane).

Deltakarane møtest til minst 3 gruppesamver og minst 9 studietimar. Timane som ein brukar på sjølve tevlinga kjem i tillegg til dei 9 timane. NU sender ut materiell som blir diskutert og studert på samvera.

Spørsmåla vert i år frå følgjande hovudemne:

1. Massemedia - radio og fjernsyn, der ein m.a. tek for seg den kulturpolitiske delen.
2. Aktuelle hendingar.

Materiellet frå NU er gratis.

Dette er ein fin måte å aktivisera oss på, og å koma saman og diskutera på.

Påmeldingsfrist 1. des. 1978.

Ein betalar innmelding, kr 50,-, for kvart tevlingslag.

Interesserte lagslemer kontakt formannen for opplysningar og eventuelle påmeldingsskjema.

PÅ JULEMØTET 14.12.78 GJESTAR FANA UNGDOMSLAG OSS MED PROGRAM.

NR. 14
14. DES.

SUNNANVIND

1978
59. årg.

LAGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN I BERGEN

ADR.: FENSAL, KG. OSCARSGT. 15, 5000 BERGEN

FANA UNGDOMSLAG SYNER KVA DEI KAN

MUSIKK

SANG

TORSDAG 14. DES. KL. 20:-

JULEGRAUT * 1978 *

MED DANS OG SOLOSANG AV JOHN NORDAR

RUNDT--I FENSAL 4074

VENER OG KJENDE

BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

JULEBLOTET

Dei som fraus og levde vill-marksliv fyrste kvelden, var Magne og Lars Sigurd. Me andre kom opp dagen etter til oppvarma stua og ikkje å for-gløyma eit gnistrande skiføre. Litt for lite tid og snø til å nå Kvitingen, men Saato gjorde dei fleste nøgde. Lasse debuterte i Komediabak-ken, med det resultat at halve festlyden braut saman i latter-krampe.

Me kom oss då heim til middag med påfølgjande middagslur. NB! Dette var ikkje siste måltidet, ut på kvelden fekk me servert ein velsmakande gryterett, med noko likeså velsmakande frå Kalfaret att-åt.

Dansa gjorde me óg, nokon sto og dansa, nokon sat og dansa (Halling), andre låg og dansa (Ein ny dans vart lansert. Ein mellomting mellom dans og tilbeding av guden "Rassi". Høyrt om han før? Spør Magne).

Jimmy fekk ein tanke om at no var det på tide med litt fot-soneterapi. Og terapi vart det. Lasse lanserte den nye skrå terapien, som ifølgje kilder skal ha ein god verknad på gallestein og leverplager. NB! Det er viktig å merka seg at skråterapi kun må praktiserast under leiing av kyndige skråterapeutar. Den kan nemleg lett resultera i beinbrot og heileskaking ved feil bruk.

Sundagen hadde gradestokken snike seg over 0, men dei som hadde viljen i orden, hadde likevel ein fin tur til Saato.

Korrekt utgangsstilling for utøving av skråterapi. Det vert krevd djup konsentrasjon av utøvaren:



S.KRÅL

TEKNISK 5 MINUTT

Den nye spalta for dei som gjerne brukar fingrane (Dei langfingra).

I dag skal vi starta kurs i TV-teknikk. Vi tek for oss dei vanlegaste feil på gamle glåmekasser (svart/kvit-TV). Medlemene våre har truleg ikje råd til fulltransistoriserte farge-TV.

Leksjon I
Symptom:
Lyd, men ikkje bilete.

Diagnose:
1. Du er blind.
2. Nokon har måla skjermen din svart.
3. Du sit og kikkar på radioen.

Råd:
Oppsøk Norges Blindeforbund.

Leksjon II
Symptom:
Bilete, men ikkje lyd.

Diagnose:
1. Styrkeknappen manglar.
2. Du har mist høyreapparatet ditt.
3. Du sit og ser på vaskemaskina.

Råd:
Sjå andre Mosebok.

(Framhald neste nr.)

REFERAT

Under mottoet "Sunnhordlendingen, laget i framgang og lykke", avvikla vi møte nr. 13 torsdag 30. november.

Lasse & Co reiste land og strand med ljosbilete og musikk. Mellom anna traska dei til toppen av Galdhøpiggen i andre kjende Sunnhordlendingar sine fotspor (gjett kven som var der før?) I høve fødselsdagen til Gunnbjørg vart det servert kake (god) saman med rundstykka.

Denne gongen skulle vi svinga oss til diskotek-musikk. Til trøyst for oss trauste vart det ikkje berre Travolta og Grease.

På neste møte kjem DU óg.
Vi sakna DEG.

I rein vanvare kom eg på siste lagsmøte til å svara ja då redaktøren gav fylgjande ordre: "No, Kari, no har du sagt så mange gonger at du skal skriva i "Sunnanvind", til neste gong gjer du det!"

Heldigvis fekk eg eit emne: "Juleknask". Dette skal gå greit tenkte eg, men eg får sei som elevane gjer: "Eg fant ingen ting å skriva om".

Den einaste oppskrifta på juleknask eg veit om, det er julegrauten med mandel, men for å driva PR - den må de gå på Sunnhordlendingen sitt julemøte for å smaka.

Kari

Sidan sist

No var vi med på heimreis frå Tromsø sumaren -78. Vi reiste i fargar, ord og tonar med "Lasse & Jimmy-m.m.".

Den keisamste ferda frå plass til plass går den stuttaste ruta. Så den metoden var ikkje aktuell. I standenfor vart vi tekne med alle omvegar langs dalar over høgfjell og fjord. Sjølvaste Galdhøpiggen var vi til topps på, det høste punktet i fastlandet Noreg 1978.

Takk for turen til Lars Johan Lysen og Jimmy Næs med fleire.

HH

Dette nummeret av bladet er det første av "Sunnanvind" som kjem ut etter "The Times" stogga.

Vanlegvis så kan ein pave vara meir enn eit år men 1978 har alt brukt 3 stk.

Så kjem 1979 og då vert Sunnhordlendingen 60 år - skal det feirast i Grieghallen eller Håkonshallen?

HH

FYRSTE LAGSMØTET I 1978 VERT 18. JANUAR.

ÅRSMØTET ER FASTSETT TIL 22. FEBRUAR. FORSLAG TIL SAKER MÅ VERA INNKOMNE TIL OSS INNAN 1. FEBRUAR.

Styret

